



SOGN OG FJORDANE FYLKESKOMMUNE
Kultur




HØGSKULEN I
SOGN OG FJORDANE

Frå Gygrekjeften til Gygrarøvi Ei nettreise i natur og kultur

Stadnamnprosjektet i Sogn og Fjordane

Av Per Arvid Ølmheim



Rapport 4 frå prosjektet "Nettbasert kultur- og kunnskapsformidling" i Sogn og Fjordane

Prosjektet er gjennomført som eit ABM-samarbeid mellom
Sogn og Fjordane fylkeskommune (Kulturavdelinga, Fylkesarkivet,
Fylkesbiblioteket), musea i Sogn og Fjordane og ABM-utvikling

© Sogn og Fjordane fylkeskommune

Leikanger, 2008

Askedalen 2
6863 Leikanger

Telefon: 57 65 64 00/57 65 61 00

Faks: 57 65 61 01

E-post: postmottak.sffarkiv@sfj.no

Heimeside: sognogfjordane.kulturnett.no

ISBN 978-82-92211-07-6

Om prosjektet

Prosjektet Nettbasert kultur- og kunnskapsformidling starta i mars 2005 og vart avslutta 31.12.2007. ABM-utvikling støtta arbeidet og var med i styringsgruppa. Frå 1.1.2008 vart arbeidet ført vidare under namnet ABM Sogn og Fjordane.

Hovudmåla med arbeidet

- Etablera Sogn og Fjordane som ein prøveregion for nettbasert kultur- og kunnskapsformidling i nært samarbeid med ABM-utvikling og Kulturnett Noreg.
- Utvikla ein samla strategi for *beste praksis* for regional og lokal nettbasert kultur- og kunnskapsformidling med særleg vekt på samarbeid i ABM-sektoren på den eine sida og kommunar, skulesektoren og næringslivet på den andre.
- Utvikla regionale tenester som har overføringsverdi til andre og som kan nyttast av andre regionar. Gjera desse tenestene tilgjengelege via Internett.
- Utvikla samarbeid med sentrale brukargrupper som skuleverket, reiselivet og anna næringsverksemd som transportsektoren og liknande.
- Gi andre tilgang til erfaringar og løysingar gjennom aktivt informasjonsarbeid og rapportar.

Rapportane

1. Nettbasert kultur- og kunnskapsformidling i Sogn og Fjordane.

Sogn og Fjordane som nasjonal prøveregion 2005–2007. *Gunnar Urtegaard (red.).*

2. Kulturnett Sogn og Fjordane – Tenestekatalog. *Gunnar Urtegaard (red.).*

3. Frå vikinggrav til verdsveven. Formidling av forhistorie og eldre historie frå Sogn og Fjordane. *Marit Anita Skrede.*

4. Frå Gygrekjeften til Gygrarøvi. Ei nettreise i natur og kultur. Stadnamnprosjektet i Sogn og Fjordane. *Per Arvid Ølmheim.*

5. Vegen til eit digitalt ABM-landskap. Grunnleggjande infrastruktur og innhald i eit fylke eller ein region. *Gunnar Urtegaard.*

Rapportane kan brukast fritt, men kjelde må gjevast opp ved bruk.

Forord

Denne rapporten er først og fremst eit resultat av det arbeidet eg i fleire år har gjort med fagleg tilrettelegging av namnetilfanget ved Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane, innsamla gjennom stadnamnaksjonen frå 1985 og utover. Første delen er eit kort oversyn over status for aksjonen med innspel om røynsler arbeidet har gjeve meg, siste delen er tankar om korleis det namnematerialet som no er tilgjengeleg på data, kan nyttast i praktisk kvardag, ikkje minst i grunnskulen, som eg naturleg nok har lagt hovudvekta på.

Arbeidet med rapporten er støtta med midlar frå Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane, dessutan med midlar frå Høgskulen i Sogn og Fjordane i tillegg til FoU-midlar tildelte gjennom høgskulen.

Stoffet om digitalisering i første delen er skrive i nært samarbeid med Fylkesarkivet, som har den faglege kompetansen på dette området. Fylkesarkivar Gunnar Urtegaard har vore ein nær samarbeidspartnar i heile arbeidet, og må få hovudæra for at det har hatt gode økonomiske kår fram til og med prenting. Han har òg lese gjennom manus og kome med nyttige innspel og merknader. På same måten har eg hatt eit godt samarbeid med konsulent Randi Melvær ved Fylkesarkivet. Ho kjenner dei fleste sidene ved stadnamnaksjonen og har detaljkunnskap om sentrale aktørar ute i felten. Også ho har lese gjennom manus og kome med verdfulle merknader, ho har skaffa dei fleste bileta som er nytta i rapporten, og ho har kontrollert og supplert litteraturlista.

Det er mange detaljar i eit slikt arbeid, og feil finst nok. Dei må eg ta på mi kappe.

Høgskulen i Sogn og Fjordane, januar 2008

Per Arvid Ølmheim

Prosjektet Nettbasert kultur- og kunnskapsformidling vart gjennomført i Sogn og Fjordane i 2005–2007. Stadnamnmaterialet vårt er ein svært viktig og omfattande del av nettilbodet. Det var viktig å få dette med i prosjektet på ein god og relevant måte, og me valde å gjera det med ei forskingsprega tilnærming.

Stadnamninnsamlinga i Sogn og Fjordane vart i hovudsak gjennomført i åra 1985 og 1986. Det var eit stort arbeid og eit stort prosjekt. I alle kommunane i fylket var det tilsett folk, og kring 4000 informantar tok del i arbeidet. Kring 250 000 stadnamn vart samla inn. I dag er det meste av dette dataregistrert, vitskapleg handsama og georeferert eller kartfesta på digitale kart. Etterarbeidet har òg halde fram i alle åra etter 1986, i over tjue år. Det har ikkje vore eigne midlar til dette, så tilnærminga har vore litt som Olav H. Hauge seier om snigelen:

*Han gjev svarten
I farten
Berre leidi er rett!*

Leia så langt har vore rett. Samstundes var det viktig å kunna stogga opp, sjå bakover, analysera, sjå nøye på vegen vidare og kanskje gjera ting annleis eller klårare. I ein travel kvardag finn ein ikkje så ofte desse stundene. Me tok difor kontakt med førstelektor Per Arvid Ølmheim ved Høgskulen i Sogn og Fjordane og la fram litt tankar om dette. Kanskje kunne me få til eit felles prosjekt? Det fekk me til, og her er resultatet. Dette er eit svært nyttig arbeid for Fylkesarkivet, for kulturvernarbeidet, for stadnamnarbeidet og for andre som skal i gang med noko liknande. Me er overtydde om at denne rapporten vil føra til fleire og nye måtar å nytta dette flotte materialet på. Me vil òg fylgja dette opp med ei ny utgreiing der me legg endå sterkare vekt på å tilpassa materialet til bruk i skulen.

Eg vil takka Per Arvid Ølmheim for eit svært godt arbeid. Han har òg gjennom tjue år analysert og registrert dei fleste av stadnamna frå Sogn og Fjordane som i dag ligg på nettet. Eg vil òg takka han for det. Ei stor takk vil eg òg retta til konsulent Randi Melvær ved Fylkesarkivet, som på ein sikker måte har teke hand om stadnamnarbeidet og ført det sakte, men sikkert framover.

Gunnar Urtegaard
Prosjektleder

Innhold

Del 1 – Stadnamnaksjonen 6

- 1 **Lokalt stadnamn eller lokalnumn – kort drøfting 6**
- 2 **Innsamlingsaksjonen og det vidare arbeidet 8**
 - Kvifor samla inn lokale stadnamn? 8
 - Kort om innsamlingsarbeidet 8
 - Mange ledd – mange fallgruver 11
- 3 **Namn på nettet 14**
 - Fylkesatlas.no 14
 - Fylkesarkiv.no 18
 - Digitalisering og registrering av stadnamn i Fylkesatlas.no 21
- 4 **Stadnamnlista og lydbandopptaka 26**
 - Hovudet 26
 - Utfyllingsfeltet 27
 - Lydbandopptaka 30
- 5 **Kodelistene 31**
 - Naturkodane 31
 - Kulturkodane 31
 - Prinsipielle tankar om kodinga 32
 - Merknader til nokre av naturkodane 34
 - Merknader til nokre av kulturkodane 35
 - Andre mogelege kodegrupper 38
- 6 **Prinsippa for det faglege arbeidet 40**
 - Det faglege arbeidet – frå handskrift til data 40
 - Digitalisering 41
 - Datakortet 42
 - Felta i datakortet 43

Del 2 – Stadnamn i skulen 51

- 7 **Bruk av stadnamnmaterialet 51**
 - 7.1 Allmennbrukarane 51
 - 7.2 Den offentlege forvaltninga – særleg kommunane 53
 - 7.3 Grunnskulen 54
 - 7.3.1 Norskfaget 57
 - 7.3.2 Samfunnsfaget 63
 - 7.3.3 Geografifaget 71
 - 7.3.4 Kva med miljøet? 72
 - 7.3.5 Andre fag 74
 - 7.3.6 Samansette tekstar 74
 - 7.3.7 Døme på oppgåver i grunnskulen 74
 - 7.4 Den vidaregåande skulen 78
 - Sluttord 80

Del 3 – Tabellar og lister 81

- Kodeliste for natur/lendetypar 81
- Kodeliste for kultur 82
- Fordeling av namn med registrert kulturkode 84
- Fordeling av namn med registrert naturkode 86
- Grupper av gardsnamn 88
- Ordliste 90
- Litteraturliste 93

Del 1 - Stadnamnaksjonen

1 Lokalt stadnamn eller lokalnamn – kort drøfting

Gjennom innsamlingsaksjonen av stadnamn i 1985/1986 og seinare har Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane fått eit omfattande arkiv av lokale stadnamn. Både under sjølve aksjonen og i seinare omtale om og bruk av materialet er omgrepet *lokalnamn* eller *lokalt stadnamn* nytta, utan at det er nærare avgrensa eller presisert.

Prosjektrapporten frå Fylkesarkivet bruker omgrepet *stadnamn* i samanhengar som *stadnamnaksjon*, *stadnamnprosjekt*, *stadnamninnsamling* og liknande, eller talar om *lokale stadnamn* og *lokalnamn* utan å drøfta omgrepa nærare. Spørsmålet om kva ein gjennom innsamlingsaksjonen skal forstå med eit stadnamn, er rett nok teke opp på eit møte med innsamlarane i Førde 6. september 1985. Der var eitt av punkta ei innleiing av fagfolk frå Universitetet i Bergen om kva eit stadnamn er, og ein diskusjon om nokre grensetilfelle. (*Stadnamna vart redda*, side 18.)

Den bruken Fylkesarkivet i praksis gjer av omgrepet, samsvarar likevel med definisjonen av det overordna omgrepet *stadnamn* i *Norsk stadnamnleksikon* (side 23): ”Med stadnamn meiner vi namn på geografiske lokalitetar av alle slag.” Å finna ei meir inngåande drøfting av omgrepa *lokalnamn* eller *lokalt stadnamn* er derimot vanskeleg. Eit lokalt stadnamn er sjølvsagt eit stadnamn etter definisjonen ovanfor, problemet er kvar grensene for det ”lokale” går.

Hovudformålet med innsamlingsaksjonen i Sogn og Fjordane har nettopp vore å kunna samla inn og kartfesta dei lokale, det vil seia dei private namna. Med det meiner me namn med så avgrensa bruk at dei er nytta av og kjende av relativt få brukarar som nemningar på lokalitetar med mindre geografisk utbreiing. Det kan vera ein lokal åker på innmarka, eit slåttestykke, ei grov osv. Dermed vert brukaren eller mengda av brukarar ei viktig tilnærming til omgrepet. Det er også ei slik forståing me må leggja i omgrepet ”lokal”. Dess

færre som nyttar namnet og kjenner det, dess meir lokalt er det.

Dei langt fleste namna i materialet frå Fylkesarkivet er av ein slik karakter, og namn som *Aldri tom* (vasskjelde på eit gardsbruk), *Grautahola* (matplass i onna), *Kvernabekken* (ei lita grov som har gjeve vatn til kverndrift) osv. er alle døme på denne typen. Men som lokalnamn må me òg rekna *Det glade hjørnet* (samlingsplass for ungdom), *Dansarvollen* (stemneplass for ei grend eller ei bygd), og då ser me at namnet ikkje lenger er så privat. Tek me så med *Storavatnet*, *Skriki* (eit fjellmassiv) for ikkje å tala om gardsnamna, flytter me oss straks lenger utanfor det lokale.

For denne innsamlingsaksjonen har det sjølvsagt ikkje vore avgjerande å trekkja opp eit absolutt skilje mellom det lokale og det allmenne. Tanken bak arbeidet har vore at innsamlarane skal få med ”alt” som finst av namn i området, men med vekt på å få registrert dei med tydelegast lokal karakter, det vil seia ”private” namn innanfor enkeltbruk.

Hovudsiktemålet med stadnamnaksjonen var å få registrert – eller berga – så mange som råd av dei ”lokale”, det vil seia dei private stadnamna. Så har grensene for det private vore vanskeleg å trekkja, og mange fellesnamn har – med rette – kome med på kjøpet.

Den grunnleggjande ideen med aksjonen var såleis at det var viktigare å få med åkernamnet *Smiedkeren* på eit bruk som kanskje berre éin person kjenner til i dag, enn å få registrert namnet på fjellet ovanfor bruket, som alt er kartfesta, og som er vide kjent. Det rådande prinsippet har difor vore at dess færre brukarar namnet har, dess viktigare er det for denne aksjonen. Skjematisk kan tilhøvet mellom prioritet og brukar setjast opp slik (tabell 1):

Prioritet	Stadnamn	Brukarar
1.	<i>Aldri tom</i>	Éin brukar
2.	<i>Jonsokhaugen Dansarvollen</i>	Ein gard/ei grend
3.	<i>Storavatnet Veten</i>	Ei bygd
4.	<i>Atløy Alden</i>	Ei vidare brukargruppe
5.	<i>Mjøsa Galdhøpiggen</i>	Landskjende namn

Tabell 1.

Dette viser at *den lokale brukaren* har vore heilt avgjerande i aksjonen, og prioriteten eller verdien av eit namn aukar omvendt proporsjonalt med talet på brukarar, med størst prioritet på den einslege brukaren og mindre på fellesskapen. Det er eit motsett tilhøve mellom mengda av namn og mengda av brukarar. Aksjonen har hatt som primært mål å få inn namn med relativt få brukarar, men som nyttar og kjenner etter måten mange av sine "eigne", private namn. Det er nettopp dette som gjer aksjonen så viktig og tida så knapp. Når dei som nyttar dei sterkast lokaliserte namna, er borte, taper me etter måten mange namn, medan fråfall av heimelsfolk nedover i prioritet sjølvsagt får mindre dramatiske følgjer for vernet av namna.

Vedhogst på Otterdal, Hornindal, i 1937. Dei tre karane er i fullt arbeid med kapping og kløyving. Til venstre ser me ein ferdig opplagd vedstabel til turk. Mange stader vart slike vedstablar kalla mål eller vedamål. Vedskiene var 60 cm lange, og målet skulle vera 2 x 2 meter (høgde x breidd). Det var ein kunst å leggja vedskiene

så tett som råd, slik at tomromma ikkje 'stal' for mykje plass. Det vert fortalt at når ein hadde tvangshogst for tyskarane under krigen, fuska ein gjerne med stablinga. På den måten kunne eit mål innehalda atskillig mindre ved enn om målet vart stabla godt. (Foto: Fylkesarkivet, SFFF-1995121.0019.)



2 Innsamlingsaksjonen og det vidare arbeidet

Kvifor samla inn lokale stadnamn?

Dei gamle lokale namna går meir og meir tapt, og det er fleire grunnar til det, som den sterke omlegginga i landbruket, ofte kombinert med tilsvarende urbanisering, særleg kring tettstader eller kommunesentra. Slik er det overalt, også i vårt fylke.

Omlegginga i landbruket er av fleire slag. Somme stader vert gardsbruk nedlagde og fråflytte, og dermed kanskje liggjande unytta eller nytta som tilleggsjord av nye brukarar. Andre gonger vert drifta omlagd, og atter andre gonger må eit gardsbruk gje plass til andre føremål, som anlegg, vegar, bustader, ein barnehage, ein ny skule eller anna utbygging. Dei lokale namna kjem under press i alle slike omleggingar eller endringar. Når eit bruk ikkje lenger vert drive, kanskje fråflytt eller får nye brukarar, seier det seg sjølv at namnebortfallet vert stort og skjer raskt. Også når drifta vert omlagd eller driven etter nye og meir moderne prinsipp, treng ikkje brukaren lenger så detaljert namnsetjing for å orientera seg i terrenget. Og bruk som vert utnytta til heilt nye formål, mister sjølvstekt heile det naturlege grunnlaget for den gamle namnsetjinga.

I sjø- og havnære område skjer mykje av det same. Også fiskerinæringa er effektivisert og

rasjonalisert. Stordrift har kome i staden for utnytting av sjøen til nødvendig matauk. Likeins er kombinasjonsbruk av fiske og gardsdrift på veg ut. Slik vert namn på fiskegrunnar, båar, skjer, fluer, fiskeméd og gamle, lokale fiskeplassar truga fordi den lokale bruken må vika for stordrift.

Tida er difor ikkje på vår side. Dei som kjenner lokalnamna og bruker dei aktivt, vert stadig færre – og eldre. Difor hastar arbeidet, som etter kvart får karakter av eit redningsarbeid, det vil seia både å få registrert namna og å kartfesta dei.

Kort om innsamlingsarbeidet

I 1987 gav Fylkesarkivet ut ein rapport om stadnamnprosjektet i Sogn og Fjordane, kalla *Stadnamna vart redda*. I rapporten er det gjort grundig greie for bakgrunnen for aksjonen med innsamling av lokale stadnamn i 1985/1986. Prosessen frå idé til realisert prosjekt og den innleiande fasen med prosjektleiing, kontaktar med kommunane og oppgåvene til innsamlingsleiarane er òg grundig omtala. Det same gjeld opplæringa av innsamlarar og den første faglege handsaminga, likeins korleis mottak og registrering av materialet skulle skje og skjer, og korleis det faglege ansvaret og rettleiinga skulle fordelast og blir fordelt. Rapporten er på 94 sider inkludert fleire vedlegg.



Innsamlingsaksjonen tok til 01.08.85 og vart formelt avslutta 31.12.86, altså etter godt og vel eitt år. Frå først av såg ein føre seg tre fasar, ein innsamlingsfase,

Stadnamn er kultur. Biletet er frå eit pensjonisttreff på Leikanger. Denne kvelden hadde laget føre seg lokale stadnamn, og det vart fortalt om varden ved Trollakyrkja som er bygd opp etter som folk har lagt oppå småstein når dei har gått forbi – eit godt vegmerke. Eit anna namn med historie var Trollakirna, ei grop i Henjaelvi, der dei vaksne åtvare borna mot å gå bort.

ein handsamings- eller tilretteleggingsfase og ein formidlingsfase. Ein tenkte seg òg dei tre delane som etterfølgjande i tid, det vil seia at redningsarbeidet – sjølvve innsamlinga – først skulle gjerast ferdig, deretter skulle materialet leggjast språkleg til rette for data og digitaliserast eller festast til kart, før ein i formidlingsfasen skulle kunna tilby det til bruk for skular, kommunar, forskingsmiljø osv. i form av trykte lister over namn, eller på data.

Tabell 2.

Kommune	Innsamla namn	Edb-reg.	Digitalisert
Flora	12832	12790	11353
Gulen	4530	5413	4036
Solund	9622	8609	8487
Hyllestad	8953	453	452
Høyanger	13055	13044	12753
Vik	11650	11352	9839
Balestrand	7899	7967	6860
Leikanger	6249	1463	1376
Sogndal	10971	9944	9855
Aurland	9398	9487	6677
Lærdal	9264	9157	8777
Årdal	2822	2756	2733
Luster	11866	1159	999
Askvoll	12461	12233	11462
Fjaler	13901	13375	12329
Gaular	9327	572	566
Jølster	15174	14918	12978
Førde	8964	1719	516
Naustdal	9238	9060	8902
Bremanger	14554	14294	13308
Vågsøy	3935	3972	3946
Selje	7150	6966	6909
Eid	5934	1635	1535
Hornindal	2477	2476	2353
Gloppen	4790	470	459
Stryn	17963	489	487
	244 979	175 803	159 947

Somme kommunar vart ferdige eller bortimot ferdige medan aksjonen var i gang, andre kom ikkje så langt. Difor har arbeidet, særleg ”etterraksten”, halde fram til no, og er enno i gang i fleire kommunar. Per 01.06.2005 var det samla inn 244 979 lokale namn. Av dei er 175 803 vitskapleg handsama og edb-registrerte, altså vel halvparten, og 159 947 namn er koordinatfesta på kart. Nokre av namna har òg karttilvising og lyd, det vil seia er tilgjengelege med lokal uttale. Seinare har det kome til ein del fleire namn, både innsamla, vitskapleg handsama og koordinatfesta.

Dei namna som er språkleg handsama og koordinatfesta, er plasserte på digitale kart på nettstaden *Fylkesatlas.no*, sjå eigen omtale. Status per 01.01.08 er slik: For Askvoll, Balestrand, Bremanger, Fjaler, Hornindal, Høyanger, Lærdal, Sogndal, Solund, Vik og Årdal ligg alle dei innsamla stadnamna i låglandet på nettet. For Solund og Flora arbeider Fylkesarkivet med å digitalisere namna. Solund er nesten ferdig, og planen er å gjera ferdig Flora. Også for Aurland, Eid, Flora, Gloppen, Jølster, Leikanger og Stryn ligg ein del av stadnamna alt på nettet, men her må Fylkesarkivet gjera nærare avtalar med kommunane om ein fellesdugnad for formidlingsarbeidet. Arkivet må òg gjera avtalar med Førde, Gaular, Gulen, Hyllestad, Luster, Selje og Vågsøy om det vidare arbeidet.

Når den viktigaste fasen – innsamlingsfasen – har trekt ut i tid, har det både samanheng med kvaliteten på noko av det materialet som først vart innsamla, og med økonomien i prosjektet. Kvaliteten på delar av det innsamla tilfanget hadde for ein del kommunar så store manglar at det måtte attende til kommunane for ny gjennomgang, oppgradering eller supplering. Den økonomiske sida er særleg i den vidare tilrettelegginga avhengig av

økonomisk støtte frå kommunane. På grunn av slike tilhøve har dei to første fasane gått delvis parallelt over fleire år. For dei kommunane der ein har hatt eit tilfredsstillande materiale å arbeida med og fått ordna ei felles finansiering mellom kommune og fylkeskommune, er namna fagleg handsama og digitaliserte.

Oversikta (tabell 2) viser kor langt arbeidet er kome i dei einskilte kommunane. *Edb-reg.* viser at materialet er vitskapleg handsama og lagt til rette for formidlingsfasen (det er tilgjengeleg på Internett). *Digitalisert* viser at materialet er festa til digitale kart, og altså kan visast på nettbaserte kart.

Det er sjølvsagt uråd å vita kor mange namn det finst i dei ulike kommunane, men oversynet viser at det i fleire kommunar heilt sikkert enno finst tilfang av uregistrerte namn i felten. Som me ser, sprikjer tala frå ca. 15 000 i kommunar med flest namn, til rundt 3 000 namn, først og fremst sjølvsagt avhengig av kor store kommunane er. Gjennomsnittet for registrerte namn i dei 26 kommunane i fylket er likevel høgt, tett opp mot 9 400 namn. Med atterhald om ulik storleik på kommunane og ulike geografiske og topografiske tilhøve i tillegg til ulike næringsstrukturar vantar sikkert framleis mange namn. Difor er innsamlingsarbeidet enno i gang. I Flora, Solund og Hyllestad står det berre att noko mindre arbeid, medan Luster, Gloppen, Stryn, Eid, Gaular og Gulen har att relativt mykje.

Også edb-registreringa, altså den faglege tilrettelegginga og digitaliseringa av materialet, varierer frå kommune til kommune. Det er eit spørsmål om økonomiske og faglege ressursar. Arkivet har ingen fast tilsett til å ta det faglege etterarbeidet, men er avhengig av tilgang på arbeidskraft i marknaden. Kommunane og Fylkesarkivet deler utgiftene til dette arbeidet, slik at kommunane yter 6,50 kroner per namn for å få namn for sin kommune fagleg handsama. I tillegg har kvar kommune støtta aksjonen med 10 000 kroner i innsamlingsfasen, nokre kommunar også med støtte ut over dette seinare.

Nokre kommunar er i mål, det vil seia at dei tre fasane er gjennomførte. Det gjeld Flora, Solund, Høyanger, Vik, Balestrand, Sogndal, Lærdal, Årdal

(men med eit relativt lågt tal på registrerte namn), Askvoll, Fjaler, Naustdal, Bremanger, Vågsøy, Selje og Hornindal. Kommunar som har relativt mange innsamla eller registrerte namn, men få namn i basen, er Gulen, Hyllestad, Leikanger, Aurland, Luster, Gaular, Jølster, Førde, Eid, Gloppen og Stryn.

Tre grupper har vore sentrale i arbeidet: heimelsfolka/informantane, innsamlingsleiarane og fagpersonane.

Utan interesserte og velviljuge støttespelarar i heimelsfolka (heimelsmenn og heimelskvinner) hadde eit arbeid som dette vore uråd å få til. Nøyaktig kor mange som har gjort aksjonen mogeleg ved å stilla som informantar, veit me ikkje, men me kan få ein peikepinn om me tek utgangspunkt i at det finst 2674 matrikkelgardar i Sogn og Fjordane. I snitt har i alle fall eit par informantar vore innom prosjektet på kvar matrikkelgard, truleg fleire. Det viser at over 5 000 personar har støtta prosjektet med førstehandsopplysningar og fakta om namna. I eit føreord til *Stadnamna vart redda* skreiv dåverande fylkeskultursjef Lidvin Osland at prosjektet har omfatta "nær 4 000 eldre menneske" som informantar. Talet er truleg større.

Sentrale i arbeidet har òg innsamlingsleiarane (innsamlarane eller oppskrivarane) vore. I byrjinga hadde prosjektet 28 innsamlingsleiarar. Dei vart lønte i eit felles økonomisk opplegg mellom A-etat, kommunane og Fylkesarkivet, og gjorde ein stor innsats med samtalar, kartfesting og bandopptak. (Meir om innsamlarane, sjå *Stadnamna vart redda*, side 13f.) Gjennom heile aksjonen har kanskje 60–70 personar teke del som innsamlarar. Fleire av dei har åleine stått for hovudparten av innsamlinga i sin kommune, det vil seia registrering av fleire tusen namn. Ein slik innsats står det respekt av.

Mesteparten av den faglege tilrettelegginga er gjort av Per Arvid Ølmheim, dessutan noko av Marit Hjelldrekk, Kristian Solvang og Jan Olav Fretland.

Mange ledd – mange fallgruver

I ein aksjon der så mange ledd er involverte i ulike fasar, dels uavhengig av kvarandre, ligg også mange fallgruver før namna i ”ferdig form” kjem på nettet og på digitaliserte kart. Kvart namn skal gjennom to viktige fasar, innsamlingsarbeidet, der heimelsfolka og innsamlaren er aktørar, og det faglege arbeidet, gjort av fagfolk med namnefagleg eller kartfagleg kompetanse. Hå alle – heimelsfolka eller informantane, oppskrivaren eller innsamlaren og den faglege handsamaren – kan det skje feil, særleg fordi materialet er så detaljrikt.

Mange er interesserte i dei lokale namna, og ofte er reaksjonane på feil – som feil kartfesting eller normering, eventuelt upresis uttale – negative eller til dels svært kritiske. Toleransegrensa for feilskrivning, feil plassering på kart osv. er låg.

Det viser at folk har eit positivt engasjement og ofte eit personleg tilhøve til namna. Detaljane er viktige, namna bør vera rett skrivne, uttalen bør vera den genuint lokale (som palatalisering i mange kommunar i Fjordane), kartplasseringa skal sjølvstendig vera rett, og bruksområdet for namna skal vera rett, til dømes om det er eit innmarksnamn eller eit utmarksnamn. Difor er alle innspel om rettingar av feil på desse områda velkomne, og slike korreksjonar er med på å betra kvaliteten på namnarkivet. Praksis for å følgja opp slike innspel er så langt lite fast, men arkivet må sjølvstendig vurdera slike innspel til endringar på eit fagleg grunnlag.

Det er likevel grunn til å understreka at namnematerialet ikkje er noka autorisert liste over namn, plassering eller grenser for namna, og difor ikkje kan garantera for rett namneform, rett uttale eller rett plassering.

Informanten

Heimelsfolka eller informantane er ei potensiell feilkjelde. Det er dei som gjev oppskrivaren opplysningar om namn, om uttale og plassering og om fakta kring namnet (bruk, eigenskapar osb.).

Eit hovudkrav til innsamlarane har vore at dei må få med bruksopplysningar om eit namn. Eit namn utan opplysningar om natur eller kultur (bruk), eventuelt begge delar, har ein stor mangel. Det gjeld ikkje minst dei såkalla jamføringsnamna. At *Altaret*, *Ambaren*, *Amerikabåten*, *Bakaren*, *Bytta*, *Purka* eller *Purkeryggen* ut frå ulike føresetnader alle er namn på steinar, at *Boki* er namn på ein fjellrygg forma som ei bok, eller at *Broki* er eit slåttestykke med form som ei brok går sjølvstakt ikkje fram av namneformene åleine. Skal slike namn ha nokon verdi, må identiteten vera kjend. Dette kravet gjeld jamvel om

Skulebornoppskrifter. Dette er ei original liste frå innsamlinga i 1932. Som me ser, er lista frå "Gaular herad".

[illegible]

namnet tilsynelatande er sjølvforklårande. *Haugen, Bakken, Såta* skal difor ha med opplysninga ”haug”, ”bakke”, ”runda formasjon/høgding”, elles kan ein lett gjera feilslutningar, som når *Elva* ikkje er eit elvenamn, men namnet på eit slåttestykke i ein skråning frå elva og oppetter.

Viktig er det òg at faktaopplysningane er korrekte. Ei opplysning som det heftar tvil ved, skal markerast, elles får opplysninga fort status som ”autorisert”, og blir hengjande ved namnet i den vidare prosessen.

Uttalen av namnet skal vera den genuint lokale. Denne uttalen kjem først og fremst fram av innlesing av namna på lydband. Men dei innlesne namneformene kan vera ei kjelde til feil eller tvil. Det hender ofte at informanten les inn ”sin” variant av ei form som det kanskje er uvisse eller usemje om, utan at alternative former kjem med. Det største problemet er likevel at namna er tekne opp eller innlesne/innsnakka på band etter at dei er nedskrivne. Då les som regel informanten opp namn etter namn i rask rekkjefølgje, og faren for normert leseuttale er stor. Her er det viktig å gjera den som les inn namna, merksam på at det er målføreuttalen som gjeld, og at ein må vera svært medviten om det når ein les. I nokre få tilfelle kan eit opptak ha ei anna form enn den som står på lista, anten ei heilt anna namneform eller ei avvikande grammatisk form (til dømes fleirtal for eintal eller omvendt), og årsaka er nettopp at dei to operasjonane – opplysning om namn og opptaket av uttalen – skjer på ulike tidspunkt.

Oppskrivaren

Oppskrivaren er den som kjem mest heldig ut i denne prosessen. Hans eller hennar oppgåve er primært å ta ansvaret for at alle opplysningar om namnet kjem med, og dinest å unngå feilskrivning. Men også oppskrivaren kan vera årsak til feil som kan følgja namnet, til dømes dersom han eller ho skriv feil av, høyrer feil eller tolkar det som vert sagt, på galen måte. Ei viktig oppgåve for oppskrivaren – saman med informanten – er å få plassert namnet rett på kartet. Det seier seg sjølv at galen plassering får store følgjer for det seinare arbeidet med namna.

Eit svært viktig kriterium for å registrera eit namn er at det skal kunna lokaliseraast eller kartfestast for å koma med i basen. I første omgang skal oppskrivaren praktisera dette prinsippet når namna vert innsamla, men det er òg følgt opp i det vidare arbeidet med namna. Namn i listene som ikkje har kjend plassering i terrenget (på kartet), vert difor tekne ut og kjem ikkje med i den endelege basen. Det gjeld særleg namn som informantar kjenner frå skulebarnoppskriftene i 1930- og 1940-åra, og som informanten kanskje har høyrte i bruk, men ikkje kjenner lokaliseringa av. Heller ikkje tilfeldige namn som informantar meiner dei kjenner, men ikkje veit kvar er i terrenget, kjem med i basen.

Fagpersonen

Det materialet som vert publisert og gjort tilgjengeleg på data, har vore gjennom ei *fagleg* gjennomarbeiding, språkleg og kartteknisk. Det er grunn til å streka under at materialet ikkje er *vitskapleg* gjennomarbeidd, heller ikkje i den språklege handsaminga. I eit så omfattande materiale med så mange detaljar seier det seg sjølv at det kan verta feil. Like problematisk er det når fagpersonen meir eller mindre på sparket må ta ei avgjerd som kan vera tvilsam, unøyaktig eller kanskje feil. Alternativet kan vera å stryka namnet. Når så store mengder av namn skal leggjast til rette med relativt få ressursar og lite tid til fordjuping, har ein rett og slett ikkje tid til å stansa opp ved ”problemmamn” som eigenleg burde vore analyserte eller granska nærare og grundigare. Slikt arbeid må overlatast til ei eventuell vitskapleg prøving av materialet seinare. Som me veit, kan det skrivast lange avhandlingar om kva eit namn tyder, eller kva språkleg historie det har, jamfør til dømes ulike meiningar om skrivemåtane *Filefjell*, *Fillefjell*, eventuelt *-fjellet*.

Når namna skal få skrivemåte eller normering, følgjer ein i den faglege handsaminga dei nasjonalt tilrådde retningslinjene (*Føresegnar om skrivemåten av stadnamn*). Desse retningslinjene er nokså strenge og gjev ikkje særleg rom for lokale variantar.

Namn som har fått ei vedteken eller godkjend skriftform, bør sjølv sagt normerast i samsvar med denne forma også i dette materialet. Det

gjeld gardsnamn, fjellnamn, fjordnamn osb. som har karakteren av allmenne nemningar, og gjeld ikkje særleg mange lokalamn. Likevel er det kommunar som har vedteke skrivemåte på lokale nemningar, brukte til dømes på vegar, bustadfelt eller byggeområde. Så langt dette er kjent for normeren, bør slike godkjende skrivemåtar også nyttast i basen. Materialet i arkivet er heller ikkje jamført med tilsvarande former i Statens stadnamnregister.

Dei langt fleste namna er greie å normera og har udiskutable skrivemåtar, som *Hola*, *Almen*, *Bakken*, *Beitet* eller samansette som *Akslahola*, *Brattebakken*, *Hestabeitet*. Men jamvel tilsynelatande eintydige former kan ha sine lokale variantar og må normerast etter det så langt føresegnene tillèt, som *Hogen*, *Hågen*, *Hauen* ved sida av *Haugen*, *Gjølet* ved sida *Gjelet*, *Groa* i tillegg til *Grova*, og sjølvstapt *Viki* i *i*-målsområde, *Vika* i *a*-målsområde, likeins kan normeringar som *Nøstet*, *Staua*, *Støylen* osb. tillatast ved sida av *Naustet*, *Stova* og *Stølen*. Spesielle former som ville mista mykje av identiteten sin, må òg normerast mot den lokale uttalen, som *Havnen*, trass i at talemålet har "hamn/habm" som uttale av appellativet. Andre gonger er den strenge normeringa meir problematisk. Skal til dømes *Storesteinen*, *Botnen*, *Geitaledet* ha bunden eller ubunden form når uttalen er utan artikkel og tydeleg inviterer til normeringar som *Storestein*, *Botn*, *Geitaled*?

Systematiske målføreavvik som assimilering, differensiering, segmentering og liknande vert normerte. Difor heiter det *Bjørnen*, *Fjellet*, *Merket* osb. der uttalen kan vera 'bjøNen, 'bjød*n, 'fjeLe, 'fjedle, "mærKe.

Verre er det å koma fram til rett skrivemåte av individuelle namn der tydingsinnhaldet ikkje ligg i dagen, og der det er vanskeleg å nøsta opp namnet språkhistorisk, til dømes *Bauljhammaren*, *Bandskjerøyri*, *Frydlaupsete*, *Dusjurhogen*, *Braskskaret*, eller litt enklare problem som om *d*-en skal vera med i *Grønsta(d)liheia*, *Augar(d)hammaren* og liknande. Om slike tilfelle skal kunna få ei sikker normering, trengst det oftast meir djuptgåande markarbeid, dessutan ofte omfattande analyse- eller granskingsarbeid,

og jamvel etter tidkrevjande fagleg arbeid ville skrivemåten av mange slike namn likevel kunna diskutertast. Dei fleste av slike problematiske namn får difor skrivemåtar og former som den fagansvarlege ut frå allmenn fagleg kompetanse og ikkje minst ut frå opplysningar gjevne av heimelsfolka, meiner er dei rette. Som oftast må ein rett og slett skriva den normerte forma i samsvar med den uttalen namnet har, utan forsøk på vidare normering.

I den faglege tilrettelegginga kan det òg koma inn feil som ikkje går på normering, men på bruk og praktiske tilhøve. Fagpersonen skal nemleg forutan å normera namna koda dei (gje dei kulturkode og/eller naturkode), namna skal ha ei uttaleform (fonemisert form) i tillegg til den normerte, og det skal leggjast inn praktiske opplysningar om gards- og bruksnummer, kommune, heimelsfolk, kartblad osb.

Feil som gjeld plassering, skrivemåte, uttale, bruk osb. er alle interesserte i å få retta opp. Til det treng arkivet hjelp frå brukarane. Alle innspel om korreksjonar vert handterte seriøst og kan etter nye vurderingar føra at skrivemåte eller andre tilhøve ved eit namn vert endra. Brukarane er i så måte viktige korrektiv til materialet og kan gjera mykje for å auka kvaliteten på det. Det reiser seg sjølvstapt både faglege og prinsipielle spørsmål til korleis ein skal følgja opp innspel frå brukarar. Her er det så langt ingen fast rutine. Ofte gjeld innspela namneformer som i utgangspunktet er problematiske, og då kan "standpunkt stå mot standpunkt" nettopp fordi skrivemåte eller namneform er diskutabel. Men opplagde feil, som feil plassering, bør sjølvstapt rettast opp straks.

Trass i dette er divergensar og usemjer sjeldne, ikkje minst når me tenkjer på den enorme kulturelle, historiske og språklege verdien som ligg i det innsamla materialet. Eit raskt blick på listene viser at verkelege "problemmamn" berre omfattar ei svært lita gruppe.

3 Namn på nettet

For Askvoll, Balestrand, Bremanger, Fjaler, Hornindal, Høyanger, Lærdal, Sogndal, Solund, Vik og Årdal er alle dei innsamla stadnamna i låglandet lagde ut på nettet. For Solund og Flora er Fylkesarkivet i gang med å digitalisera alle stadnamna deira. Solund er nesten ferdig, så kjem ferdiggjering for Flora. For Aurland, Eid, Flora, Gloppen, Jølster, Leikanger og Stryn ligg ein del av stadnamna ute. Her må Fylkesarkivet gjera nærare avtalar med kommunane om ein dugnad for formidlingsarbeidet. Ein må òg gjera avtalar med Førde, Gaular, Gulen, Hyllestad, Luster, Selje og Vågsøy om det same. I tillegg til denne innsamlinga av stadnamn har arkivet kopiar av skulebarninnsamlingane frå 1930- og 1940-åra for Sogn og Fjordane fylke.

For å få tilgang til arkivet kan ein nytta to tenester, *Fylkesatlas.no* og *Fylkesarkivet.no*. Me skal sjå på kva tenester dei to nettstadene tilbyr, og korleis me bruker dei.

Fylkesatlas.no

Fylkesatlas.no er ei teneste frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane og Sogn og Fjordane

fylkeskommune. Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane har vore aktivt med i oppbygginga av dette arkivet. Fylkesatlas er inndelt i ei enkel utgåve og ei avansert utgåve. Ein vel sjølv utgåve øvst i venstre marg (figur 1).


Den enklaste tilgangen til arkivet får ein ved å velja *Kultur og historie* og gå vidare på aktuelle lenkjer under dette alternativet.

Ei anna løysing når ein vil arbeida anten med gardsnamn eller lokale stadnamn, er å bruka *Gå til avansert kart* øvst til venstre. Den avanserte løysinga gjev tilgang til fleire tema og er laga for dei som treng mange tenester og funksjonar. Informasjon om ulike aktive tema står i høgre marg. I venstre marg får ein i det avanserte kartet opp tilbod om tenester frå ulike etatar. For å få tilgang til namnematerialet må ein bla seg nedover til *Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane*. Før ein arbeider vidare med karta og namnematerialet, bør ein gjera seg kjend med funksjonane til ikona som er plasserte over kartbladet (figur 2).


Under *Fylkesarkivet* får ein tilbod om fleire tenester. Me skal sjå på desse fire: *Gardar*,

Figur 1.






Figur 2.



Figur 3.



Figur 4.

Stadnamn, Stadnamn – tilvekst og Stølar. Når ein hakar ut for ei av desse tenestene i firkanten til venstre, får ein opp ei rettleiing i margen til høgre. Prøv å haka ut for *Gardar*, og du ser at det kjem opp ein forklårande tekst om denne funksjonen til høgre. Det same gjeld dei andre vala under Fylkesarkivet. Samtidig endrar kartbladet seg og viser førekomsten av den tenesta som er haka ut. Prøv også det same med *Stølar*, så ser du at registrerte stølar i fylket er markerte i kartet med raude vimplar.

Gardar

Set ein hake for *Gardar*, og kartet med markering (ein svart firkant) for alle gardar i fylket kjem fram. Markeringane ligg nokså tett, for det er i alt 2 674 matrikelgardar i fylket. Trykk så på *info*-knappen heilt til venstre i ikona over kartet. Då kan du flytta krysset til kartet og dra ut ein firkant over ein eller fleire gardar (du får som regel med deg fleire i første omgang fordi gardane ligg så tett). Prøv! Dei gardane som ligg innanfor din firkant, kjem no opp i høgre marg, og når ein klikkar på ikonet for garden, kjem han opp i kartet med namn og vist med ei pil mot namnet. Pila kan me ta ut med kryss-ikonet over kartet. Skrivemåten til gardsnamna er frå Sentralt stadnamnregister (SSR) og kan skilja seg frå den normerte. Me prøver for ein del av Sogndal kommune (figur 3).

Du kan òg trykkja på sjølve namneforma i høgre marg. Då får du opp eit gardsleksikon som viser treff i andre basar hjå Fylkesarkivet, som gjenstandsdatabasen, fotobasen, folketeljingar 1825, 1835, 1845 og 1890, Norske Gaardnavne, stølar i 1930-åra, matrikkelen 1950 og stadnamn,

med opplysningar om kor mange treff kvar base inneheld. Det talet som står framfor *treff i stadnamn*, viser kor mange lokale namn som er registrerte i basen for denne garden i innsamlingsaksjonen frå 1985/1986 (figur 4).


Dersom du ønskjer å sjå treffa i stadnamn, klikkar du på talet fremst, og namna kjem opp i alfabetisk rekkjefølgje etter den normerte namneforma. I tillegg får du opplysningar om uttale, kommune, gardsnummer og bruksnummer forutan nummer på det økonomiske kartbladet. No kan du gå vidare i arkivet ved å trykkja på den normerte forma, og då kjem alle faktaopplysningar om namnet fram i eit nytt oppslag.

Stadnamn

Ei anna teneste under Fylkesarkivet er *Stadnamn*. Me hakar ut for dette og får fram eit kart med markering av alle stadnamn som er registrerte i fylket. Det ligg inne ca. 120 000 lokale stadnamn i denne basen. Dette er namn som er registrerte i innsamlingsaksjonen 1985/1986 med seinare etterakst. Alle desse namna er gjennomarbeidde fagleg og sjølvstøtt digitaliserte. For somme kommunar er alle registrerte namn komne med. For andre kommunar vert namna lagde inn etter kvart som den faglege tilrettelegginga og karttekniske digitaliseringa av namna er ferdig.

Også her kan du bruka *info*-knappen og dra ut eit mindre område på kartet. Dei namna som er registrerte innanfor dette området, kjem opp i høgre marg på skjermen. Derfrå kan du ved å

Figur 5.





trykkja på ikonet få namna fram på kartet (eitt og eitt). Trykkjer du på sjølve namnet, får du opp opplysningar om skrivemåte, uttale osv. i eit nytt bilete. Herfrå kan du igjen gå vidare og få fram eit utdrag av datakortet for namnet (figur 5).

Du kan òg bruka krysset på musepeikaren og dra ut ein mindre firkant på kartet direkte. Det kan du gjera fleire gonger, og når målestokken vert stor nok, kjem namna innanfor området opp i skriftform og markerte med ein liten svart firkant. Dersom du held musepeikaren over firkanten, får du opp ein gul lapp med faktaopplysningar om namnet (figur 6).

Stadnamn – tilvekst

Funksjonen *Stadnamn – Tilvekst* er eit oversyn over kor mange namn som er registrerte på dei einskilte kartblada av Økonomisk kartverk i innsamlingsaksjonen. Også her bruker du *info*-knappen for å dra ut ei mindre rute. Då får du i høgre marg opp ei liste over dei kartblada som ligg innanfor ruta, med opplysningar om kor mange namn kvart kartblad inneheld. Kvart kartblad har òg eit namn, ofte eit sentralt, men kanskje noko tilfeldig valt namn av dei som ligg innanfor kartbladet. Dersom du trykkjer på namnet, får du opp dette namnet i kartet, med ei pil som viser kvar lokaliteten ligg. Du kan også her zooma

inn kartet ved å dra ut mindre felt direkte frå fylkeskartet, og slik få vist kartblada innanfor eit mindre område.

Stølar


Denne tenesta omfattar alle stølar i Sogn og Fjordane som vart registrerte i den store granskinga i 1930-åra. Stølane er registrerte og kartfesta av Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane på grunnlag av lister og kart frå denne granskinga. Også data om kvar støl er henta frå desse listene. Materialet inneheld 6270 bruk som hadde stølsdrift, fordelt på i alt 2763 ulike stølar eller stølsområde.

Dei stølsnamna du finn under dette valet, er såleis ikkje henta frå dei registreringane som vart gjorde i stadnamnaksjonen. Men truleg er dei aller fleste stølsnamna også registrerte og kartfesta i den basen. Dei finn du under *Fylkesarkiv.no* når du vel funksjonen *Stølar* under kategorien *Kultur* (figur 7).

Du bruker tenesta på same måte som dei ovanfor. Når du går vidare på lekkjer til dei einskilte stølane, får du fram opplysningar som finst om dei, til dømes om når eller kor lenge dei var i drift, kva slags stølstype det var, og høgd over havet.

Fylkesarkiv.no

Ein kan òg arbeida med dei lokale stadnamna gjennom søjekriterium kopla opp mot kodelistene (sjå om kodelistene under *Prinsippa for det faglege etterarbeidet*, delen om natur og kultur). Då må ein gå inn på *Fylkesarkiv.no* og klikka seg inn på *Stadnamn* i venstre marg. Her får me fleire val, mellom anna kan du under *Les meir om stadnamn* finna litt informasjon om stadnamn allment.



Tett med namn. Dette er eit utsnitt frå Fylkesatlas.no. Alle dei svarte markeringane er lokale stadnamn, og dei ligg tett. Kartet viser òg fleire namn på sjøen, som fluer, skjer, fiskeméd og liknande.

Om Fylkesarkivet	Herred	Sogn	Gardsnavn	Gardsnr.
Lesesal - Bibliotek	Jølster	Aalhus	Aalhus	70
Om oss i dagspressa	Jølster	Aalhus	Aarsæter	60
Kommunale arkiv	Jølster	Aalhus	Aspehaugen	46
Fylkeskommunale arkiv	Jølster	Aalhus	Berg indre	66
Privatarkiv	Jølster	Aalhus	Berg ytre	65
Foto	Jølster	Aalhus	Birkeli	48
Musikk	Jølster	Aalhus	Bjorsæter	74
Stadnamn	Jølster	Aalhus	Brenden	40
Persondata - Utvandring	Jølster	Aalhus	Bø nedre	71
Året 1905	Jølster	Aalhus	Bø øvre	72
Kultur på nett	Jølster	Aalhus	Dalen	55
Soga om vegane	Jølster	Aalhus	Eikaas indre	54
Nettutstillinger	Jølster	Aalhus	Eikaas ytre	53
Leik og lær	Jølster	Aalhus	Fluge	59
Nettstadkart	Jølster	Aalhus	Flugekvam	57
Nettstader	Jølster	Aalhus	Gjesdal	45
	Jølster	Aalhus	Grimsbøen	51
	Jølster	Aalhus	Hammer	43
	Jølster	Aalhus	Hegrenes	73
	Jølster	Aalhus	Hjelmbrekken	56
	Jølster	Aalhus	Insteinstad	52
	Jølster	Aalhus	Kjelsnes	44
	Jølster	Aalhus	Kvammen	49

Figur 9.

Herred:	Jølster
Sogn:	Aalhus
Gardsnavn:	Kvammen
Gnr:	49
Bnr:	
Uttale:	kva:1miNN
Kjelder:	Udt. kva:1miNN, Dat. -ma. — i Hwamme DN. IX 133, 1339 Quam 1563. Quame 1603. Quam, Quamme 1608. Quamme 1667. Qvamme med Slotten 1723.
Etymologi:	Hvammr m.; se Indl. S. 57. Ogsaa skr. Kvamme.

Figur 10.

Stadnamn

Fylke:

Sogn og Fjordane

Kommune:

Gardsnummer:
 -

Kartnummer:

Stadnamn:

Preposisjon:

Naturkategori

Kulturkategori

Informant:

Merknad:

Berre stadnamn med ferdig lydprøve:
☐

Berre stadnamn med bilete:
☐

Figur 11.

Vidare finn du tre databasar du kan velja mellom, *Lokale stadnamn*, *Gardsnamn Oluf Rygh* og *Tilvekstkatalog*. Under basen knytt til Oluf Rygh (1833–1899) får du tilgang til bandet om Sogn og Fjordane (Nordre Bergenhus Amt) frå hovudverket om gardsnamna i Noreg, *Norske Gaardnavne*. Rygh samla og tolka alle gardsnamna i Noreg til bruk i matrikkelen av 1886, og dette arbeidet la grunnlaget for verket. Her finn du opplysningar om funn av namnet i litteratur gjennom tidene, dessutan dei tolkingane Rygh har gjeve av namna. Du kan søkja alle gardane i ein kommune og derfrå gå vidare for å finna teksten i *Norske Gaardnavne* (figur 8).

Søkjer me på Jølster kommune, får me opp namn på alle gardane i kommunen med gardsnummer (figur 9). Herfrå kan me til dømes velja gnr. 49, Kvammen, og få opp desse opplysningane (sjå figur 10).

Tilvekstkatalog

Tilvekstkatalog er ein database som viser kor mange stadnamn som er innsamla per kartplate i det økonomiske kartverket for Sogn og Fjordane.

Lokale stadnamn

Under denne basen finn me dei stadnamna som vart samla inn i 1985/1986 i samarbeid mellom Fylkesarkivet og kommunane i fylket. Denne basen har referansar direkte til dei kodelistene som er nytta i det faglege arbeidet med materialet, og ein kan difor ta ut grupper av namn slik ein måtte ønskja ut frå listene, anten med enkeltkodar for natur eller kultur, eller kombinasjonar. Når du klikkar på *Lokale stadnamn*, får du eit spørjeskjema (sjå figur 11).

Som du ser, kan me her leggja inn kommune, gardsnummer, kartnummer osv. og deretter få fram namnetilfanget. Under kategoriane natur og kultur kan me med pila til høgre få fram kodelista og søkja etter den namnetypen me ønskjer, og kombinera det med andre innlegg, til dømes få fram alle namn på steinar som er registrerte i Jølster kommune (natur + kommune), alle steinar som er brukte som samlings-/møtestad i kommunen (natur + kultur + kommune) osv. Det gjev oss denne lista (sjå figur 12).

Og me kan avgrensa endå meir: Har materialet namn på kvileplassar i Sogndal kommune, gnr. 9, som samtidig er namn på ein stein? Me får opp eitt treff (sjå figur 13).

Stadnamn						
Fann 6						
Normert form	Uttale	Kommune	Gnr./bnr	Kart nr.	Uttale	Bilete
Hesteryggen	heste'ryGin	Jølster	55.6	AQ08151-88		
Nausasteinen	næu:sa'stæi:neN	Jølster	7.Felles	1310-III-294		
Storesteinen	store'stæi:neN	Jølster	63.3	AQ08252-121		
Storesteinen	sto:re'stæi:niN	Jølster	0.0	AQ08253-290		
Storesteinen	sto:re'stæi:neN	Jølster	10.1	AR08352-292		
Storesteinen	sto:re'stæi:neN	Jølster	4.3	AQ08351-312		

Figur 12.

Stadnamn						
Fann 1						
Normert form	Uttale	Kommune	Gnr./bnr	Kart nr.	Uttale	Bilete
Kvilesteinen	"xvilesta:n	Sogndal	9.1	AK07052-134		

Figur 13.

Du kan òg søkja på avgrensa delar av eit namn. Dersom du til dømes ønskjer å få fram alle namn som inneheld leddet “*rabb*”, kan du skriva prosentteikn (%) anten før eller etter leddet, eventuelt begge delar, og slik få opp ulike former: %*rabb*, *rabb*% eller %*rabb*%.

Alle dei lokale stadnamna innsamla i aksjonen er innlesne på lydband for å få dokumentert den genuine lokale uttalen. Kwart kartblad i det økonomiske kartverket har fått si bandside, det vil seia alle namn som er registrerte på bladet, eventuelt innlesne eller innsnakka i rekkjefølgje på eitt bandopptak. Det er meininga å kopla desse lydbandopptaka mot namna, jamfør døma ovanfor, og for somme opptak er det alt gjort. Dersom du ønskjer å høyra korleis namnet skal uttalast, kan du klikka på ikonet utanfor namnet under *Uttale* og få tilgang til den bandsida namnet er på. Du må så bla deg fram til det nummeret namnet har, for å kunna høyra uttalen. Der arkivet også har eller eventuelt får bilete av lokaliteten, kan dei på same måten koplast mot namnet. Når du då trykkjer på ikonet *Bilete* utanfor namnet, vert biletet vist. Som du ser av døma ovanfor, er desse tenestene enno lite utbygde med innhald.

Digitalisering og registrering av stadnamn i Fylkesatlas.no

Fylkesarkivet har i samarbeid med Avinet laga ei løysing for digitalisering av stadnamn direkte i *Fylkesatlas.no*. Denne løysinga har store føremoner samanlikna med den eldre løysinga med kart, kassetar, lister og liknande. Arbeidet går snøggare, ein sparar tid og ressursar, og ein får sjå namna på kartet etter kvart som ein jobbar med dei. Det er likevel rett å understreka at innsamling av stadnamn er tidkrevjande. Jamvel om ein nyttar denne måten, må stadnamna gjennom ei vitskapleg handsaming før me kan seia at me er ferdige med arbeidet.

Alle som skal arbeida med digitalisering på denne måten, må vera godkjende av Fylkesarkivet og registrerte som brukarar i *Fylkesatlas.no*.

1. *Innlogging.* Gå til adressa *Fylkesatlas.no*. Klikk på *Gå til avansert kart* (oppe til venstre). Vassrett over ligg det no i lang rekkje med ikon, nr. 2 frå høgre er ein gul nøkkel. Klikk på han. Du får då opp skjemaet for innlogging. Legg inn brukarnamn og passord, som du har fått tildelt frå Fylkesarkivet.



Digitalisering. Her er ein i arbeid med å digitalisera namn innsamla gjennom stadnamnaksjonen i fylket. Dette er ein del av den handsaminga som må til for å få namna ut på Internett.


2. *Innstilling av arbeidsflata.* No må du finna fram til det området du skal arbeida med, slå på det kartgrunnlaget du vil ha og velja ut andre data som skal visast i det kartet du vil arbeida med. Sjå i venstre marg i kartløysinga. Her har du ulike val.

- a. *Liste for val av kommune.* Vel den kommunen du vil arbeida med. Kartet zoomar no til denne kommunen. Zoom inn det området du vil arbeida med. Klikk på symbolet for dette området over (lupe). Plasser musepeikaren på kartet i nærleiken av der du skal arbeida, trykk ned venstre musetast og hald han nede, dra ein firkant/eit rektangel over området ditt og slepp. Då skal det verta teikna ein firkant der du markerte, og kartet zoomar til denne firkanten. Juster med eventuell ny firkant på same vis eller flytt kartet sidelengs eller opp og ned med det symbolet som liknar ei hand. Du

klikkar på det, plasserer det på kartet, held nede venstre musetast, flytter og slepper. Gjenta til du er der du vil arbeida. No kan du leggja til andre tema og velja kart.

- b. *Liste for val av grunnkart.* Her kan du velja fleire. *Flyfoto* kan vera bra i mange høve. Det er ei teneste som er levert av Statens kartverk. Veiskapen med denne tenesta er at det framleis tek lang tid å lasta bileta slik at arbeidet går seint. Ofte kan *Detaljert grunnkart* eller helst *ØK Raster* vera bra. *ØK Raster* kjem til syne når du zoomar innover og kjem til målestokk under 1:5000.
- c. *Val av karttema.* Du må òg velja kva tema som skal visa i arbeidsflata di. Her er det mange, og du kan velja det som høver best. Sorter lista etter *Organisasjon*. Under *Fylkesarkivet* finn du "*Stadnamn dig godkjent*" og "*Stadnamn dig ny*". Den første lista er namn lagde inn av

Figur 14.



Fylkesarkivet (i alt kring 150 000 namn i heile fylket). Den andre lista er dei namna du no digitaliserer. Begge desse må vera på. Under Statens kartverk finn du elles *Eigedomsgrenser*, som kan vera nyttig, og FKB – detaljert grunnkart. (Mykje data som kan ta tid å lasta.) Det beste er om du som hovudregel legg på ØK Raster og *Eigedomsgrenser*. Då ser det ut som på figur 14 (døme frå Takle i Gulen). Du får då med bygningar, gardsnummer, eigedomsgrenser og andre opplysningar som kan vera nyttige. Hugs at ØK Raster ofte ikkje er oppdatert.

3. *Reiskap for digitalisering av punkta*. Heilt til høgre over kartet står det no ei nål med svart hovud. Det er reiskapen du skal nytta for å digitalisera stadnamn. Klikk på nåla. Du får då opp eit skjema du skal nytta (figur 14, til høgre).

Me byrjar å digitalisera

No må du passa på å nytta den nåla som står bak teksten *Digitaliser stadnamn*, ikkje den som er heilt til høgre over i rekkja av ikon. Den siste nullstiller skjemaet, og du kan missa ting du har lagt inn i felta. Gjer arbeidet slik (sjå skjemaet):

1. Vel karttype frå lista bak det første feltet. Det er ØK Raster for alle stadnamn i låglandet der det finst ØK. For namn i fjellet er det M711. Dette er svært viktig.
2. Klikk på nåla bak *Digitaliser stadnamn*, flytt deg til det punktet som namnet skal ha, klikk med venstre musetast, og det kjem fram ein blå prikk på kartet. Samstundes ser du at det kjem fram ein verdi i feltet *Geometri* i skjemaet til høgre, siste feltet. Det er koordinatane til stadnamnet (lengd og breidd).
3. Fyll ut dei andre felta.
 - a. *Stadnamn*. Skriv namnet om lag slik du vil seia det på den lokale dialekten, til dømes *Storehaujin* (*Storehaugen*). Alle stadnamn skal seinare få ei normert skriftform i samsvar med retningslinjene for skriving av stadnamn. Då kjem rett skrivemåte fram, men det du legg inn no, vert sjølvstykke og teke vare på.

b. *Preposisjon*. Døme: *På*.

c. *Omtale*. Her skal du skriva litt om kva det er namn på, til dømes myr, dal, gjel, foss, røys og så vidare, og eventuelt litt om kva området har vore nytta til, til dømes i samband med skogbruk, jordbruk, beite osv. Døme: *Haug der dei før brukte å samla kyrne for mjølking*. Me får vita at dette er ein haug, og at det har vore nytta som mjølkeplass.

d. *Gnr. – bnr*. Her skriv du inn gardsnummer og bruksnummer. Dersom du har slått på temalaget *Eigedomsgrenser*, står det i kartet, og du kan berra skriva det rett av (sjå figur 14).

e. *Oppskrivar*. Namn, det vil seia etternamn og førenamn på den som gjer dette arbeidet med digitalisering.

f. *Informant*. Namn, det vil seia etternamn og førenamn på den som er informant eller kjelde. Det kan vera deg sjølv, eller det kan til dømes vera eldre folk i grenda.

g. *Sett inn – Lagre*. Når du har skrive inn dette, trykkjer du på knappen *Sett inn*. Då vert data lagra i basen til Fylkesarkivet, og du får òg opp litt nye opplysningar i raud skrift over. Det er nummer og namn på det kartbladet som namnet no høyrer til. Det vert òg laga eit løpenummer for namnet. Du kan òg leggja merke til at gardsnummer, bruksnummer, informant og oppskrivar ligg att som framlegg til neste namn. Berre namn, preposisjon og omtale er tomme felt og ventar på opplysningar om neste namn.

h. *Namnet er kome på kartet*. På kartet er no den blå prikken erstatta med raud firkant, og namnet er kome synleg på kartet (*Storehaujin*). Figur 15.

Digitaliser nytt stadnamn

No nyttar du den svarte nåla (til høgre for *Digitalisera stadnamn*) til å markera punktet for neste namn. Du legg inn opplysningane i skjemaet og trykkjer *Sett inn*. Då er dette namnet òg kome på kartet markert med raud firkant. Slik går du vidare.



Rapport

Under skjemaet der du legg inn opplysningar om stadnamna, finn du òg ein knapp som heiter *Rapport*. Trykk på knappen, og du kan henta ut alle stadnamna du har digitalisert på dei ulike kartblada. Du må då vita nummer på kartblada du har arbeidd med (dei som kom opp med raud skrift). Legg òg inn kommunenummer og kartbladnummer som i dømet under (figur 16).

Rapport stadnamn

Kommunenr.

1411

Kartbladnr.

AH07153

Lag EXCEL rapport

Figur 16.

Trykk på *Lag EXCEL rapport*. Det vert no laga ein rapport i Excel-format som du kan opna eller lagra på disken din. Han inneheld desse opplysningane/felta:

- ✓ Kartnummer – Lagt inn automatisk
- ✓ Kartnamn – Lagt inn automatisk
- ✓ Innsamlingsnummer – Lagt inn automatisk
- ✓ Normform – Den forma namnet skal få som endeleg skriftform etter vitskapleg handsaming
- ✓ Opps-form – Den forma du nytta då du skreiv inn namnet
- ✓ Omtale – Dei merknadene du skreiv inn om namnet
- ✓ Gardsnr. og bruksnr. – Det som vart registrert av deg
- ✓ Kommunenummer – Lagt inn automatisk
- ✓ Kommune – Lagd inn automatisk

- ✓Oppskriver – Det som vart registrert av deg
- ✓Informant – Det som vart registrert av deg
- ✓Innsam_kart – Viser at dette namnet er digitalisert via denne løysinga
- ✓Bredde_koord – Lagd inn automatisk
- ✓Lengde – Lagd inn automatisk

Dersom du held fram på same kartbladet neste dag og tek ny rapport, kjem dei nye namna med og vert passa inn i same rapporten. Hugs: Du får berre ut namn som du sjølv har digitalisert, ikkje namn som andre eventuelt har arbeidd med på same kartbladet.

Retta opplysningar eller plassering på kart

På skjemaet for registrering av opplysningar er det ein knapp som heiter *Søk*. Trykk på knappen. Då kan du søkja fram namnet du vil endra, og du får opp eitt eller fleire namn i ei liste. Til høgre for namnet er det ein globus. Trykk på globusen, og du får fram posisjonen til namnet på kartet. Klikk på namnet, og du får opp skjemaet med opplysningane. Du kan no endra opplysningane i skjemaet eller nytta digitaliseringsnåla til å peika på ein ny posisjon i kartet. På same måten kan du sletta namn. Du ser då at verdiane i feltet *Geometri* endrar seg. Trykk til slutt på *Oppdater*-knappen.

Namna på Fylkesatlas

Neste morgon er stadnamna du digitaliserte, komne ut på den opne versjonen av *Fylkesatlas.no*. Du finn dei på *Avansert løysing* under temalaget til Fylkesarkivet.

STADNAMNA VART REDDA



**Stadnamnaksjonen i Sogn og Fjordane vart vellukka.
Over 200.000 stadnamn vart berga for vår tid og
komande tider. Me takkar for det arbeidet du utførte.**

Alv O. Bergset
Alv O. Bergset
leiar fylkeskultursynet

Lidvin M. Osland
Lidvin M. Osland
fylkeskultursjef

Gunnar Urtegaard
Gunnar Urtegaard
fylkesarkivar

Jan Olav Fretland
Jan Olav Fretland
prosjektleiar

Diplom. Alle innsamlarar som har arbeidd med stadnamnaksjonen, har fått diplom som prov på god innsats.

4 Stadnamnlista og lydbandopptaka

Til innsamlinga i 1985/1986 vart det utarbeidd ei stadnamnliste der innsamlarane skulle skriva ned namna dei fekk i intervju med heimelsfolk, sjå kopi av lista nedanfor. Lista er todelt, øvst eit “hovud” der innsamlaren fyller inn faktaopplysningar, så eit ope felt der inntil 12–13 namn med tilhøyrande opplysningar om namna kan skrivast inn. Samtidig – eller etterpå – vert namna snakka inn eller mange gonger lesne inn på lydband. Meininga er at den innlesne forma skal ha genuin målføreuttale.

Den vidare handteringa av namna byggjer altså på desse to kjeldene, stadnamnlistene og bandopptaka, forutan på kartblada der namna er plasserte med nummer tilsvarande det nummeret dei har i lista. Kvaliteten på den vidare faglege handsaminga, innlegging av namna i databasar, digitalisering og kartfesting, er heilt avhengig av det arbeidet oppskrivaren har gjort med listene og karta, og av kvaliteten på bandopptaka. Me skal sjå litt på korleis innsamlaren har brukt listene, og på korleis dei tener den faglege handsaminga, likeins på bandopptaka. Ei meir grundig innføring i korleis namnelista skal brukast, har Inge Særheim gjeve i *NAMN som fortel om oss*, s. 25f.

Hovudet

Som me ser, skal hovudet på arket – øvste delen – fyllast ut med listenummer, opplysningar om dato for innsamling, namn på oppskrivar, informant (heimelsmann eller heimelskvinne) med fødselsår, og namn og nummer på kartbladet (Økonomisk kartverk), fylke, kommune og sokn.

Listene skal nummererast frå nr. 1 og oppover for å ha kontroll med kor mange lister eit kartblad omfattar, og at ingen lister går tapt.

Denne delen av lista ("hovudet") har fungert fint. Alle listene har med dei etterspurde opplysningane. Eit mindre problem er at dei fleste oppskrivarane ikkje markerer tydeleg nok når det er overgang til ny informant. Oftast held innskrivinga av namna fram på same lista (truleg for å få ho heilt utfylt), også når ein går over til ny heimelsmann, som då først får namnet sitt oppført på neste liste. På grunn av slike manglar finst det tilfelle der rett heimelsmann ikkje er oppført ved alle dei namna vedkomande har gjeve opp. Ei løysing på dette burde vera at innskrivaren alltid går over på ny liste når ein går over til ny informant.

Lydbandtilvisinga viser nummeret på den eller dei sidene der namna er innlesne.

Figur 17. Ei tom stadnamnliste.

[illegible]

Utfyllingsfeltet

Utfyllingsfeltet har åtte kolonnar, *Nr.*, *Stadnamn*, *Prep.*, *Opplysningar*, *Gnr./br.nr.*, *Kartrute*, *Uttale* og *Lydb.-tilv.*

Nummerkolonnen

Nummerkolonnen (*Nr.*) til venstre er viktig. Det er kartbladet som er referanse for nummereringa, og prinsippet er at kvart kartblad (Økonomisk kartverk) tek til med nummer 1, så får namna stigande nummerering innanfor kvart kartblad, så langt det vert registrert namn på dette bladet. Dei listene som høyrer til eit kartblad, vert i arkivet kalla eit legg. Det er altså mengda av namn på kartbladet som avgjer kor mange nummer eit legg har, frå berre eit par namn (og nummer) på dei med færrest namn til over tusen på kartblad som har tett med namn. På kartbladet skal det nummeret namnet har fått i lista, setjast inn der namnet ligg i terrenget. Når ein bruker nummer og ikkje skriv namna heilt ut på kartblada, er det sjølvstyk for å spare plass og få eit meir oversynleg kartblad, særleg der det er tett med namn.

Det hender at det kjem til nye namn eller alternative namn etter at listene for eit legg er ferdige. Det er gjerne markert med A etter nummeret for det nye namnet, slik at lista til dømes har både nr. 10 og nr. 10A. Dersom same lokaliteten har to eller fleire namn eller til dømes to variantar av same namn (*Haugen* og *Haugane*), og alle er oppskrivne i lista under same nummeret, er dei i den faglege handsaminga innskrivne med same nummer, men med ein merknad i merknadsfeltet om at namnet har ei eller fleire alternative former.

Ikkje alle legg har med alle nummer frå nr. 1 på liste nr. 1 til det siste nummeret på den siste lista. Det kan mangla nummer innimellom. Det er til dømes tilfellet der ein etter den første innsamlingsfasen har teke for seg kartet på nytt og fått inn nye namn. Eit legg kan difor i første omgang vera avslutta med til dømes nr. 332 som siste namn, medan ein ny oppskrivar seinare har supplert legget og teke til på nr. 400. Det kan òg henda at lister manglar eit nummer (av rein gløymse), eller nummer kan vera strokne fordi namnet går ut, er feil eller er dobbeltregistrert.

Det siste nummeret som er brukt på den sist nummererte lista i eit legg eller til eit kartblad, viser difor ikkje nødvendigvis kor mange namn som er registrerte på dette kartbladet.

Stadnamnkolonnen

Under rubrikken *Stadnamn* skal det lokale stadnamnet skrivast inn.

Det er ikkje stilt spesifikke krav til innsamlarane om å registrera namn med lydskrift ettersom bandopptaka skal sikra den delen. I praksis har det ført til at oppskrivarane skriv namna med vanleg alfabetskrift, men likevel slik at særskilde lydtrekk i målføret som regel er markerte, rett nok ikkje alltid heilt konsekvent eller heilt gjennomført. Innsamlarane held seg difor til normert skrivemåte når me ikkje har eigne grafem for eit fonem, som *Kjæringa*, *Kjøkenhagjen* med *kj* og *gj*, *Tjovura*, *Tjuvhellaren* med *tj* osv. bortsett frå eit par oppskrivarar, som prisverdig har notert namna med (tilnærma) lydskrift, gjerne òg med markert trykk og tonelag. Slike fagspesifikke krav er likevel ikkje stilte til oppskrivarane generelt, og difor er bruk av lydskrift unntaket som nok kan ha sine fordelar i det vidare arbeidet med namna, eller som er med på å stadfesta banduttalen.

Ein uttalevariant som nokså konsekvent er markert (med *j*), er overgang frå velar konsonant i grunnforma (den ubundne forma) til palatal konsonant i den bundne, og som me veit, finst dei fleste namna i bunden form: *Bekk* – *Bekkjen*, *Haug* – *Haugjen*, *Egg* – *Eggja*, *Berg* – *Berje(t)*, *Bakkje* – *Bakkjen*, i det siste dømet også palatal i den ubundne forma, likeins når føreleddet har palatal, som i *Øyk(j)asva*, *Egg(j)asteinen* eller palatalitet i andre tilfelle, som *Hoggje(t)*, *Ryggjen* og liknande. Ikkje alle listene er like konsekvente i denne markeringa, og ettersom dette lydtrekket varierer i målføra, er ei tydeleg og ikkje minst sætande markering av dette til stor hjelp i den seinare fonemiseringa. Er det tvil, stadfestar banduttalen oftast kva som er rett målføreform.

Palataliserte konsonantar (dentalar), særleg i fjordamåla, er òg i regelen markerte i trykkstavingar, alltid med *j*: *Fjellje(t)*, *Tjønnja*, av og til med markert diftongering i tillegg: *Fjeillje(t)*,

Tjøynnja. I trykklett staving er derimot eventuell palatalitet berre delvis markert, men nokre få oppskrivningar noterer det konsekvent: *Runnjanje* osv. Der det ikkje er gjort, er ein avhengig av bandopptaka for eventuelt å få markert palatal i fonemiseringa.

Ingen målføre i Noreg uttalar *t*-en i bunden form eintal av inkjekjønn. Difor spelar det eigenleg lita rolle om dette er markert eller ikkje i listene, og det varierer frå liste til liste, også hjå same oppskrivaren. I regelen er *t*-en med i den oppskrivne forma, truleg av rein skrivevane: *Fjellet*, *Trippet*, *Vatnet*, *Storavatnet*.

Markering av andre stumme konsonantar varierer mykje, og ofte verkar det tilfeldig om konsonanten er med eller ikkje. I somme tilfelle spelar det lita rolle ettersom uttalen likevel er eintydig, som skrivemåten *dj* og *gj* for *j* i talemålet: *Jupehølen*, *Jøle(t)*, *Jerdet/Jere* og andre. Derimot er det ikkje opplagt om *d*-en skal vera med i uttalen av sisteleddet i namn som *Jupeskedene*. Her varierer det i dei oppskrivne namna mellom *Skredene*, *Skreene*, *Skrenje*, og bandopptaket lyt brukast som sikring.

Av spesielle vokallydar er det tilfeldig om den markante opne *ø*-lyden som me finn i mange av fjordamåla, særleg i stadnamn, er markert eller ikkje. Det kan stå *Skora/Skåra* ein stad, men med *ø* ein annan gong: *Skøra*. Der oppskrivaren kjenner lyden og vil markera han, er det brukt *ø*: *Førehogjen*, *Tøpta* og andre.

Den bakre runda *u*-en er av dei fleste oppskrivarane markert med *o* der normeringa i regelen krev *u*: *Rondehojen*, *Bokkaskora/Bokkaskåra*, *Onde Reinene*, *Homlegar(d)en*, *Hondakjønnja* osv.

Diftongar har varierende uttale i fylket, men er av oppskrivarane stort sett skrivne i normert form: *Haug(j)en*, *Steinane/Steinanje*, *Røysa/Røysi*. Ettersom det berre er tale om fonetiske og ikkje fonemiske skilje, fungerer dette greitt. Diftongeringa av *å*-lyden i store delar av Sogn (og tilsvarande diftongering av *a føre ng til -aong* eller *e føre ng til -aing*) er stort sett markert av oppskrivaren, og då med *ao* eller *ei/ai*: *Aosen*, *Laongeaokeren*, *Saingji*. Dette kan vera nyttige

opplysningar ettersom diftongeringa ikkje finst like gjennomført overalt, til dømes vekslar *ao* med *å* i ytre Sogn, og *ao/ai/ei* har ulik geografisk utbreiing. Ei tydeleg markering her er difor ei god støtte i fonemiseringsarbeidet.

Syllabisk (stavingsberande) konsonant er stort sett ikkje markert. Det er ein mangel ved noko av materialet, særleg frå Fjordane. Ofte er det her ein samanheng mellom syllabilitet og palatalisering, slik at det eine utelukkar det andre. Det kjem berre delvis fram i materialet: *Svartebotn/Svartebot*n* kunne ha vist syllabilitet, *Svartebotnen* med upalatalisert artikkel, og *Svartebotninj* tilsvarande med palatalisering. Alle variantane finst.

Trykk er ikkje markert, men vantande markering er i dei fleste tilfella ikkje avgjerande. Trykkmarkering kunne likevel ha vore til god hjelp i fjordamål som har tydeleg etterleddstrykk, og det gjeld mange, med ulik grad: *Blå 'fjeillje*, *Svora 'tejen/Svøra 'tejen*, *Små 'alneskreenje* osv. Her vert såleis informasjonen på bandopptaka avgjerande for den fonemiske noteringa når det ikkje er markert i listene.

Preposisjonskolonnen

Denne kolonnen er i regelen ikkje utfylt, dels etter tilråding frå arkivet om å sløyfa han. Eitt tilfelle der opplysningar om preposisjonsbruk er til nytte, gjeld målføre som har dativ dersom namnet står etter ein preposisjon, men subjektsform dersom preposisjonen manglar: *Myra*, *i Myrinnje*, *Fjelljet*, *på Fjellja*, *Hagen*, *i Hagja* osv.

Opplysningskolonnen

Denne kolonnen er svært viktig. Det er sjølv sagt avgjerande å få registrert namnet og uttalen av det, men verdien av eit namn aukar mykje når ein veit kva det er namn på (*Stauren* – ein smal bakke), eller kva staden har vore brukt til (*Hjellen* – kolbrenning). Omvendt blir mange namn, særleg jamføringsnamn som nemnt tidlegare, mest verdilause utan at det er med opplysningar om bruksområdet, og til mindre sjølvdefinierende namneforma er. At *Bestefaråkeren* er ein kåråker nytta av bestefar kan med litt godvilje lesast ut av namneforma, likeins at dette er bakgrunnen for namnet. Det same gjeld *Kvilesteinen*, som er

ein stein nytta til å kvila seg på – på veg til stølen til dømes. Litt meir usikre vert me på kvifor *Blåsva(et)* har fått namnet sitt, eller *Grønhamrane*. Men at *Elva*, eventuelt *Elvi*, er (eit sekundært) namn på eit slåtestykke, kan ikkje lesast ut av namneforma. Og truleg ligg det ei særskild historie bak namnet *Kvigesva(et)*. Og kva skjuler seg bak namn som *Tjovura*, *Oksen/Uksen* eller *Griseryggen*?

Opplysningskolonnen vart i ein del kommunar oversedd eller ufullstendig innfylt i den første innsamlingsfasen (1985/1986). Difor måtte fleire av dei tidlege listene attende til kommunane til ny gjennomgang nettopp for å få inn faktaopplysningar. Ein god og ufråvikeleg regel er det difor at innsamlaren alltid skal skriva inn opplysningar om kva namnet er namn på, eventuelt er brukt til, også ved tilsynelatande sjølvdefinerande namn som *Elva*, *Vatnet*, *Haugen*, *Myra*, *Steinen* osv. Og sjølvsagt skal eigne, spesifikke opplysningar som knyter seg til eit namn, vera med. I *Tjovura* har nokon ein gong gøymt tjuvgods, *Oksen/Uksen* og *Griseryggen* er

namn på steinar som ser ut som ein okse eller ein griserygg osv.

Til den faglege registreringa er det – som me skal sjå seinare, utarbeidd kodelister. Truleg kunne mykje arbeid vore spart om ein hadde lagt innsamlingsfasen tettare opp til at innsamlaren nytta seg av desse listene. Dermed hadde ein òg fått større samsvar mellom innsamlingsfasen og den påfølgjande faglege handsaminga.

Kodelistene deler namna i to hovudkategoriar, naturnamn og kulturnamn. Listene er vidare inndelte i meir eller mindre detaljerte undergrupper innanfor natur og kultur, sjå seinare. Når kodelistene har vore fråverande i innsamlingsfasen, er grunnen at ein var redd for at dei i for stor grad ville binda innsamlarane til berre å leita etter opplysningar som listene gav dekning for. Ein tenkte seg at innsamlarane burde stå fritt. Då vart opplysningane dei fekk inn, meir spontane, og forklaringane meir naturlege enn om ein tok “ferdige” formuleringar ut av kodelistene. Dessutan opna ein for at felt som listene kanskje ikkje dekkjer, også kom med. Praksis viser at den hjelpa det er i kodelistene for å søkja etter opplysningar, er meir til nytte for arbeidet enn faren for eventuelt å binda innsamlarane einsidig til listene. For innsamlarar utan spesifikk fagleg bakgrunn er kodelistene tvert om ei støtte til å kunna notera presise opplysningar om namnet.

I eit par tilfelle er det ønskjeleg å ha opplysning om eit namn er innmarksnamn eller utmarksnamn. I den seinare faglege kodinga av namna er det gjort eit nummer av nettopp dette for namn knytte til beite og slått, som begge skal spesifiserast som anten innmarks- eller utmarksnamn etter kodelistene. Og slåtte- og beiteområde er truleg dei to gruppene som er rikast på namn. Når listene manglar opplysning om namnet ligg på innmark eller utmark, vert den endelege kodinga tilfeldig og av og til feil.

Kvar stod stampa? Namn på stamper finn me mange stader fordi stampene var viktige i produksjonen av stoff til klede. På dette biletet ser du eit utsnitt der me har søkt på Fylkesatlas Sogn og Fjordane etter Øvre Stampeneset og med ei pil får vist kvar namnet ligg – og kvar stampa stod.



Ei hjelp til rett koding kan vera den konteksten namna er nedskrivne i. Det er nemleg ofte slik at innsamlaren og informanten byrjar registreringa ved tunet med innmarksnamn og deretter "vandar" gjennom utmark, til stolar og fjell. Men ei koding som følgjer dette prinsippet, er sjølvsagt mangelfull og ikkje nokon sætande metode.

Ein annan mangel ved opplysningsfeltet er at fleire innsamlarar plasserer namnet i terrenget i staden for å gje faktaopplysningar om natur og/eller kultur. Det understrekar den "vandringa" heimelsmannen eller heimelskvinna gjer saman med nedskrivaren når namn får opplysningar relaterte til det føregåande namnet på lista: *Stølshaugen: "Ligg aust for Stølsbakkane" eller "Ligg ovanfor Stølen".* Korrekte opplysningar her er fakta om namnet: *"Stor, markert og snau haug ovanfor stølen, utsikts plass".*

Kolonnen for gards- og bruksnummer

Også her er kvaliteten på listene ujamn, likevel med meir eintydige og fullstendige opplysningar i dei seinaste listene.

Det største problemet er at overgang til nytt bruksnummer ikkje alltid er tydeleg markert. Somme innsamlarar skriv om igjen gards- og bruksnummer eller bruker gjentakingssteikn for kvart namn, og det er sjølvsagt eintydig. Men ofte står kolonnen open inntil han eventuelt vert utfyllt når ein går over til nytt gards- eller bruksnummer.

Dermed er det usikkert kvar dei namna som manglar gards- eller bruksnummer, høyrer til. Sikre markeringar er gjentakingssteikn eller at ein tek opp att gards- og bruksnummer for kvart namn. For fellesnamn er "Felles" brukt, for namn som gjeld fleire bruk, men tydelegvis ikkje alle bruka på garden, er ofte "Div." (diverse) nytta. Begge desse markeringane er eintydige.

Kolonnen for kartrute

Her gjeld mykje av dei same innvendingane som for gards- og bruksnummerkolonnen. Innsamlarane burde fått meir eintydige pålegg om ein eller eit par klåre måtar å markera karttilvisinga på som ikkje gjev rom for tvil eller feillesing.

Lydbandopptaka

Kvaliteten på opptaka er jamt over god når det gjeld uttalen av namna. Det er sjeldan slik at ein ikkje tydeleg høyrer kva som vert sagt. Problemet med opptaka knyter seg ikkje først og fremst til det tekniske, men mest til det metodiske, som nemnt tidlegare. Informanten les i regelen namna inn på bandet frå lista etter at namna er nedskrivne. Andre gonger kan ein annan person enn heimelsmannen (til dømes oppskrivaren) lesa inn namna etter at markarbeidet er ferdig. Begge metodane har den mangelen at dei lett fører til normert eller skriftmålsnær uttale.

Dersom banduttalen, eventuelt den oppskrivne forma, skil seg frå den ein fagleg sett veit skal vera den rette, må fagkunnskapen i den faglege

handsaminga vera avgjerande. Fagpersonen må i slike tilfelle i fonemiseringa nytta godteken eller kjend målføreuttale ut frå den kunnskapen han eller ho har om målføret. Men sjølvsagt kan detaljar i uttalen på denne måten gå tapt.



Låva sel. Biletet er frå sommarstølen Åsete, som høyrer til Indre Kroken i Luster. Stølen ligg 800 moh., og her var det drift fram til 1952, men berre få av stølshusa vert haldne ved like no. Som me ser, har bygningen på biletet skot oppmura av stein og eit lafta sel.

5 Kodelistene

Til bruk i innskriving av namna på data er det utarbeidd to lister med kodar som samlar namna i grupper ut frå felles eigenskapar eller felles bruk. Det er laga ei liste der namna er koda etter natur eller lende (naturnamn), og ei liste der namna er koda primært ut frå bruk eller anna kulturell tilknytning (kulturnamn). Når namna på denne måten vert samla i eintydige grupper med felles eigenskapar, er det i ettertid lett å henta fram grupper av namn frå materialet, til dømes namn på lokalitetar som haugar, elvar, vatn, steinar, eller på kulturaktivitetar som fiske, slått, samferdsle eller liknande. Det er òg mogeleg å kombinera to kodar og såleis få ut grupper med kombinerte eigenskapar, som namn på bakkar brukte til slått, steinar nytta som kvilestader, vatn der det er drive fiske, urar der det er jakta på oter eller rev, eller plassar generelt der dyr har hatt typisk eller naturleg tilhald osb. Slike karakteristiske namn med kombinasjon av “natur” og “kultur” er til dømes *Kvilesteinane*, *Fiskehølen*, *Fasteskora*, der endåtil sjølve namneformene indikerer dei to sidene ved namna som naturnamn og kulturnamn.

Oppbyggnaden og inndelinga i kodar og dei prinsippa som ligg til grunn, kan nok diskutera, og det kan sikkert finnast løysingar som er like bra og tenlege som dei ein til slutt har landa på. Fleire har hevda at kodinga som prinsipp er lite eigna for namnematerialet, og at ei koding av namna er å pressa dei inn i til dels unøyaktige og ofte unaturlege tvangstrøyer som ikkje tener særleg nyttige eller faglege formål.

Kodelistene (i *Stadnamna vart redda kalla funksjonsslykkel* og *formlykkel*) er oppbygde etter eigne prinsipp. Me skal sjå litt på desse prinsippa og på kor tenlege kodelistene viser seg å vera i praksis. Begge listene er tekne med til slutt under Del 3 Tabellar og lister.

Naturkodane

Lista over naturkodar har som utgangspunkt at dei lokale stadnamna uttrykkjer eigenskapar ved naturen, som at dei er nemningar for vatn, høgder, fordjupingar osb. i naturen, eller for

typiske eigenskapar ved naturlendet, som myrar, bergformasjonar og liknande.

Naturnamn som skal kodast, må skrivast inn i datakortet (sjå om oppbyggnaden av datakortet i kapittel 6) med bokstaven N framom koden. Lista over naturnamn har tre hovudinndelingar:

N100 Skap
N200 Materiale
N300 Vegetasjon

Under kvar hovudinndeling kan namna igjen delast i underkategoriar, til dømes under hovudinndelinga

N100 Skap:

N110 Høgding
N120 Skråning
N130 Flate
osb.

Kvar av desse gruppene kan igjen ha undergrupper, til dømes slik i gruppa N120 Skråning:

N121 Li, hall, bakke
N122 Opphakka skråning
N123 Heng, flog, stup

Dess lenger ”nedover” i kodinga me kjem, dess meir detaljerte opplysningar får me altså om namnet, til dømes slik at N146 viser typen skor eller skorte innanfor kategorien N140 fordjuping under hovudgruppa N100 skap.

Kulturkodane

Lista med kulturkodar har ei todelt overordna klassifisering i tillegg til ei open tredje gruppe. Her skal bokstavkoden K setjast framom koden når namna vert skrivne inn på datakorta. Lista har denne hovudinndelinga:

K100 Område
K200 Samferdsle til land
K300 Lokalitet, jamføringsnamn

Som overskriftene fortel, skal namna i hovudsak kodast ut frå kulturell aktivitet kopla til eit avgrensa (geografisk) område, eller til samferdsle, det vil seia flytting eller rørsle innanfor eit område eller frå eit område til eit anna. Den tredje gruppa

gjeld stort sett jamføringsnamn, altså lokalitetar som har fått namn med grunnlag i jamføring med kjende objekt, oftast fordi lokaliteten har same form som objektet, eller tilsvarande ibuande eigenskapar: *Purkeryggen* (stein forma som ein purkerygg), *Trekanten* (åker forma ein trekant) osv.

Eit avvik frå resten av oppbyggnaden har tre klassifiseringar som ligg direkte under *K100*

Område, med kodane

K104 Tettstad, bygd, grend

K105 Namnegard

K107 Grense, grensemerke

Den vidare oppbyggnaden av lista følgjer same prinsippet som lista for naturkoding, med ei finare inndeling i ”tiarkodar”, til dømes:

K110 Buplass, tun

K120 Jordbruk

K130 Husdyrhald

osb.

Desse gruppene kan igjen ha undergrupper, til dømes er *K110 Buplass, tun* inndelt i

K111 Gard/bruk

K112 Husmannsplass

K113 Tomt, villaområde m.m.

K114 Tuft

Også her får me finare og meir avgrensa koding dess lenger ”nedover” i systemet me går.

Prinsipielle tankar om kodinga

Begge listene har vore grunnlag for diskusjonar i fagmiljøa, ikkje minst prinsippet om kor tenleg det er å gjera slike avgrensingar av namna. I prinsippet skal eit namn kodast slik at koden viser primære eigenskapar (natur) og/eller primær bruk (kultur) av namnet. I praksis er det ikkje alltid like lett å følgja dette prinsippet. Eit grunnleggjande spørsmål er mange gonger kva slags opplysningar som er primære, og kva som er sekundære.

Dei to omgrepa naturnamn og kulturnamn er velkjende og velbrukte og stort sett greitt avgrensa. Eit naturnamn er nemning på ein lokalitet der topografi, landskapsform, særdrag eller særeigenskapar ved grunnen i naturen eller liknande er dominerande: *Haugen*, *Gropa*, *Dalen*,

Lia osv. viser alle formasjonar i terrenget, medan *Hammaren*, *Ura*, *Berget*, *Steinen*, *Myra*, *Grova* og *Elva* legg vekt på terrenggrunnen. Alle er primært naturnamn, i desse døma ikkje minst ut frå sjølvne namneforma (ein haug, ei grop osv.). Eit kulturnamn er nemning på ein lokalitet nytta eller utnytta av menneske i ein eller annan samanheng, som *Langåkeren*, *Slåttegjerdet*, *Dansarflaten*, *Vøkeldeplassen* osv. Poenget med kulturnamna er at namn og menneskeleg bruk i regelen er kopla uløysleg saman.

Ei utfordring med todelinga i natur og kultur er at mange lokalitetar som etter si form er naturnamn, eigenleg har fått namn fordi lendet har vore utnytta kulturelt (menneskeleg verksemd). Eit par døme kan visa dette.

I namnet *Bakkane* ligg det i sjølvne appellativet som er brukt i namneforma (bakke) at lendet er bakkete eller skrånande, altså ei opplysning om natur. Difor er det normalt å kalla namnet eit naturnamn. Men grunnen til at lokaliteten i det heile har fått namn, er at området har vore nytta til slått (førsanking). Om lokaliteten ikkje hadde vorte utnytta til dette, hadde bakken heller ikkje fått noko namn. Er namnet då eit naturnamn eller eit kulturnamn? Det finst sjølv sagt mange haugar, flater, lier og egger som kunne fått nemningar som *Haugen*, *Flata*, *Lia*, *Egga* – typiske naturnamn – om dei hadde vorte utnytta i ”kulturelle” samanhengar, og då måtte reknast som kulturnamn. Todelinga i kultur og natur er difor eit tveggja sverd, og plasseringa i den eine eller andre kategorien er ikkje alltid like opplagd.

Namnet *Trekanten* kan ha desse opplysningane i lista: ”*Trekanta åker, no slått. Flatt.*” To klåre tilhøve ligg til grunn for den opphavlege namnsetjinga, begge av kulturell karakter: 1) *jamføring* med forma på åkeren (altså eit jamføringsnamn) og 2) *åker på innmark* (primær bruk), eventuelt også *slått på innmark* (sekundær bruk). Opplysninga om at lendet er flatt er derimot eit (tilfeldig) tillegg som ikkje er knytt til den opphavlege namnsetjinga. *Trekanten* kunne like gjerne vore ein skrånande åker og fått det same namnet, og skulle då eventuelt hatt ein annan naturkode!

Er *Blåsvaet* eit naturnamn eller eit kulturnamn? Kanskje opplysningane som er gjevne om namnet, kan gje svaret: ”*Sva i stølsvegen, mørkt på lét. Jakob miste livet her*”. Opplysninga om at det er eit *sva*, saman med sjølv appellativet som er brukt (*sva*), viser at me har å gjera med eit naturnamn. At det er mørkt på lét viser at fargen har gjeve namnet eit utmerkingsledd (*blå*), og det kan forsvare å rekna namnet som eit jamføringsnamn (kultur). Utan tvil er opplysninga om at Jakob ein gong (truleg tilfeldigvis) køyrde gale over dette mørke *svaet* med eit hestelass slik at både mann og merr miste livet, sekundær og har eigenleg ingen ting med den opphavlege namnsetjinga å gjera. Namnet var på plass lenge før denne hendinga. Likevel bør nok namnet kodast både som naturnamn og som kulturnamn, men i realiteten er det eit naturnamn.

Praksis i kodingsarbeidet er at slike opplysningar, som ikkje har noko med den opphavlege namngjevinga å gjera, òg får sin kode. Men dermed vert materialet svært lite sætande for den som eintydig ønskjer å få fram spesielle kategoriar av natur- eller kulturnamn. Med andre ord: Eit søk i til dømes koden for ulukker viser oss ikkje nødvendigvis kor mange lokalitetar som primært har fått namnet med bakgrunn i slike hendingar. Den einaste slutninga me kan dra, er at her har skjedd ei slik hending.

Eit problem er det òg at det innanfor kulturkodinga finst to kategoriar, primær kultur og sekundær kultur. Spørsmålet vert då kva slags bruk (kultur) som skal ha dei to kodane, den opphavlege (eldste) eller den noverande bruken. Også her tek me eit par døme. I materialet finst det svært

mange opphavlege åkernamn, det går fram både av opplysningsfeltet og av namneforma, til dømes *Storåkeren*, *Langåkeren*, *Smieåkeren*. Det kan òg gjelda namn der sjølv namneforma indikerer primærbruken, som *Tremælingen*, *Firmælingen*, *Attlega*, eller namn der bruken er heilt løynd: *Aspen*, *Ausa*, *Baren* og andre. Mange slike gamle åkerområde er ikkje lenger nytta til åker, men mest til slått eller anna førsanking. Eit anna hyppig tilfelle er tidlegare utmarksslåtter som no vert nytta til beite: *Skoraslættene*, *Fjellslættene*, *Skogateigen* osv. Skal me leggja eit historisk prinsipp til grunn og gje namna primærkoden ”åker” og ”slått i utmark”? Eller skal notidsbruken få primærkoden?

Svaret må vera at den genuine, opphavlege årsaka til namnsetjinga bør liggja til grunn for kodinga, altså ei historisk eller kronologisk tilnærming. Trass alt er det den første bruken som er primær, også fordi denne bruken ofte viser seg att i namneforma, med bruk av appellativ som *åker*, *attlege* osv.

Eit anna prinsipielt spørsmål er om eit namn utan opplysningar i listene bør kodast ut frå namneforma, altså etter det semantiske innhaldet i appellativet. Det er freistande i slike tilfelle å koda etter opplysningar i appellativet, men slike slutningar kan vera galne og føra til feilkoding. Det er ikkje sikkert at namnet *Elvi* er eit elvenamn og skal kodast som det. Namnet viser seg tvert om å vera brukt om eit engstykke som ligg attmed eller opp frå ei elv. Oppstillinga nedanfor viser nokre døme på desse utfordringane (tabell 3).

Tabell 3.

Namn	Forklaring	Primær bruk	Sekundær bruk	Kommentar
<i>Bakken</i>	Slåtteteig opp frå elva	Kulturnamn (slått)	Naturnamn (skråning)	Slått (kultur) har gjeve bakken namn
<i>Svartasvaet</i>	Svart <i>sva</i> . Ein hest sklei utfor her	Naturnamn (svaberg)	Kulturnamn (hendingar)	Hendinga er tydeleg sekundær
<i>Hansholmane</i>	To dyrka holmar	Naturnamn	Kulturnamn	Truleg dyrka av Hans; viser kanskje kulturfunksjonen
<i>Fossvatnet</i>	Fiskevatn	Naturnamn	Kulturnamn	Namnet er uavhengig av fisket

Eit litt spesielt problem har me der kodelista tilsynelatande har for detaljerte undergrupper. Eit døme er koden *N133 Flôt* under *N130 Flate*. Appellativet ”flôt” er definert som ”flat mark, flate” (*Nynorskordboka*). Når eit namn som *Elvafløten* er forklart som ”Flatt slåtteland langsmed elva”, gjev ikkje opplysningane grunnlag for anna koding enn om namnet hadde heitt *Elvaflaten*, med same forklaring. Skal ein i slike tilfelle gjera seg nytte av opplysninga ein ser av sjølvne namneforma (*flôt*), og koda under *N133*? I praksis er slike namn samla under hovudgrupperinga *N130*.

Merknader til nokre av naturkodane

N110 Høgding

Eit spesielt problem her er at både ”berg” og ”ås” er nytta som forklarande tekst under *N111*, som

dessutan er meint å dekkja ”fjell”. Eit fjell omfattar relativt store massiv, og verken ”berg” eller ”ås” høver godt i dette selskapet. Svært mange namn i materialet inneheld appellativet *berg*, ofte som hovudledd i samansette namn: *Almeberget*, *Andersberget*, eller namn er forklarte som ”berg”. I slike samanhengar er ”berg” ein mindre lokalitet og burde hatt eigen kode, helst ein underkode under *N250*, sjå nedanfor.

Skilnaden på *N111* (fjell,ås,berg) og *N112* (fjellkjede, fjellandskap) er òg uklår, særleg fordi mange lister ikkje er presise nok i opplysningane og sjeldan skil dei to gruppene. Éin kode for *fjell*, *fjellkjede*, *fjellandskap* hadde vore nok.

N130 Flate

Undergruppene for ymse typar flatt terreng er for spesifikke. I dei fleste tilfella vert difor flatt lende/ landskap koda under *N130*, og truleg hadde den eine koden vore nok, jf. ovanfor.

N160 Anna landegrense mot vatn

Under kodegruppa *N163 Mindre utstikk* er det naturleg å plassera namn på nes, oddar og liknande. Materialet inneheld svært mange samansette namn for ”nes”, ofte med *-nes* som hovudledd: *Bjørkeneset*, *Botnaneset*. *Nes* kan endåtil vera gardsnamn. Å rekna alle *nes*-namn som ”mindre utstikk” verkar urimeleg.



Seimsdalen i Årdal. Som biletet viser, var det namn på alle haugar og andre terrengformer som utmerka seg. Her er berre fellesnamna med. Som ei av eldsjelene seier: Ein tenkte aldri over kvifor desse namna fanst. Det var berre så naturleg, og det var svært så praktisk når me skulle seia kvar me var, kvar me såg dyra, kvar me skulle hogga ved osv.

Mange er namn på langt større lokalitetar enn det me kan rekna som ”mindre utstikk”, til dømes *Nornesneset*. Difor kunne lista hatt ein eigen kode for ”nes”, eventuelt ”utstikk”.

N240 Frose vatn

Ein eigen underkode her for (snø)ras eller snøskrede hadde teke opp mange namn laga til slike naturovringar. I fleire kommunar er svært mange namn relaterte til snøskred, men dei er alle koda under *N255*, som vert direkte misvisande ettersom denne koden gjeld ”stein- og jordras”: *Dyreskreda*, *Kvitaskreda*, *Merkeskreda*, *Berrfötlen*, *Fasteskreda*, *Bratteskreda* og fleire. Lista skulle hatt ein eigen underkode for ”snøras, snøskreder” under *N240*.

N250 Stein- og berggrunn

Som nemnt er det underleg at ”*berg*” er teke med som kategori under *høgding* saman med *fjell* og *ås* under *N110*, jamfør ovanfor, òg fordi ”*berg*” ikkje alltid representerer ei høgding, berre berggrunn. Som appellativ er *berg* nytta i svært mange namn, men det er stor skilnad på dei lokalitetane namn med *berg* dekkjer, og appellativet *fjell*. Dei fleste namna med *berg* åleine eller som hovudledd i samansette namn har karakter av steingrunn: *Helleberget*, *Lasteberget*, *Nedstaberget*, og skulle hatt ein eigen underkode for natur under *N250 Stein- og berggrunn*. Oftast er dei i praktisk koding også plasserte her.

At *N252* (skjer, flæs) er plassert her, kan ein skjøna ut frå materialet (stein, berg). Men dei fleste knyter nok slike lokalitetar til sjø (eventuelt vatn), og ei meir heldig plassering hadde difor vore under hovudgruppa *N150* (om- eller overflødde lende).

Under kode *N255* (utbroten, utfallen stein) burde ”ras, rasområde” vore presisert. Det er inga eiga gruppe for slike namn, men det finst mange av dei. Det mest naturlege må likevel vera å plassera dei her, trass i at raset oftast inneheld meir enn ”utbroten, utfallen stein”. Ei deling i to hadde vore rettast. Då fekk ein tydeleggjort skiljet mellom snøskreder, som oftast er årvisse, og stein- og jordskreder, som gjerne er eingongshendingar, og som av og til får meir dramatiske følgjer.

Merknader til nokre av kulturkodane

K100 Område

Hovudkoden, *K100*, er meint for større, sentrale og allment kjende namn – områdenamn. I stadnamnlistene er omgrepet ”område” diverre brukt i meir lokal meining som forklaring til mindre utbreidde og mindre kjende namn, til dømes når *Vetlesitjande* er forklart som ”utmarksområde”. Her kan omgrepsbruken verta forvirrande, og namn med lokalt preg kan feilaktig verta ”opphøgde” til områdenamn. Mangelen ligg likevel ikkje først og fremst i kodelista, men hjå oppskrivaren, som i slike tilfelle burde ha gjeve namnet andre og meir presise og lokale opplysningar.

Namn under dei to første kodane (*K104* og *K105*) kan vanskeleg reknast som lokalsnamn etter vanleg oppfatning av omgrepet, ettersom klassen rommar tettstader, bygder, grender og matrikkelgardar. Under *K105* er gardsnamn (matrikkelgardar) plasserte, i alt ca. 250 namn. Denne lista over gardsnamn kan likevel ikkje reknast som noko autorisert oversyn over matrikkelgardane i fylket. Til slik bruk må ein nytta Oluf Rygh: *Norske Gaardnavne*. Sjå òg under *K111* nedanfor.

K107 om grensemerke kan romma større grenseskilje, som elvar i grensa mellom to kommunar (*Fatla* eller *Fatlaelvi*, *Brekkeelva*), ein grensestein mellom to eller fleire kommunar (*Krossen*), men òg grenser mellom to namnegardar (*Vidjåna*, *Bruahammaren*, *Buasteinen*, *Driva*) eller endåtil mellom to bruk (*Grensegrova*, *Durdeigrova*). Koden vert òg brukt om gjerde, murar og liknande som står i grensa mellom til dømes innmark og utmark på eit bruk: *Dalagrindi*, *Bøagarden*, når det er opplyst at namnet gjeld eit slikt skilje. Kanskje burde grense(merke) hatt eigen hovudkode, med spesifiserte underkodar etter storleiken på dei lokalitetane grensene gjeld.

K110 Buplass, tun

Tilhøvet mellom overskrifta til *K110* (*Buplass*, *tun*) og undergruppa *K111* (*Gard/bruk*) er uklårt. Overskrifta burde vore *Buplass*, medan *tun*-omgrepet skulle hatt ein eigen delkode. I delkoden *K111 Gard/bruk* er omgrepet *gard* forvirrande. Truleg er det her meint synonymt med ”bruk”

(slik ”gard” vert nytta i dagleg tale mange stader), men det kan lett oppfattast som namnegard, som i så fall skal inn under *K105*. Nemninga *bruk* for denne koden ville ha vore eintydig og klårgjerande: *Olabruket, Haugen*, medan *K105* må reserverast koden for namnegardar: *Juklestad, Seim, Hovland* osv.

K113 fungerer mykje som ein samlekode for fleire uspesifiserte lokalitetar, som namn på tomter og hytter eller andre utskilde parsellar, villaområde, byggjefelt osv. Dette vert altså ein sekkepost, og mange av namna som er plasserte her, må reknast til kategorien trivielle. Men også ”viktigare” namn som *Meieriet, Butikken* osv. kan vera plasserte her i mangel av meir eigna kodar.

Eit eige problem er koden *K114 Tuft*. Appellativet ”tuft” kan sjølvsagt aldri vera primært, det må ha funnest noko på lokaliteten før han vart ei tuft. Mange namn på tufter er samansette og heilt tydeleg sekundære, og det skaper problem for kodinga, nemleg om ein skal koda historisk eller kronologisk (det vil seia etter primærbruken der han er kjend) eller etter sekundærbruken, som alltid er tuft. Mange namn kjem inn under denne kategorien. *Smaleffjosen, Kyråffjosen, Helgaffjosen* (kvinnenamnet *Helga*), *Bakkeffjosen* (husdyrhald), *Andersmuren* (bustad), *Bakkeløa* (lagring av fôr), *Eldhuset* (hushald) har alle det til felles at dei er nedfalne og difor forklarte og koda som tufter. Samtidig har dei alle hatt primære funksjonar (husdyrhald, bustad, fôrsanking osv.). På datakortet er det mogeleg å leggja inn to kulturkodar, men problemet med namn på tufter er at om ein reknar tuftenamnet som sekundært, får ein ingen primærkodar med tuft. Kodar me primært for *tuft*, underslår me primærbruken, som kanskje er like viktig å få med. Det prinsippet som er følgt, er i regelen at ”tuft” får primærkoden.

K130 Husdyrhald

Det er inga høveleg koding i kulturlista for namn knytte til slakting eller anna avliving av dyr, deponi for slakteavfall og liknande. Slike namn finst det ein god del av. Oftast må dei kodast under *K150 Hushald*, eller under *K130 Husdyrhald* i mangel av eigne kodar. Ein eigen kode for slike aktivitetar hadde vore ei betre løysing.

K140 Fôrsanking

I to kulturkodar skil kodelista mellom innmark og utmark. Det gjeld beite (*K131* og *K132*) og slått (*K141* og *K142*). Skal denne kodinga ha noko for seg, er ein heilt avhengig av at stadnamnlistene inneheld presise opplysningar om namnet gjeld innmark eller utmark. Mange lister manglar slike opplysningar, og i den faglege handsaminga kan utmarksnamn difor feilaktig vera koda som innmarksnamn, og omvendt. Delinga i innmark og utmark er nyttig og bør haldast på. Det er viktig å skilja dei to bruksområda, men det krev at innsamlarane og heimelsfolka er merksame på delinga og heile tida presiserer om namnet er innmarks- eller utmarksnamn i opplysningsfeltet. Særleg gjeld det slått og beite. Eit poeng her er at dei to kategoriane fôrsanking (slått) og husdyrhald (beite) har svært mange namn, så følgjene av feilkoding kan verta store.

Utmarksløer, som oftast er knytte til slått i utmark, har ingen eigen kode, men skal kodast under *K142 Slått i utmark*. Tilsvarande løer på innmark – også dei er det ein del av: *Lisjeløa* osv., bør som ein konsekvens kodast som *K141 Slått på innmark* for å få samsvar med utmarksløene. Kanskje løer likevel kunne hatt ein eigen samlekode for innmark og utmark, eventuelt at dei fekk ein eigen kode for lagring av fôr, sjå nedanfor?

Svært mange oppskrivarar nyttar merknadsformuleringa *Dyrka* som kommentar til namn på innmark. Og namn på lokalitetar som er ”dyrka”, er det svært mange av. Bruken av omgrepet *Dyrka* er sjølvsagt ikkje eintydig. Som regel tyder det ”kultivert, opparbeidd mark, ikkje natureng”, og kodinga er i slike tilfelle *K141 Slått på innmark* om ikkje andre opplysningar finst. Men mange av namna har hatt ei primær utnytting før dyrkinga, som ofte går fram av namnet: *Bukoneåkeren, Bestefaråkeren* osv. I hovudregelen har den primære bruken fått hovudkoden i slike tilfelle, og dei er det ein god del av.

Under *K147 Transport av fôr* burde òg *Lagerplass* ha vore med, eventuelt som eigen kode. Her kunne ein då plassert og identifisert plassar for lagring av staur, slåttreiskapar, sledar og andre transportreiskapar eller liknande brukte i slått: *Sledhelleren, Staurhelleren, Staurhuset*,

Bendikshelleren, Gjøahelleren osv. Slike lagerplassar er det ikkje få av, mest i utmarka, ofte under høvelege hellerar eller liknande, slik døma viser. Namna er koda under *K147 Transport av fôr*, eventuelt under *K194 Trevirke: transport, lagring*.

Mange namn er knytte til kvileplassar eller rasteplassar i samband med onnearbeidet, til dømes stader der onnefolket åt maten når dei var ute og arbeidde: *Grautasteinen, Mathola* osv. Ettersom namn av denne typen oftast er knytte til onnearbeid, verkar det ikkje rett å plassera dei under hushald, samlingsplassar eller fritidsområde, heller ikkje under samferdsle til land (*K200*). Det burde difor ha vore ein eigen underkode under *K140* for slike namn.

K150 Hushald

Ein annan kategori namn som ofte går att, er nemningar på bygningar brukte til handverk, tillaging eller lagring av mat osv. Materialet inneheld til dømes mange smienamn, anten som primærnamn eller i sekundærnamn, likeins ei heil mengd med eldhus, verkstader og liknande, anten åleine eller som utmerkingsledd: *Smia, Eldhuset*,

Mathuset, Smieåkeren, Smedmyra, Eldhusåkeren, Eldhustufta, Eldhusreina og mange fleire. I regelen er desse namna koda noko upresist under *K150 Hushald*, men ein eigen kode hadde vore den beste løysinga.

K194 Trevirke: transport, lasting

Under denne koden burde lagring (av trevirke) hatt eigen kode.

K200 Samferdsle til land

Her skulle kvileplassar, utsiktspunkt osv. hatt eigen kode. Kvileplassar er stort sett lokalitetar langs vegen, ofte til støls eller til fjells. Det vert difor litt uheldig å plassera desse namna under *K202 Stig, rekkje, klopp*, som er einaste alternativet.

Det er svært mange slike namn i materialet, særleg med etterleddet *-stein* eller *-kvile*: *Akslasteinen, Anderskvilet*. Koding under *K202* anonymiserer denne gruppa av namn og skil dei ikkje frå namn på stigar osv. Ein eigen kode for "*Kvileplass, utsiktspunkt*" er løysinga.

Handel og ferdsl. Oversiktsbilete over den gamle gjestgjevar- og handelsstaden Smørhamn i Bremanger.



Andre mogelege kodegrupper

Handelsstader

Ein god del namn i materialet gjeld handel og handelsverksemd. Det kan vera namn på den gamle handelsbua (landhandelen) eller på ei nyare, ei forretning eller liknande. Ofte tente dei gamle handelsplassane òg som lokalitetar for samferdsel, til dømes med dampskipskaier. Hit kom båten med varer, og her henta folk varer dei fekk tilsende, eller som dei trong. Den som dreiv handelen, hadde oftast ansvaret for skipsekspedisjonen med mottak og levering av varer både til handelsdrifta og til brukarar i området. Det primært kulturelle i slike namn er handelen (krambuverksemda), gjerne med dampskipskai, og namna er sjølvstendig viktige kultur nemningar, ikkje minst fordi aktivitetane i dag er sjeldnare og lokalitetane ofte nedlagde eller ikkje lenger i bruk med den funksjonen dei opphavleg hadde. Døme på slike kulturnamn er *Dampskipskaien*, *Dampskipsbryggja*, *Fabrikkbryggja*, *Brennevinsbua*, *Kaien*, *Lundabui*, *Njosen*, *Bui* og *Bua*, *Butikken* eller *Tomasbutikken*, *Olsenbui*, *Johannesenbui*, *Nilsenbui* og mange fleire. Ingen kodar i kulturlista fangar aleine opp slike nemningar. Dermed får dei litt ymse plassering, som under *K211* samferdsle til sjøs, eller under samlepoten *K113*, tomter og villaområde. Problemet er ikkje nødvendigvis mangel på kodar, men at namna ikkje finst samla i ein eintydig kategori. Ein eigen kode for "Handel" eller liknande hadde gjort nytten.

Industriverksemdar

Nedlagde private eller offentlege anlegg knytte til næringsverksemd av litt større, men lokalt omfang har ofte namn. På same måten som handelshus kan dei leva vidare, anten som avfaldige bygningar eller brukte til nye formål. Men det gamle namnet heng ved dei. Det finst til dømes ein god del nedlagde meieri rundt om. Ofte har tomtene eller attståande bygningar namn, gjerne *Meieriet*, *Fabrikken* eller *Bakeriet*. Også her er problemet å få dei samla i ein eintydig kode. No vert dei tilfeldig plasserte under *K114* for tufter, eller under *K150* hushald eller liknande. Også her kunne ein eigen kode ha avgrensa kategorien.

Meteorologiske tilhøve

Når me veit kor viktig vêr og vêrtilhøve er og sikkert har vore i vårt land, er det overraskande at lista ikkje har ei samlenemning for namn som viser til vêr og vind. Dette gjeld ikkje radt få namn i materialet, både for sjøve lokaliteten og for arbeid, oftast onnearbeid. Dei fleste viser til typisk ruskevêr på Vestlandet, som *Styggeveirsbakken*, *Styggeveirshogen*, *Styggevérsmyra*, *Styggevérvollen*, eller til at det som regel var regnfullt når dei onna på staden: *Regngjelet*, *Regnstykket*, *Regnslættet*. Fleire namn minner likevel om lysare vêrlag: *Solskinsbakken*, *Solskinsreina* osv., medan andre er meir generelle, som *Uvêrsmyra*, eller viser til særskilde meteorologiske tilhøve på staden: *Vindhogen* og liknande. Vêr og vind burde opplagt hatt ein eigen kode, helst ein underkode under *K220 Merke*.

Personnamn, dyrenamn, namn på treslag og liknande

Ein kode som er sterkt sakna, er ein samlekode for namn, først og fremst personnamn, men òg namn på dyreslag, planteslag og liknande. Som regel er slike nemningar brukte som utmerkingsledd, og namn som inneheld personnamn, er difor spreidde under mange kodar etter den funksjonen hovudleddet uttrykkjer: *Danielskorane* viser at Daniel har slege i desse skørene, men namnet er berre koda under skører og slått i utmark, *Karihelleren* er koda som heller og lagringsplass for fôr fordi Kari slo her og la høyet under helleren, *Hansskorane* ligg koda under skor og som slått i utmark fordi Hans slo her, *Britatjørna* finn me under koden tjørn og som ulukkeskending fordi Brita omkom her, osv. Men me finn korkje Daniel, Kari, Hans eller Brita som eiga namnegruppe i kodelistene. Ikkje minst har mange åkernamn personnamn som førsteledd *Durdeiåkeren* vert koda som åker. Det same gjeld hovudmengda av husmannsplassar: *Olaplassen*, *Eliasplassen* osv. er koda som husmannsplassar osv.

Denne mangelen gjer at det ikkje finst sikre søjekriterium for den som vil studera personnamn i lokalnamna, til dømes tilhøvet mellom kvinnenamn og mannsnamn, kva type namn som er brukt (bibelnamn til dømes), forsvunne namn, om namnebruken følgjer særskilde mønster, om

det er samanheng mellom geografi og bruk av personnamn og liknande. I tillegg til den kulturelle funksjonen (åker, slått, husmannsplass osv.) burde personnamn hatt ein eigen kode.

På same måten som personnamn kunne namn på dyreslag og treslag vore samla i eigne kategoriar. Å kunna søkja seg fram i ulike dyreslag (rev, oter, bjørn, ulv) eller treslag (bjørk, or, osp) opnar sjølv sagt for interessante studium av materialet.

Ei løysing kan vera å søkja på ulike dyreslag og slik få ein peikepinn om namnemengda. Eit søk på *Rev-/Røv-* kjem ut med rundt 300 namn, som *Revahaugen*, *Revahiet*, *Revebakken*, *Reveura/Revura* og *Revomnen* (ca. 15 namn) eller *Røvahelleren*, *Røvasteinen* og mange fleire. På *Oter-/Otr-* finn me tett opp mot 200 namn, som *Otrabroki*, *Otrasteinen*, *Otrasvaet*, *Otrehola*, eller *Oterura*, *Otervatnet* og andre. Også *ulv* er godt representert i materialet, i alt med vel hundre namn: *Ulvahaug*, *Ulvahola*, *Ulvegrava*, *Ulveskora*, *Ulvesteinen* og fleire. Tilsvarande kan gjerast med

søk på treslag. *Ask* gjev oss rundt hundre namn i ulike kommunar, *bjørk* rundt 400 og *eik* ca. 250 namn osv. Liknande opplysningar får me om me søker på fuglenamn. Eit søk på *orre* gjev oss namn på nær 160 lokalitetar, *kattugle* vel 20. Avgrensar me søket til einskildkommunar, kan me kanskje få eit inntrykk av utbreiing av treslag eller andre vokstrar og av dyre- og fugleliv, både langs kysten og inne i fjordane.

Undervisning. Her vert det vist korleis ein skal arbeida med listene ute i felten.



6 Prinsippa for det faglege arbeidet

Den faglege tilrettelegginga av namnematerialet omfattar to delar, ein språkfagleg del og ein kartteknisk.

I den språkfaglege handsaminga får namnet normert skriftform og uttaleform og vert koda i samsvar med listene for natur- og kulturopplysningar, ut frå dei opplysningane heimelsfolka har gjeve, og som finst i opplysningsfeltet på stadnamnlistene. Etter kvart er også ein grammatisk analyse av namnet i utmerkingsledd, bindefuge, hovudledd og artikkel lagd inn i det faglege arbeidet, forutan at den fagleg ansvarlege skriv inn eventuell preposisjon brukt til namnet. Slik preposisjonsbruk må i så fall vera opplyst på namnelistene.

Den andre analysedelen er digitaliseringa, som går ut på å leggja namna til rette for vising på kart. Ei meir teknisk side av fagleg karakter er til slutt den endelege koplinga av dei to basane (datakortet og det digitaliserte kartet) slik at materialet vert tilgjengeleg på nettet med faktiske opplysningar, og på kart.

Det faglege arbeidet

– frå handskrift til data

I perioden frå 1988 til 1998 gjorde fagpersonar lønte av Fylkesarkivet det faglege etterarbeidet med namna for hand – eller med skrivemaskin. I praksis skjedde det slik at dei ferdige stadnamnlistene vart utvida med eit nytt felt lengst til høgre, der ein kunne skriva inn normert namneform og kodar for natur (form) og kultur (funksjon), sjå kopi av ei slik liste nedanfor (figur 18).

I tillegg var det sett av plass til uttaleform (fonemisert form). Grunnlaget for innskrivinga, det vil seia dei opplysningane den faglege handsaminga krev, ligg altså inne på den same lista, sjå omtalen av stadnamnlista framanfor. Til støtte for arbeidet finst det trykte kodelister med kodar for naturkategori og kulturkategori, jamfør omtale av listene framanfor.

Figur 18.

STADNAMNLISTE nr. <u>1</u> av <u>7</u>				Kartblad (OK), namn og nr.: <u>BD 067.5-4 Grinnete</u>				FORM		FUNKSJON	
Oppskrivare: <u>Helge M. Skjerve</u> dato: <u>15.16</u>				Fylke: <u>Sogn og Fj.</u> Kommune: <u>Aurland</u>							
Informant: <u>Knut L. Loren</u> f.år: <u>1930</u>				(tidl. herad: <u>Rane</u>) Sogn: <u>Vangne</u>							
Nr.	Stadnamn	Prep.	Opplysningar	G.nr./br.nr.	Kart-rute	Uttale	Lp. til	NORMALISERT FORM			
1	Tvinnandeskari		skogastir	21/11	B-2	"tvInandeskå:ri	146	Tvinnandeskari			
2	Råkjen		gro/skude	21/11	B-1	"rao:Ken	233	255 Råken			
3	Råkagalden		oppgang/arbeidd/innpenger	21/15	B-1	"rao:kagald*n	121	Råkagalden	201		
4	Råkabakkaden		grasbakke/furd	21/9	B-1	"rao:kabakadn	121	254 Råkabakkane			
5	Råkagroi		gro	21/11	A-2	"rao:kagro:i	23	Råkagrovi			
6	Tosun		gro	21/11	B-1	"fås*n	233	Fossen			
7	Tonga		skogastir	21/18	B-1	"tångao	146	Tunga			
8	Hegdi		toppen av stien/kvile	21/18	C-1	"høgdi	110	Hegdi	202		
9	Raunekaste		skaga li/kaste plass?	21/18	C-1	"reu:nekaste	121	Raunekastet			
10	Hollendebrui		hol i berge der stien går/munt	21/14,11	C-1	"hållendebru:i		Hollendebrui	202		
11	Midtskari		skogastir	21/11	D-1	"mItskå:ri	146	Midtskari			
12	Kråkeholt		skogholt	21/	C-2	"krao:kehålt*n	114	Kråkeholt			

MERKNADER:

1: Slikt førsteledd på bandet; oppskrive

Å arbeida med materialet på denne måten, innskriving for hand eller med maskin, var tungvint og tidkrevjande, og det låg fleire mogelege fallgruver i metoden fordi så mange ledd måtte innom arbeidet. Likevel fekk i alt ti kommunar namnematerialet sitt fagleg handsama på denne måten, og det var dette arbeidet som la grunnlaget for dei katalogane som vart trykte for ein del kommunar.

Samtidig med den faglege tilrettelegginga og utarbeiding av namnekatalogar leigde Fylkesarkivet inn personar til å puncha det ferdige materialet frå dei hand- eller maskinskrivne listene inn i ein eigen database bygd på programmet DataFlex. Tanken om å kunna presentera materialet i ei meir handterleg form låg sjølvst under.

I 1998 utvikla arkivet så ein sentral database der ein kunne lagra alle stadnamn. Systemet var bygd på databaseløysinga Oracle. Omtrent samtidig utvikla arkivet også databasar i Access som kunne installerast på pc-en heime hjå dei faglege medarbeidarane. Dermed kunne dei som arbeidde med den faglege delen, puncha namna i ein heimedatabase (normering, koding osv.) fysisk uavhengig av arkivet, ta kopiar og senda dei til Fylkesarkivet. Der vart namna kopierte inn i den sentrale databasen (Oracle) etter at dei hadde vore gjennom ein mindre kontroll og/eller korrektur. Dermed var ein komen eitt steg vidare fordi ein no slapp å skriva namna og tilhøyrande opplysningar inn meir enn ein gong. Risikoen for feil var dermed sterkt redusert.

Frå 2004 er dette arbeidet kome enno eit steg vidare. No kan fagpersonen logga seg inn i den sentrale databasen (Oracle) utan å gå om Access. Den einaste føresetnaden er tilgang til Internett. Dermed kan arbeidet gjerast fysisk uavhengig av arkivet, og ein har fått bort alle ledd med overføring, kopiering og oppdatering av data, noko som tok ekstra tid, og som lett kunne tilføra materialet feil.

Parallelt med at namna vert analyserte språkfagleg, digitaliserer Fylkesarkivet dei via det same systemet. Etter at namna er digitaliserte og data frå fagpersonen på plass, vert basane kopla saman og resultatet automatisk tilgjengeleg på nettet.

Digitalisering

Med digitalisering av stadnamn meiner me at den posisjonen stadnamnet skal ha på kartet, vert registrert ved hjelp av koordinatar (x og y). Dette paret med koordinatar kan nyttast til å plassera namnet rett på ulike kart og på ulike kartsystem. Det finst fleire koordinatsystem, og det finst rutinar som konverterer frå det eine systemet til det andre. Slik digitalisering er naudsynt for at ein skal kunna nytta namnet på ulike typar digitale kart.

For å få eit samla digitalt datasett for kvart stadnamn må alle opplysningar om namnet skrivast inn i ein database. Namnet må digitaliserast slik at posisjonen kan lesast av ein datamaskin, og helst bør opptaket av den lokale uttalen finnast som digital lydfil.

Prinsippet for arbeidet er at kvart kartblad vert festa til eit digitaliseringsbord. Kartet er orientert ved at hjørneverdiane (koordinatane) vert lesne inn. Posisjonen til kvart stadnamn vert så henta ut og lagra ved at markøren som ein nyttar, vert flytt til punktet på kartet der namnet er markert. Innsamlingsnummeret til namnet vert så skrive inn og registrert saman med koordinatane. Då får me eit sett med data som kan koplast saman med data i basen med ein nøkkel, som er kartnummer og innsamlingsnummer. Dette er siste fase i dette arbeidet.

Koordinatane vert fastsette ut frå den plasseringa innsamlarane har gjeve namna på dei økonomiske kartblada dei nytta i feltarbeidet. På karta er namna kartfesta med eit innsamlingsnummer, som går frå nr. 1 og oppover etter kor mange namn som høyrer til kartbladet. På eit nytt kartblad tek ein alltid til med nr. 1, jamvel om namnet høyrer til eit bruk, ein gard eller ein kommune som også har namn på eit anna kartblad. Namn med like innsamlingsnummer frå to kartblad kan då identifiserast som to ulike namn fordi kartblada har ulike nummer (til dømes AT08053 og AT07751) og ulike kartbladnamn. Det er viktig å merka seg at det såleis er kartbladet (ØK – Økonomisk kartverk) som er utgangspunkt for nummereringa.

Koordinatane til namnet (x/y) kan synast som punkt på eit kart gjennom eit system kalla GIS (geografisk informasjonssystem). Etter at stadnamna etter kvart vert lagde inn i Oracle-basen, kan basen koplast med dei digitaliserte opplysningane og slik få skriftforma til namna vist på kart, som vert gjort tilgjengeleg gjennom *Fylkesatlas.no* (sjå om databasane til Fylkesarkivet). Det skjer kvar natt når Fylkesarkivet køyrer oppdateringar på basane sine. Kostnaden med vitskapleg handsaming, digitalisering og utlegging på Internett vert delt mellom Fylkesarkivet og kommunane.

I byrjinga vart digitaliseringa gjord ved Statens kartverk. Men etter at Kartverket ikkje lenger hadde høve til å prioritera dette arbeidet, tok Fylkesarkivet over digitaliseringa. Dermed kan namna som nemnt digitaliserast etter kvart som dei kjem inn til arkivet på lister. Arkivet har kjøpt inn digitaliseringsbord og utvikla nye rutinar for sjølve arbeidet. Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane har etter kvart utvikla sterk

kompetanse på dette området, og har til dømes òg digitalisert stadnamn for Møre og Romsdal.

Datakortet

Me skal sjå nærare på det datakortet som vert nytta, altså det kortet som ligg på nettet, og der den faglege handsamaren legg inn den språkfaglege analysen og faktaopplysningar for kvart namn. Den som står for det språkfaglege arbeidet, skriv resultatet av arbeidet sitt rett inn i kortet, det vil seia direkte inn i den sentrale databasen, samtidig som kvart namn får innlagt alle andre tilgjengelege opplysningar, som kommunenummer og kommunenamn, gards- og bruksnummer, namn på oppskrivar og heimelsfolk, identifikasjon av kartblad osv. For kvart nytt namn hentar den som analyserer, fram eit nytt kort der alle felt for den språkfaglege analysen av det førre namnet er sletta, medan opplysningar som går att for fleire namn, følgjer med frå det førre kortet. Etter at eit kort er laga, vert som nemnt opplysningane på

Figur 19.

Innsnr:	Utmerkingsledd:	Bindeledd:	Hovudledd:	Bunden art:	Rute:
Innsamlingsnr:		Naturkode:			
Oppskr:		Kulturkode:			
Normform:		Kulturkode2:			
Lokform:		Merknad:			
Altform:					
Ymse:		Notat:			
Fonskr:					
Altutt:					
Prep:		Ledda_hov:		A_namn:	
Kas:		Bunden_art:		Tradisjon:	
Ledd:		Gra_utm:		Spraak:	
Dativform:		Gra_hov:		Opps_form:	
Ledda_utm:		Etymologi:			
Bindeledd:		Litteratur:			
Gardsnr:		Bruksnr:		Tilv:	
Gardsnamn:				Bandsnr:	
Kommunenr:		Kommune:		Informant:	
Fylke:				Oppskrivar:	
Mgard_nok:				Kartnr:	
X UTM33:				Kartblad:	
Y UTM33:				Rute:	
				Nettlyd:	
				Nettbilete:	
		Finn koordinat	WebDB:		Klar for internet: ☐
Sett inn post		Oppdater post	Slett post		

det kopla til digitaliseringsbasen og etter kort tid tilgjengelege på nettet.

På figur 19 ser du kopi av eit blankt datakort.

Felta i datakortet

Dei ulike delane av kortet og delar innanfor dei større delane har så langt ikkje fått eintydige eller innarbeidde namn. Dei nemningane som er brukte her, er laga for denne rapporten.

Datakortet har fire felt, *innfyllingsfelt* (det øvste), *informasjonsfelt*, *grammatisk felt* og *identifiseringsfelt* (nedst). Kvart felt er inndelt i fleire rubrikkar, som kan fyllast ut med opplysningar i samsvar med leieteksten utanfor rubrikken.

Eit poeng i det faglege arbeidet er at fagpersonen stort sett fyller ut opplysningar til rubrikkane i innfyllingsfeltet og informasjonsfeltet for kvart namn. Dei andre felta har opplysningar som vert flytte dit frå innfyllingsfeltet, eller opplysningar som går att for større grupper av namn, sjå nedanfor. Opplysningane i identifiseringsfeltet vert difor ikkje sletta når eit kort vert arkivert, men følgjer med til neste kort.

Innfyllingsfeltet

Innfyllingsfeltet har i alt seks rubrikkar, kalla *Innsnr* (= innsamlingsnummer), *Utmerkingsledd*, *Bindeledd*, *Hovudledd*, *Bunden art* (= artikkel) og *Rute*. Felles for alle rubrikkar i innfyllingsfeltet er at opplysningane i dei vert flytte nedover til nye felt og rubrikkar på kortet, samtidig som dei same rubrikkane vert blanke og er klare for innskriving av neste namn når kortet er lagra.

• Innsamlingsnummer

I venstre rubrikk (*Innsnr*) skal det innsamlingsnummeret namnet har i stadnamnlista, skrivast inn. Når ein går ut av denne rubrikken, vert innsamlingsnummeret automatisk flytt til *Innsamlingsnr* i opplysningsfeltet. Som nemnt tek kvart kartblad til med nr. 1, og namna vert i stadnamnlistene nummererte stigande etter kor mange namn kartbladet har. Dette prinsippet er viktig. Det har den praktiske fordel at innsamlaren treng liten plass til kartfesting av

namnet, noko som kan vera avgjerande for å få namna korrekt plasserte på kartet i område med tett namnsetjing.

• Leddanalyse

Dei fire neste rubrikkane i innfyllingsfeltet på datakortet skal brukast til leddanalyse av namnet, det vil seia at namnet skal analyserast i eventuelt utmerkingsledd (føreledd), bindefuge eller bindeledd (komposisjonsfuge), hovudledd (etterledd) og eventuell artikkel. Den namneforma som vert skriven inn her, er den normerte, det vil seia den offisielle skriftforma som namnet skal ha.

Eit stadnamn er anten usamansett eller samansett. Eit usamansett namn har berre eitt ledd (hovudledd) og i regelen tillagd bunden artikkel. Rubrikkane for utmerkingsledd og komposisjonsfuge står tomme dersom namnet er usamansett, slik at den første rubrikken som vert utfyllt, er rubrikken for hovudleddet, deretter eventuelt rubrikken for bunden artikkel: *Berg* med utfylling av rubrikken for hovudledd, *Berg-et* med utfylte rubrikkar for hovudledd og artikkel.

Samansette namn har i tillegg til hovudledd og eventuell artikkel eit utmerkingsledd, eventuelt med bindefuge. Då vert alle rubrikkane utfylte: *Stor-e-stein-en*, eventuelt med tom rubrikk for bindefuga når ho manglar: *Stor(-)hammar-en*. Utmerkingsleddet kan òg vera samansett, men analysen viser ikkje det: *Myrbær-haug-en*.

Opplysningar innskrivne i rubrikkane for leddanalyse vert automatisk flytte til *Normform* i informasjonsfeltet og til leddanalyserubrikkane i det grammatiske feltet straks ein går ut av innskrivingsrubrikkane.

Dei aller fleste namna kan analyserast etter denne oppbyggnaden. Eit særtilfelle systemet ikkje tek omsyn til, er samansette namn der hovudleddet kjem først: *Myra nedom Vegen*, *Bakken hans Jakob*, *Vatnet på Leinene* osv. Her er tilhøvet mellom utmerkingsledd og hovudledd omvendt av samansette namn ettersom hovudleddet kjem først, medan resten må reknast som ei form for utmerkingsledd. Slike namneformer er sjeldne, og i det faglege arbeidet har ein late utmerkingsledda (feilaktig) stå som hovudledd, medan det eigenlege

hovudleddet får plass i utmerkingsrubrikken. Eit alternativ kunne vera å skriva heile namnet i rubrikken for hovudledd.

Namn av typen *Der nede*, *Der ute*, *Dei inne*, *Med Elva*, *Ovanom Bakken* og liknande vert analyserte med partikkelen (*der*, *dei* osv.) i utmerkingsrubrikken, resten i rubrikken for hovudledd, men sjølvstøtt med eventuell bunden artikkel i tilhøyrande rubrikk. Også slike namneformer er sjeldne.

I eit par tilfelle må innskrivaren overstyra systemet for å få rett normert form. Det gjeld til dømes samansette namn utan bindefuge som elles ville ha fått tre like konsonantar etter seg, til dømes *Fjelllia*, *Fjellløa*, *Vassskaret* og fleire (for å få rette analyseformer i leddanalysen under det grammatiske feltet, altså *Fjell-lia*, *Fjell-løa*, *Vass-skaret*). Her må innskrivaren ta ut den eine konsonanten i den normerte forma. Eit anna tilfelle som programmet heller ikkje tek omsyn til, er å skilja normeringa av *Inste Bruna*, *Øpste Myra*, *Nedste Råka* frå *Instebruna*, *Øpstemyra*, *Nedsteråka*. Dersom uttalen på bandet og den oppskrivne forma tydeleg peikar mot at namnet inneheld to skilde ord, må den som analyserer, overstyra og setja inn mellomrom i tillegg til å retta til stor førebokstav i hovudleddet i den normerte forma. For mange av desse namneformene kan det vera sterk tvil om dei er delte eller ikkje. Her finst likevel tydelegare tilfelle der namnet må

delast manuelt av innskrivaren: *Bortaste Haugen*, *Midtarste Myra* og liknande.

Der den bundne artikkelen skil seg frå moderne norsk rettskriving (arkaisk artikkel), er artikkelen skriven i artikkelrubrikken i si arkaiske form. Det gjeld i fleire hokjønnsord med utlydande vokal i grunnforma: *Øy-na*, *Bru-na*, *Å-na*, *Kvi-na* eller *Kve-na*, *Krå-na*, eller i hankjønn: *Bø-nen* og fleirtal inkjekjønn: *Svo-na* osv. Ved omlydde former (ofte med samandregen bunden artikkel) er morfemgrensa sett etter rotvokalen: *Klø-rne* og liknande. Også i andre tilfelle kan ein konsonant gå til artikkelen, særleg der bunden form krev dobbel konsonant: *Lem-men*, *Kum-men*, *Rim-mane*, eventuelt *Rem-ane*, men også andre, som fleirtal av *hes*: *Flat-e-hes-jane*, *Små-hes-jane*, og stundom ved til dømes *-nes*: *Flat-nes-jane*. Denne måten å analysere på gjev eintydige rotformer å søkja på og dermed ei meir eintydig identifisering av hovudleddet.

Ein særskilt tilfelle er linne substantiv (som endar på *-e* eller *-a*), både ved tillegg av bunden artikkel og når *-e* eller *-a* tener som bindefuge. Her analyserer ein slik at vokalen i artikkelen går til rubrikken for artikkel, og bindefuga likeins til rubrikken for bindefuge, og rotforma står att under hovudleddet, eventuelt utmerkingsleddet: *Bakk-en*, *Gjerd-et*, *Fur-a* og mange fleire, likeins som utmerkingsledd for å få vist bindefuga: *Bakk-e-mot-et* eller *Bakk-a-brot-et*, *Fur-e-haugen*, også når det er adjektivisk føreledd i samansette namn:

Gaml-a-tunet. Dette må ein sjølvstøtt ta omsyn til når ein søker etter slike namnegrupper. Det er til dømes ikkje nok å søkja på den fulle forma "bakke" for å få opp alle "bakke"-namn, men ein kan leggja inn %-teikn og søkja på *bakk%*.



Arbeid i felten. Ei gruppe frå Universitetet i Bergen er på namnesank i Vågsøy i 1971. Informanten står med ryggen til. Som me skjønar av karen til høgre, var det viktig å få med detaljane.

Bindefuga kan få tillagt *n* dersom utmerkingsleddet har utlydande vokal: *Øy-na-slått-en*, *Øy-na-svo-i*.

Mange namn har personnamn som førsteledd. Då vert heile personnamnet sett inn i utmerkingsrubrikken i si fulle form: *Anna-jorda*, *Birte-slættet*, *Marte-åkeren*, *Olina-skaret* osv., trass i at sluttvokalen i personnamna her òg fungerer som ei slags bindefuge og kunne vore plassert i den rubrikken. Der personnamnet eintydig har bindefuge tillagd personnamnet, vert det sjølvstendig markert: *Pål-a-bølla* (namn på ein stor stein). Det viktigaste er å få ei eintydig identifisering av personnamna, og dermed eit eintydig søjekriterium.

Omlydde fleirtalsformer må sjølvstendig søkjast for seg. Det gjeld til dømes fleirtalsformene *votn*, *svo* eller *grøv(er/ene)* i namn som *Småvotni*, *Svartesvona*, *Smågrøvene*.

• Normering

Å normera skrivemåten av eit namn er å gje det ei offisiell skriftform, altså den skriftforma namnet skal ha i skriftleg bruk, på kart, eventuelt på skilt, i litteratur osv. Normeringa skal gjerast etter dei retningslinjene som er gjevne for normering av stadnamn, seinast *Forskrift juni 2007* til stadnamnlova av 18. mai 1990, og tidlegare etter *Føresegner om skrivemåten av stadnamn*, Kronprinsregentens resolusjon 31. mai 1957.

Langt dei fleste namna inneheld kjende og enkle appellativ, svært ofte grunnord, og då byr ikkje normeringa på særlege problem: *Myra*, *Haugen*, *Storebakken*, *Kjellarvollen*, *Vikaberget*, *Kvilesteinen*, *Olatunet* osv. Typiske målføreformer kan likevel – også etter tilrådingar gjevne i føresegnene – ha avvikande former, det vil seia former som ligg tettare opp til målføret: *Støylen*, *Gamlestøylen*, *Klenetegen*, *Nøstet*, *Tøpta* (som kan veksla med *Naustet*, *Tufta*). Særleg gjeld det når ordformene er utmerkingsledd i samansette namn: *Støylsråka*, *Mjelkeflata*, *Nøståkeren*, *Tegsgrova*, *Staueåkeren*. Godt innarbeidde målføreformer der ei normering ville gå ut over identiteten til namnet, er ikkje normerte til nynorsknormalen: *Havnen*, særleg når slike former er utmerkingsledd: *Havnaåkeren*. Nokre appellativ er gjennomgåande

normerte i samsvar med talemålsvariantane der føresegnene tillèt slike former, som variantane *Gjølet*, *Hauen*, *Hogen*, *Hågen* og *Groi* ved sida av *Gjelet*, *Haugen* og *Grovi*.

Eit særtrekk for mange av målføra i Sogn og Fjordane er palatalisering – det gjeld både ved skifte frå velar i ubunden form til palatal i bunden form: *Haug* – *Haugjen*, *Bakke* – *Bakkjen*, (øyk) – *Øykjasvoene* og palataliserte dentalar: *Volljen*, *Fjelljet* osv., eventuelt ved assimilerte former: *Bjønnjasteinen*. Slik palatalisering, særleg av dentalar, er særleg utbreidd i Fjordane, og er oftast markert av oppskrivarane i stadnamnlistene. Palataliteten vert ikkje vist i dei normerte formene, slik at skrivemåten vert *Haugen*, *Bakken*, *Øykjasvoene*/*Øykasvøa* eller *Øykasvona*, *Bjønnasteinen* osv. Berre unntaksvis kan den palatale uttalen koma fram i normeringa, først og fremst der palataliseringa har gjeve diftonguttale og målføreforma difor er avvikande: *Vaulen*, ved sida av *Vollen*, *Fjeillet* ved sida av *Fjellet*. Med normering ville fleire slike namn mista for mykje av den lokale identiteten eller det lokale særmerket.

Heller ikkje segmentering eller differensiering (som *dl* for lang *l*, *dn* for *rn*), som er vanleg i det meste av Sogn, er markerte, jamvel om mange av oppskrivarane har notert det: *Fjedle(t)*, *Kodnaokkeren*, *Badnatjødni* osv. Slike målføretrekk vert normerte: *Fjellet*, *Kornåkeren*, *Barnatjørni* osv.

Konsonantsambanda *pt* og *mb* vert ikkje normerte til *ft* eller *m(m)* slik den offisielle rettskrivinga gjer. Desse sambanda finn me mest overalt i fylket, og dei får her skriftformer som *Øpsteteigen*, *Lambakvia*, *Kamben* og liknande, i fjordamål også *Tøpta*. I variantar av adjektivet *liten* (som finst i svært mange namn) følgjer normeringa stort sett forma i talemålet, slik at det vekslar mellom *Likkje-*, *Lisje-* og *Litle-*. Dette gjeld særleg i fjordamåla. I Sogn er *Vettle-/Vetla-* den vanlegaste varianten.

Bunden artikkel vert alltid sett til i hankjønnsord der rotforma sluttar på *-n*, og i andre appellativ med utlydande vokal i rotforma, trass i at fleire talemål i fylket har samanfallande bunden og

ubunden form: *ein stein* – *den/dan stein*, *ein botn* – *den/dan botn*, *ein raun* – *den/dan raun* (treslaget), *ei li* – *den/dan li* (der målføret har bunden artikkel på -i), *eit le(d)* – *de/da le(e)*. Unntaket i talemåla kan vera somme fjordamål med palatalisert og tydeleg uttala bunden artikkel: *’stæineN*, *’bOtniN*. Hovudregelen er å normera namna til bunden form: *Lisjebotnen*, *Listeinen*, *Storeraunen* osv. Bakgrunnen er at det store fleirtalet av lokalnamna har bunden form, og at den bundne artikkelen i desse tilfella må reknast som assimilert (smelta saman) med rotutgangen og såleis ikkje høyrst. Truleg er dette rett, men mange brukarar reagerer på denne normeringa, sikkert fordi dei opplever namneformene som ubundne.

Eit særtilfelle har me der rota endar på vokal, som i bunden form støyter saman med ny vokal. Systemet reagerer på vokalsamanstøyt over morfemgrenser, og vokalen i den bundne artikkelen fell i regelen bort. Det gjeld i namn som til dømes *led*, *vad*, *sva* i heile fylket, som trass i uttale utan artikkel bør normerast og vert normerte til bunden form: *Stølsledet*, *Krokavadet*, *Steinavadet*, *Svartasvaet* osv., likeins bunden form i hokjønnsord i *i*-målsområde: *Nedstalii*. Eit anna tilfelle har me der lang *l* er segmentert til *dl* og dei segmenterte elementa står i utlyd: *’vetlevåd*l*, *’vetlestø:d*l*, som må normerast til *Vetlevollen* og *Vetlestølen*. Her har nok brukaren òg ei kjensle av at formene er bundne.

Eit moment som kunne vore brukt mot slik normering til bunden form, er at fleire stader i fylket har førekomst – til dels rik førekomst – av namn utan bunden artikkel, som *Flesberg*, *Kaldakleiv*, *Raudkleiv*, *Rygghaug*, *Storavatn*, *Smørhovd*, *Tallberg* og fleire (jf. Vidar Haslum, *Artikkelløse stedsnavn i norsk talespråk*). Kanskje eit slikt utgangspunkt kunne forsvara ubundne former også i namn som *Stølsle*, *Krokavad*, *Svartasva* osv.?

Fleirtalsformer med *u*-omlyd er normerte til omlydd vokal der talemålet har slik uttale, til dømes *Svoene/Svona/Svoi* og *Votni*.

• Rute

Den siste rubrikken i innskrivingsfeltet er *Rute*. Dette er feltet for karttilvising, så her skal den kartruta namnet står i på det økonomiske kartverket, fyllast inn, til dømes *F4*, *G4* osv. Opplysningar om kva rute det er, finn ein i stadnamnlistene. Når innskrivaren går ut av denne rubrikken, vert nummeret flytt til ruterubrikken i feltet for praktiske opplysningar (det nedste feltet). Poenget med å plassera rubrikken her og få opplysningane flytte til det nedste feltet, er for det første at rubrikken i opplysningsfeltet vert sletta når ein går ut av han. Dermed kan ein setja inn eventuelt nye ruteopplysningar for neste namn. Dersom ruteopplysningane er dei same for neste namn, står dei alt i identifiseringsfeltet ettersom opplysningar her ikkje vert sletta når namnet er lagra, og ein treng ikkje skriva tilvisinga inn på nytt. Ofte går ruteopplysningane att for fleire namn når namna vert innskrivne direkte frå stadnamnlistene, og dermed sparar ein tid og arbeid.

Informasjonsfeltet

Dette feltet har to kolonnar. Den venstre kolonnen vert delvis utfyllt når innskrivaren går ut av innfyllingsfeltet ettersom innsamlingsnummeret og den normerte forma vert flytte hit. Den normerte forma kjem opp som endeleg fastlagd skriftleg form, det vil seia som sjølvne oppslagsforma, jf. ovanfor. Den forma som står her, er såleis den ”offisielle” namneforma som skal nyttast på kart og liknande. Forma her må altså følgjast, til dømes om namnet har samanskriving eller ikkje: *Nedstamyra*, *Nedsta Myra*, likeins store og små bokstavar og liknande. Meninga er at slike vurderingar er gjorde i den faglege fasen av arbeidet, sjølv sagt med grunnlag i opplysningar frå listene og bandopptaka.

To andre felt i venstre kolonne må alltid fyllast ut i den faglege handsaminga. Det gjeld *Oppskr* (= oppskrivne form) og *Fonskr* (= fonemisk skriftform).

I rubrikken for den oppskrivne forma skal den forma innskrivaren (innsamlaren) har ført opp i kolonnen *Stadnamn* i stadnamnlistene, skrivast inn. Den oppskrivne forma skil seg ofte frå den

normerte, oftast fordi innsamlaren har lagt inn typiske talemålstrekk i si form for å tydeleggjera uttalen, samtidig som slike talemålstrekk ikkje skal vera med i den normerte forma. Slik er det til dømes med palatalitet, som ofte er markert av oppskrivaren: *Haugjen, Bakkjen, Eggjavatnet*, også i bundne former *Bakkanje, Botnanje*. Det same gjeld diftongering i fleire sognemål: *Aokker 'n*, differensiering: *Kodnaokkeren*, segmentering: *Storesteinadn*, eller samandregne former i mange fjordamål: *Storåkren*, eventuelt *Storåkrenj*. Alle opplysningar om uttale som ligg i denne markeringa, er sjølvstøtt prisverdige og hjelper mykje i den vidare handsaminga av materialet, oftast som eit supplement til bandopptaka.

• Fonemisering

I rubrikken for fonemisk skriftform er kravet at uttalen av namnet skal noterast med fonemskrift – det vil seia ei grov lydskrift. Den som skal gjera dette, må vera stø i fonemisk notasjon. Samtidig må han eller ho anten setja opp eit fonemsystem for talemålet, eller bruka eit fonemsystem som alt er sett opp, om det finst.

Ei god hjelp i denne analysen er heftet med fonemsystem innsamla av Helge Sandøy (Sandøy: *Transskripsjonssystem til norsk stadnamnbase*). Her er fonemsystemet til mange talemål i Sogn og Fjordane oppstilt kommunevis.

For dei talemåla der Sandøy har eit fonemsystem, er dette systemet jamt over nytta i den faglege fonemiseringa på datakorta, stundom med mindre justeringar. Der Sandøy manglar system for ein kommune, kan ein bruka systemet frå ein av nabokommunane som utgangspunkt, eventuelt med mindre tilpassingar, ettersom det ikkje alltid treng vera avgjerande skilnader i fonemsystema for to eller fleire nabokommunar. I andre tilfelle må faghandsamaren sjølv stilla opp eit system ut frå tilgjengeleg materiale (stadnamnlistene og lydopptaka), eigen kunnskap om målføret, eventuelt med støtte i tilgjengeleg litteratur.

Fagleg sett er den siste metoden sjølvstøtt ikkje fullgod, men det viktigaste formålet med fonemiseringa er å få vist uttalen av namna i ei form som er forståeleg for folk flest. Den

fonemiseringa som er gjord for talemåla i samband med den faglege innlegginga av namn på datakort, er difor ikkje alltid eit resultat av ein gjennomarbeid fonemisk analyse av kvart enkelt målføre. Fonemsystema skal først og fremst tena som hjelp og støtte for allmenn bruk slik at den vanlege brukaren skjønar korleis namna vert uttala. Difor er det i den fonemiske notasjonen medvite nytta berre kjende bokstavar, og då dei som ligg nærast tilsvarande bokstavar i den offisielle rettskrivinga. Det gjer det enklare å kjenna att namnet og å forstå uttalen av det. Det er ikkje brukt teikn som gjer lesinga unødvendig innfløkt, som bruk av tal for spesielle fonem: *'h6:jeN* i staden for *'hO:jen* eller liknande.

Forståingsaspektet er viktigast, ikkje det eksplisitt faglege. Dermed må ein fira noko på dei ideelle krava. Eit moment er det at dei fleste oppskrivne formene gjev ein svært god peikepinn om uttalen, utan at dei fagleg sett fullt ut er fonemiske. *Lisjebekkjen, Hågjen, Aosen, Vøkefjedle* osv. etterlèt seg liten tvil om uttalen. Det skal òg nemnast at til skilnad frå klassisk fonemisk notasjon med skråstrekar før og etter namnet, */'hæu:jen/*, er fonemformene på korta ikkje sette mellom skråstrekar – heller ikkje i dei namnekatalogane som er publiserte der uttalen er med, eller i døma nedanfor.

Grunnlaget for den fonemiske notasjonen er den uttalen namnet har fått i den innlesne forma på bandopptaka, men med støtte i den oppskrivne forma i stadnamnlista. Dei fleste oppskrivarane har som nemnt vist typiske målføretrekk i den forma dei noterer. I den faglege tilrettelegginga må fagpersonen i tillegg lytta til korleis namna er uttala på lydbandet, men ta omsyn til om innlesinga ber preg av normering. Det trengst høg fagkompetanse hjå den som skal fonemisera til denne delen. Og der bandopptaket – eller den oppskrivne forma – opplagt har galen form, må fagpersonen overstyra og notera den uttaleforma som all fornuftig fagkunnskap tilseier er den rette for målføret.

Nokre særtilfelle av fonemisk notasjon brukte i innskrivinga skal nemnast.

u/U: Den vesle *u*-en står for midtre ("skarp") norsk *u*: "*sjøbu:mu:r*n*. Den store *U*-en er brukt for den bakre, tronge *u*-lyden ("europeisk" *u*), som i "*rUnad*n*, "*Unde 'my:ra*, "*rUndehO:jen*, "*hUndaKødni*, "*Uksen*. I somme av fjordamåla kan denne notasjonen veksla med bruk av (liten) *o*: "*bokastæi:neN*.

O (stor *o*): Denne notasjonen er brukt der talemålet har to *ø*-fonem, særleg i mange fjordamål: "*mO:semy:ra*, "*nO:va*, "*klOpa*, men "*mø:kasva*:", "*nøståkreN*, "*klø:vstæi:naNe*.

I (stor *i*): Stor *i* er brukt i dei sognemålføra som har diftongering for å skilja den diftongerte *i*-en frå den tronge og udiftongerte. Det heiter såleis "*si:nastYKe* med diftongert *i*, men "*fIskejæd*I* med trong, udiftongert vokal.

Y (stor *y*) kan vera brukt i somme sognemål der talemålet (truleg) har to *ø*-fonem: "*øpsta* "*stYKe* (den første med trong *ø*-uttale, *Y*-en med lågare/opnare *ø*-lyd).

Diftongar er ofte markerte med ein meir tilnærma uttale enn det som kjem fram i dei normerte skrivemåtane. Såleis er til dømes *eu* eller *æu* brukte for *au*: "*heu:gen* eller "*hæu:gen*, *åi* for *øy*: "*åi:na* og *ai* for *ei* (mest i Sogn), eller *æi*: "*lai:ned*n*, "*sto:restæi:niN*. I praksis spelar markeringsmåten mindre rolle ettersom det ikkje er fonemisk motsetnad mellom til dømes *au* og *eu/æu*. Notasjonen har difor mest fonetiske motiv, det vil seia å visa tilnærma uttale.

N/L (stor *n* og stor *l*) er brukte i fjordamåla for palataliserte konsonantar (dentalar): "*reNestæineN*, "*maNeN*, "*fjæLe*, og der assimilering har gjeve palatalitet: "*hONE*, "*KøNa*, "*bjøNa'ura*.

K/G (stor *k* og stor *g*) er brukte for dei palatale konsonantane i namn som "*haiGen*, "*æGa*, "*KyrKega:r*n*, "*baKen* osv.

Trykk og tonelag er markert med teikn framfor trykkstavinga, og då med " for tonem 2 og ' for tonem 1: "*baKen*, "*hæu:jen*. Etterleddstrykk får tilsvarende ' for tonem 1 på trykkstavinga: "*sto:re'hO:jen*, slik det finst i svært mange namn frå fjordamåla. Her er bitrykk ikkje markert ved utmerkingsleddet.

Syllabiske (stavingsberande) konsonantar er markerte med stjerne (*): "*sto:restainad*n*, "*fIskejæd*I*, og vokallengd med kolon (:): "*ka:rihO:la*. Som oftast er vokallengd også vist i andre stavinga i samansette namn der hovudtrykket ligg på første stavinga, i regelen og ved diftongar når målføret tydeleg skil mellom lange og korte: "*no:revi:Ka*, "*kvi:lestæi:neN*.

Dei andre rubrikkane i denne kolonnen er i regelen ikkje brukte. Som me ser, er dei fleste meinte for innskriving av alternative former, til dømes i uttalen eller i normeringa.

I kolonnen til høgre skal fleire viktige opplysningar inn. Her finn me rubrikkar for *naturkode*, *kulturkode* og *kulturkode2*, forutan eit *merknadsfelt* og eit felt for *notat*. Om kodelistene, sjå eige kapittel.

• Natur og kultur

Rubrikkane for naturkodar og kulturkodar viser til dei to kodelistene som vart utarbeidde i samband med prosjektet (sjå *Stadnamna vart redda*, s. 84–89). Sjå òg kapitlet om kodelistene.

I dei tre rubrikkane (ein for natur og to for kultur) kan den faglege tilretteleggjaren få fram kodelistene med å trykkja på pila til høgre for utfyllingsrubrikken på datakortet. Det forenkla innskrivinga av kodar.

Når eit namn skal kodast, må det gjerast ut frå den informasjon den faglege tilretteleggjaren får i opplysningane gjevne i opplysningsfeltet i stadnamnlistene. For å kunna gje eit namn rett eller rette kodar, er ein difor heilt avhengig av at opplysningsfeltet er utfyllt med tilfredsstillande opplysningar. Det vil seia at kvart enkelt namn må ha opplysningar om anten kva slags lokalitet det er namn på (natur), eller kva lokaliteten er brukt til (kultur), eventuelt begge delar. Som nemnt er dette den einaste sikre metoden me har for å få påliteleg koding. Alternativet med å koda etter namneforma, altså koda *Haugen*, *Myra* osv. automatisk som haug og myr, tilsvarende *Bestefaråkeren*, *Hagen* som åker og frukthage, kan både gje galen og i beste fall ufullstendig koding. Kanskje *Haugen*, *Myra* skulle hatt kulturkode i tillegg til naturkode? Eller at *Hagen* opphavleg eller i tillegg er brukt til slått på innmark?

- Rubrikkane for merknader og notat

Rubrikken for merknadsfelt tener eitt formål. Her vert opplysningane frå opplysningsfeltet skrivne inn. Stort sett er slike opplysningar gjevne i stikkordsform: *tidlegare utmarksslått, no beite*, og overføringa til merknadsfeltet skjer oftast som rein avskrift. I andre tilfelle, særleg der det knytter seg spesielle hendingar, overtru eller liknande til eit namn, kan opplysningsfeltet vera omfattande. Merknadsfeltet har plass nok til å skriva inn slike opplysningar.

Rubrikken for notat er stort sett nytta til å leggja inn egne merknader frå fagpersonen, som opplysningar om at ein er uviss på normeringa av namnet, at uttalen eller den oppskrivne forma er uklære eller ulike, eller at kodinga er usikker. Opplysningar om dobbeltformer av eit namn kan også leggjast inn her, til dømes at *Bestemorshogen* alternativt har kortforma *Hogen* i tillegg til å verta kalla *Bygdahogen*.

- Grammatiske opplysningar

Fleire av rubrikkane i dette feltet er lite nytta i den faglege handsaminga. Feltet er spesielt tenkt for spesifikke opplysningar av grammatisk slag, og har eit sterkt fagleg preg. Ein rubrikk som kan ha meir allmenn interesse, er preposisjonsbruken. Dei fleste listene manglar opplysningar om preposisjon. Grunnen er at ein har lagt mindre vekt på verdien av å få med informasjon av denne typen, og ofte gjev vel preposisjonsbruken seg sjølv. Men kva er rett preposisjon ved namn som *Bakken*, *Haugen*, *Vassbrekka* – i eller på?

Ein annan kategori som berre nokre få av oppskrivarane har fått med, er at levande dativ – særleg i mange kommunar i Fjordane, gjev alternative former, som *Tunet*, men *På Tuna*, *Fjellet*, men *På Fjella*, *Garen*, men *Under Garda* og andre.

Dei rubrikkane som er av mest interesse i dette feltet, er rubrikkane for leddanalyse. Sjølv analysen er alt gjort i innskrivinga av den normerte namneforma i innfyllingsfeltet. Når innskrivaren går ut av dette feltet, vert ledda herfrå flytte til *Ledda_utm* (= utmerkingsledd), *Bindeledd*, *Ledda_hov* (hovudledd) og *Bunden_art*

(= bunden artikkel) i samsvar med det som er analysert i innfyllingsfeltet.

Identifiseringsfeltet

I identifiseringsfeltet skal stort sett praktiske opplysningar inn, det vil seia opplysningar som plasserer eller identifiserer namnet til kommune, gard og bruk, til kartblad, bandopptak, heimelsfolk og oppskrivar. Identifiseringa til kartrute vert som nemnt lagd inn i innfyllingsfeltet og automatisk flytt til rubrikken *Rute* i identifiseringsfeltet. Alle opplysningane i dette feltet vert ståande att til bruk for neste kort når eit kort vert lagra, medan opplysningane i dei tre andre felta vert sletta. Dermed treng ikkje den som legg inn namna, skriva opplysningane om att frå kort til kort. Grunnen er at ein skriv inn mange namn innanfor same kommune, og også innanfor same gard og bruk. På same måten går informant og oppskrivar, kartblad osv. gjerne att for fleire namn.

Det bør understrekast at dei opplysningane som kjem fram om tilhørsle til gards- og bruksnummer, er gjevne av heimelsfolka, eventuelt av oppskrivaren når namnet er kartfesta. Opplysningane er såleis på ingen måte noka ”grunnbok” eller fullstendig og korrekt oversikt over kva namn som høyrer til ulike bruk og gardar. Namn kan ha fått feil bruksnummer, kanskje også feil gardsnummer. Det gjeld ikkje minst fellesnamn i utmarka. Koplinga til gards- og bruksnummer er dessutan ikkje alltid fullstendig hjå alle oppskrivarar. Desse opplysningane er difor ikkje fullt ut sætande og må lesast og forståast deretter, men dei fortel noko om omtrentleg namnetettleik på eit bruk eller ein gard.

Under rubrikken *Gardsnamn* skal gardsnamnet inn. Dette feltet har òg ein rubrikk for gardsnummer. Ein fordel i innskrivinga hadde vore om gardsnamnet var kopla til ein base for tilhøyrande gardsnummer slik at gardsnamnet automatisk kom opp når den fagansvarlege skreiv inn gardsnummeret. Det hadde letta innskrivingsarbeidet, særleg fordi mange lister skifter nokså tett mellom namn som høyrer til ulike gardar.

Ein mangel med rubrikkane for gardsnummer og gardsnamn er at dei berre har plass til éin gard. Dermed må fellesnamn for to eller fleire gardar leggjast under berre den eine av dei to, etter fritt val frå faghandsamaren. Slike namn er det relativt mange av, ikkje minst merkepunkt i fjellet eller i anna utmark, som *Merkjesteinen*, *Krossen*, og mange elvenamn, fjellnamn og liknande: *Fatla*, *Driva*, *Bleia* og fleire. Somme av dei kan likevel med rette skrivast inn med tilvisinga "Felles" eller "Fleire" under gardsnummeret.

Som oppsummering kan me seia at namnekorta fangar opp dei aller fleste tilfella av opplysningar knytte til eit namn. Med innlegging av nokre fleire spesifiseringar i kodinga og retting av reine manglar kan korta dekkja langt dei fleste opplysningane me ønskjer å knyta til lokale namn, både grammatiske som normering, uttale og leddanalyse, og praktiske som plassering, bruksområde og historie.

Klare for aksjon. Frå ei gruppesamling for innsamlarar i 1985.



Del 2 - Stadnamn i skulen

7 Bruk av stadnamnmaterialet

Etter kvart som den faglege gjennomgangen av dei lokale stadnamna er ferdig og namna er digitaliserte, vert materialet tilgjengeleg på Internett på adressene *Fylkesatlas.no* eller *Fylkesarkiv.no*, sjå eigen omtale framanfor om namn på nettet.

Ei anna kjelde som kan brukast for å orientera seg om namna, er dei namnekatalogane som i ein tidleg fase av presentasjonen av materialet vart utgjevne for nokre kommunar. I eit samarbeid mellom Fylkesarkivet og kommunane vart det publisert kommunevise namnekatalogar for kommunane Årdal, Lærdal, Sogndal, Balestrand, Vik, Høyanger, Askvoll, Naustdal, Fjaler, Bremanger og ein enklare katalog for Hornindal. Katalogane er noko ulikt oppbygde, men alle har ei alfabetisk liste over dei lokale namna som vart registrerte i aksjonen, med opplysningar om kva gard og bruk namna høyrer til, og faktaopplysningar om namna (kva det er namn på, kva lokalitetane er brukte til osv.). Nokre av katalogane har i tillegg lister over namn fordelte på einskildgardar eller førekomsten av namn i ulike kultur- eller naturkategoriar og liknande. Målet med katalogane kan samanfattast med eit sitat frå føreordet til katalogen for Sogndal. Der heiter det (side 8) at dette *”er resultat av innsamlinga, og må ikkje oppfattast som det endelege ”verket” om stadnamn i Sogndal. Den er eit kjempesteg framover i kulturvernarbeidet, men det vil utan tvil vere trong for rettingar, tilføyningar og ymse merknader”*.

Denne måten å presentera materialet på har ein gått bort frå. Katalogane vart svært omfangsrike – til dømes 13 000 namn i katalogen for Fjaler, og dermed også uhandterlege og relativt tungvinte og upraktiske i bruk. Ettersom målet no er at alle namn frå alle kommunar etter kvart skal vera tilgjengelege på nett, har skriftlege publikasjonar av denne typen ikkje lenger same verdi, og det er difor ingen planar om å gje ut fleire slike katalogar.

Gjennom den faglege tilrettelegginga og digitaliseringsarbeidet er eit detaljrikt, mangfaldig og mangesidig materiale lagt til rette for utnytting og bruk. Det primære mediet til denne bruken er nettet med tilhøyrande kart og mogelege lenkjer til andre databasar som Fylkesarkivet har lagt ut, til dømes gjenstandsbaser, gardsleksikon, folketeljingsbasar, fotobasar, matriklar og fleire. Omtalen nedanfor tek difor utgangspunkt i bruken av namna via nettet.

Me skal sjå på fire sentrale brukargrupper:

- allmennbrukarane
- den offentlege forvaltninga – særleg kommunane
- grunnskulen
- den vidaregåande skulen

Av desse gruppene er grunnskulen mest interessant i vår samanheng, og me skal bruka mest plass på den.

7.1 Allmennbrukarane

Mange allmennbrukarar er interesserte i dei lokale stadnamna. Det kan vera grunneigarar, folk som ferdast i og bruker naturen, til dømes jegerar i jakttida om hausten eller folk i båt langsetter land, og andre som lever i lokalsamfunnet. Denne interessa og iveren for lokalamn viste seg ikkje minst i den store oppslutnaden sjølve innsamlingsaksjonen fekk, og det gode resultatet innsamlingsarbeidet i fylket kan visa til.

Brukaren ute i felten er sjølvstøtt heilt avgjerande for at ein aksjon som denne kan gjennomførast. Det er primærbrukaren som er den beste og ofte den einaste kjelda opplysningar om lokale namn kan hentast frå. Det gjeld både meir eller mindre private samlingar, hovudfagsoppgåver skrivne ved universiteta, oppgåver skrivne til dømes på gymnas og seinare på vidaregåande skular, skulebarnoppskriftene frå 1930- og 1940-åra og eventuelt andre namnesamlingar. Dei som kan gje oss opplysningar om namn som heimelsfolk, er naturleg nok oftast eldre ettersom kunnskap

om og kjennskap til dei lokale namna i regelen er større dess eldre brukaren er. Enno har mange eldre førstehands kjennskap til aktivitetar knytte til bruk av dei lokale nemningane. Men det varierer sterkt. Dårlegast stilte er me sjølv sagt der omlegging eller nedlegging av landbruk, fiske og anna næringsverksemd som namna har vore ein del av, det vil seia i primærnæringsane, er mest omfattande og har kome lengst.

Stor velvilje og interesse frå heimelsfolka saman med grundig og samvitsfull innsats frå innsamlarane har gjeve aksjonen eit godt resultat. Det viser òg at folk flest – langt ut over primærbrukaren – er interesserte i namna og i at dei vert tekne vare på, kartfesta og helst brukte også i dag og i framtida i rett form og om rett stad. Dette viser at folk forstår den kulturelle verdien som ligg i arbeidet, og at dei oppfattar vernearbeidet som naudsynt og viktig, og som det av naturlege grunnar hastar med å få gjort.

Med tilgang for alle på nettet kan kven som helst søkja etter og få kunnskap om namn på lokale plassar, og i mange tilfelle få opplysningar om kva som er bakgrunnen for namnet, kanskje om kva det tyder, kvar lokaliteten ligg, av og til kor gammalt namnet er, og liknande. Denne tilgangen til materialet er i seg sjølv med på å verna namna, men også å sikra ein aktiv bruk av dei i dagleg og naturleg omgang med lokalitetane.

Dei som bruker materialet, har kanskje sjølv innspel som kan betra kvaliteten på det innsamla tilfanget. Den aktive brukaren kan utvida, retta opp og føra nye opplysningar til materialet, eller få fram nye sider ved namn, både når det gjeld bruk, plassering, uttale og tyding. Difor er det viktig at stoffet vert kjent og på den måten inspirerer allmennbrukaren til aktiv deltaking. Mange namn er enno ikkje registrerte. Reknar me at aksjonen har fått med seg så mykje som 95 % av dei lokale namna som enno finst rundt om, manglar me likevel 10 000–15 000 namn berre i vårt fylke av eit innsamla tilfang på ca. 250 000 namn. Og det er framleis tid til å redde dei.

Av aktuelle brukargrupper ut over einskildbrukaren kan nemnast ymse lokale lag, som sogelag og ungdomslag der slike finst, idrettslag, som no er

skipa i mest alle bygdelag, jaktlag, studieringar, fritidsforeiningar eller klubbar av ymse slag. Å arbeida med stadnamn som oppgåve i til dømes ein 4H-klubb ville vera ei ny og spennande side av det arbeidet denne organisasjonen driv, og det måtte kunna kombinerast med praktisk arbeid medlemen kan gjera i felten. Slik kan materialet nyttast – og supplerast – gjennom innandørs aktivitetar som konkurransar om namn, kva dei tyder, kvar dei ligg, historier knytte til enkeltnamn osb. Medlemer i ulike lag kan sjølve stå for innslag om og med namn, eller ein kan be folk utanfrå med fagleg kompetanse om namn og talemål om å ta del. I terrenget kan materialet gjera nytte som opplysningsstoff om stader, vegar, teigar osb., eller det kan knytast til aktivitetar, ikkje minst i utmark og i fjellet. Idrettslag, ungdomslag eller andre grupper kan leggja opp løyper eller ruter etter gamle stigar og vegar, gjerne etter dyretrakk, så dei som ferdast i marka kan orientera seg etter namna og om namna, til dømes med tavler der viktige og sentrale lokalitetar i terrenget er omtala. Dei seinare åra er det òg vorte populært med orienteringsleikar baserte på GPS. Etter kvart kjem det GPS i dei fleste mobiltelefonane. Då ligg det til rette for at elevar og andre kan nytta GPS på telefonane sine til å utforska landskapet og stadnamntilfanget der.

Ein litt spesiell variant vart i ein tidleg fase av innsamlingsaksjonen prøvd i fylket vårt, kalla *"Sauesank og namnesank"* (*Stadnamna vart redda*, s. 46). Tanken var at sauesankingslag kunne konkurrera seg imellom og "sanka" namn dei kom over i samband med sauesankinga. Ein viktig grunn til at sauesanking kunne gje tilskot av namn, er at me manglar namn frå mange fjellområde, både fordi fjellkarta har stor målestokk, og fordi mange område i fjellet er fellesområde som mange ikkje kjenner eit spesielt ansvar for i innsamlingsarbeidet.

Ein annan variant som har vist seg vellukka og vorte svært populær, er tilskipingar med stadnamnkafé, eventuelt kombinert med dialektkafé. Denne varianten er ikkje minst utprøvd med godt resultat av Frivilligsentralen i Årdal, som har hatt slike tilskipingar i fleire år. På kveldar med stadnamnkafé vert lokale stadnamn presenterte, gjerne med bilete frå gamal og ny tid,

likeins vert det fortalt historier om namn som det knyter seg spesielle hendingar til. Særleg populære har spørjeleikane om namna vore, der dei som er med, får spørsmål om kva lokale namn tyder, kvar dei ligg, kven som kjenner dei osv. Som regel har tilskiparen eller den som er ansvarleg for programmet, ein fasit som kan presenterast og gjerne drøftast til slutt. Og oftast går slike diskusjonar høgt, med ivrige deltakarar og ulike meiningar. Innimellom har kafeen invitert gjester med fagleg kompetanse til å kåsera eller prata om eit tema som gjeld stadnamn, eller om gamle ord og uttrykk i talemålet eller om dialekten allment, og om gamle gjenstandar og liknande. Interesse for kafeen har vore stor med frå 60 og på det meste opp mot 120 frammøtte. Eit liknande opplegg har Angedalen skule i Førde prøvd, sjå omtale av opplegget til slutt i dette kapitlet.

Me veit at dei eldste kjenner best til dei lokale namna både på innmark og i utmark. Eit naturleg forum å arbeida med lokale stadnamn i er difor dei mange pensjonistlaga. Her kan medlemene saman arbeida ut namnelister eller laga seg private lister som dei fyller ut, til dømes på turar i utmarka, eller åleine eller i mindre lag heime. Resultatet kan i neste omgang leggjast fram på samlingar i laget, der ein kan få korrigerert og supplert listene, og ikkje minst diskutert namna. Mange medlemmer av pensjonistlag har sikkert sjølve vore med på aktivitetar som gjer at dei kjenner både namn og historier godt. Slik kan ikkje minst historiene verta fortalde og nedskrivne og saman med namna vernast for ettertida. Stikkord for aktivitetar som

mange eldre har vore med på, er sauesanking, stølsarbeid – anten som budeie eller i slått og liknande på stølsgjerde eller i andre utmarksslåtter, lauvving, vedhogst, jakt, fiske osv. Eit moment som kan drøftast, er om arbeidet alltid var så kjønnsdelt som me trur. Kva tok kvinnene seg av, og kva gjorde mennene? Var arbeidet ute anten kvinnsfolkarbeid og karsarbeid – eller var ikkje kjønnsrollene alltid så faste?

Me kan såleis nærma oss stadnamn og dermed den nære og lokale kulturen ikkje berre gjennom tungt filologisk fagstoff, men like gjerne som engasjerande innslag i festleg lag der me hentar kunnskap frå og diskuterer namn med dei som lever nærast namna. Ein slik ”lett” variant er til dømes kunnskapsleikar og kvissar, som på stadnamnkafeane. På Kulturnett Sogn og Fjordane kan du i tillegg finna leikar om til dømes fjellnamn i Sogn og Fjordane laga for ungdom. Og om ein ikkje veit svaret, finn ein hjelp på *Fylkesatlas.no*.

7.2 Den offentlege forvaltninga – særleg kommunane

Ettersom aksjonen omfattar lokale namn, er det mest naturleg at den offentlege bruken av dette namnematerialet først og fremst gjeld kommunane. Men materialet er sjølvstendig og av verdi og interesse for bruk i kartarbeid langt ut over den kommunale sektoren. Det gjeld all lokal namnsetjing som trengst i publisering og ajourføring av alle typar kart, ikkje minst Økonomisk kartverk (ØK). Namna finst etter kvart med sikkert geografisk plassering, og dei har fått si offisielle, normerte skriftform. Dermed ligg dei ferdig tilgjengelege for utnytting i alle typar kartarbeid, utført og administrert av Statens kartverk.

Den største og mest allsidige nytten av namna i forvaltninga ligg likevel hjå kommunane. I kommunane er arbeid som gjeld stadnamn, ofte administrert av



Stadnamnkafé. Biletet er frå stadnamnkafeen i Årdal. Ei gruppe er i full gang med kveldens kviss om lokale namn over ein kopp kaffi.

kulturetaten, mange stader ein einsleg kultursjef og meir sjeldan ei noko større administrativ eining. Kommunane har på den eine sida eit lokalt, kulturpolitisk ansvar for vern av lokale stadnamn – det arbeidet innsamlingsaksjonen 1985/1986 representerer, dessutan eit ansvar for i neste omgang å nytta det namnetilfanget som er verna og finst tilgjengeleg, i praktisk namnsetjing på lokalitetar i det offentlege, kommunale rommet – både nye og gamle lokalitetar, så lenge dei ligg under det kommunale forvaltningsansvaret. Som me ser av dette, er lokale namn også eit område der teknisk etat i kommunane kan koma inn.

Når det gjeld vernearbeidet, har kommunane i Sogn og Fjordane vist eit reelt kulturpolitisk ansvar. Kommunane har støtta både innsamlings-/registreringsarbeidet og det etterfølgjande faglege og praktiske arbeidet. Heile det faglege etterarbeidet med namna i databasar er gjennomført – eller vert gjennomført – som eit tett og konstruktivt samarbeid mellom Fylkesarkivet og kommunane, som først og fremst støttar denne fasen av arbeidet økonomisk. Dette kan reknast som den kulturelle eller om ein vil meir teoretiske og akademiske tilrettelegginga av og interessa for namna.

Ei anna side som sjølvsagt vert viktig og der kommunane er sentrale, er å sjå at mange av namna trengst i praktisk eller dagleg omgang med lokalitetane. Kanskje denne sida er den mest utfordrande, største og viktigaste for kommunane framover, nemleg aktivt, målretta og systematisk å nytta namna i praktisk namnsetjing og bruk for lokalitetar som kjem inn under den kommunale forvaltninga. Ingen kan lenger orsaka seg med at namnegrunnlaget ikkje finst.

Når kommunar treng nemningar på lokalitetar som gjeld det offentlege rommet, til dømes eit bustadfelt, ein veg- eller gatestubb, ein open allmenning, eit nybygg, ein skule eller barnehage, ein kommunal leikeplass eller eit fritidsområde, idrettsanlegg osv., bør namnsetjinga vera forankra i lokale og historiske tilhøve ved lokaliteten. Det skulle ikkje vera nødvendig å konstruera nye namn som osar av fantasiløyse når det skal setjast namn på vegar eller liknande lokalitetar ettersom materialet har nemningar som identifiserer dei

fleste stadene lokalt, og som kan knyta det nye saman med det gamle eller tradisjonelle.

Kommunane er *lokale* forvaltningsorgan, og stadnamnaksjonen har hatt som mål å ta vare på dei *lokale* namna, for å verna dei og for at dei tradisjonelle namna framleis skulle kunna leva eit aktivt liv. Difor er det viktig å vekke det kommunale samvitet så namna får ein praktisk nytteverdi når ein kommune har konkrete behov for namn. Ei positiv innstilling til dette vitnar om god og reflektert kulturpolitikk, og er ein måte å knyta den nye bruken til den tradisjonelle. Namna er ikkje privat, men offentleg eigedom uløysleg knytte til ein plass, på same måten som kommunane heller ikkje arbeider i den private sfæren når det gjeld namnespørsmål. Difor er kommunal bruk av det tilgjengelege materialet med på å understreka at namnsetjinga gjeld fellesskapen. Eit moment i denne samanhengen er likevel at vedtak om namnsetjing kan krevja namnefagleg kompetanse. I somme høve er kommunane endåtil pålagde å søkja slik kompetanse, til dømes når det skal fastsetjast offisielle namn. Slike framlegg til namnsetjing skal leggjast fram for Statens namnekonsulentteneste til fråsegn før kommunen gjer vedtak om namna. Også i andre tilfelle er det viktig at kommunane i tillegg til å bruka det tilgjengelege materialet, søker kompetent fagleg støtte for dei vedtaka dei gjer i namnespørsmål.

7.3 Grunnskulen

Skulen – både grunnskulen og den vidaregåande skulen – har eit ansvar for å arbeida med den lokale kulturen, og dermed også med lokale stadnamn. Det ligg eit solid grunnlag for slikt arbeid i det fyldige namnematerialet som dei lokale namna representerer. Tilfanget av namn er eit godt utgangspunkt for skuleverket til å stimulera interessa for namna som kulturberarar og som ei mest uuttømmeleg kjelde til topografisk/geografisk, språkleg og historisk kunnskap.

Her kan me ikkje peika på kva som kan vera gode eller eigna oppgåver for dei ulike klassestega i grunnskulen eller den vidaregåande skulen. Omtalen nedanfor er inndelt i grunnskule og vidaregåande opplæring, men dei ideane som kjem fram, passar truleg på begge nivå. Læraren

må finna ut korleis stoffet best kan brukast, avhengig av til dømes det grunnlaget elevane har frå før, kvar skulen ligg (ruralt eller urbant strok), kva tilbod som finst av til dømes museum, samlingar eller utstillingar i nærområdet, om det er ressurspersonar i nærmiljøet som kan trekkjast inn, og liknande.

Kva seier planverket?

Kunnskapsløftet, det samla planverket for grunnskulen og den vidaregåande skulen, har svært allmenne formuleringar om kunnskapskrav på ulike klassesteg, og nemner til skilnad frå det tidlegare planverket, L97, lite detaljert om konkrete område det skal arbeidast med på dei ulike klassestega. Men dei føringane planverket legg for fleire fag, ”forsvarer” arbeid med lokalt namnemateriale med grunnlag eller støtte i tilrådingar i planverket. I L97 var arbeid med ”stadnamn” derimot nemnt eksplisitt, til dømes under norskfaget i 4. klasse, der det heitte at elevane skulle ”granske lokale stadnamn og snakke om kva dei tyder”. (*Læreplanverket for den 10-årige grunnskolen*, s. 120.)

I Kunnskapsløftet finn me i omtalen av norskfaget eit par konkrete innspel om målføre. Her heiter det under kompetansemål etter det sjuande årssteget at elevane skal kunna ”finne språklige særtrekk i sitt eget miljø og sammenligne med noen andre dialekter” (s. 47). Nettopp lokale namn er ein god innfallssport for eit slikt arbeid, jamfør omtalen av språklege sider ved namna seinare. Eit område som opnar for arbeid med *Fylkesatlas.no*, finn me i krava til arbeid med samansette tekstar. Det heiter til dømes (s. 44) om å kunna bruka digitale verktøy i norsk at det ”er nødvendig for å mestre nye tekstformer og uttrykk”, og at bruk av ”digitale verktøy kan støtte og utvikle elevenes kommunikasjonsferdigheter og presentasjoner”. Det dataregistrerte namnematerialet fyller nettopp slike krav til arbeid med ”samansette tekstar”.

Under samfunnsfag heiter det i kompetansemåla etter fjerde årssteget at elevane skal kunna ”skape forteljingar om menneske i fortida og snakke om skilnader og likskapar før og no”, og vidare at dei skal kunna ”fortelje om sin eigen familie for ein til to menneskealdrar sidan, og om korleis levevis og

levestil har endra seg” og ”kjenne att historiske spor i sitt eige lokalmiljø og undersøkje lokale samlingar og minnesmerke” (s. 120).

Under (geografi) for det same faget (etter sjuande årssteget) les me at elevane skal kunna ”lese og bruke papirbaserte og digitale kart og lokalisere geografiske hovudtrekk i sitt eige fylke, ...” og ”forklare samanhengar mellom naturressursar, næringar, busetnad og levevis” (s. 122).

For den vidaregåande skulen les me til dømes om norsk (språk og kultur) etter VG3 at elevane skal kunna ”bruke bibliotekets sentrale databaser og andre faglige kilder, både tradisjonelle og elektroniske, i egne arbeider” og ”gjennomføre arbeidet med en selvvalgt fordypningsoppgave og utforme den som en muntlig, skriftlig eller sammensatt tekst med språklig, litterært eller annet norskfaglig emne” (s. 51).

I Kunnskapsløftet heiter det generelt under hovudområdet for naturfag at ”utvikling av kunnskap om og respekt for naturens mangfold” står sentralt. Vidare er det i planen uttrykt som eit hovudmål at elevane skal få kunnskap om ”menneskets plass i naturen, og om hvordan menneskelige aktiviteter har endret og endrer naturmiljøet lokalt og globalt. Feltarbeid legger et godt grunnlag for kunnskap om og holdninger på dette området” (s. 82).

Kunnskapsløftet legg fleire stader også vekt på utvikling av kartteknisk kompetanse, til dømes i kompetansemål etter fjerde årssteget, der det heiter under geografi at eleven skal kunna ”beskrive landskapsformer og geografiske nemningar ved å utforske landskapet nær skulen og heimen” (s. 121). Etter sjuande årssteget i geografi er målet mellom anna at elevane skal kunna ”lese og bruke papirbaserte og digitale kart og lokalisere geografiske hovudtrekk i sitt eige fylke”, ”forklare samanhengar mellom naturressursar, næringar, busetnad og levevis” og ”...kunne bruke målestokk og kartteikn” (s. 122).

Me ser av dette at den som vil arbeida med lokale stadnamn i skulen, sjølvsagt har støtte i planverket, og arbeidet kan trekkjast inn i fleire fag. Særleg peikar norskfaget, samfunnsfag (historie), geografi

(kart og topografi) og kroppssøving seg ut. Det er likevel ingen klare grenser mellom desse faga i måten ein kan nytta materialet på. Truleg er ei tverrfagleg tilnærming mest naturleg og mest praktisk i skulekvardagen.

Praktisk eller teoretisk tilnærming?

I grunnskulen kan arbeidet med stadnamn både vera praktisk eller ”visuelt” og også langt på veg teoretisk. Dei to tilnærmingsmåtane kan så kombinerast.

Den praktiske tilnærminga til stadnamn omfattar arbeid med stoffet ute i felten. Det kan vera aktivt innsamlingsarbeid, gjerne for å supplera eller korrigera materialet frå Fylkesarkivet, demonstrasjonar av aktivitetar som knyter seg til namn (hushald, gardsarbeid osv.), samarbeid med heimelsfolk, turar til museum, utstillingar eller liknande, det vil seia alt som kan knytast opp mot dei lokale namna utanfor skulen. Mange kan få støtte til slike uteaktivitetar heime, som frå foreldre eller besteforeldre, eller frå kulturberarar i lokalsamfunnet. Markarbeidet kan kombinerast med turar i terrenget, fotografering der namna vert plasserte på bilete, lydbandopptak osv., eller elevane kan aktivt arbeida med å få på plass namneskilt og namneopplysningar i avgrensa terengområde og liknande. I den praktiske delen av arbeidet kan elevane på den måten få utdjupa, supplert, visualisert, praktisert eller fortalt om namna og namnelokalitetar, eller synleggjort slike lokalitetar i naturen.

Den teoretiske tilnærminga må i større grad gjennomførast på skulen, gjerne med mål om å presentera materialet eller delar av det til dømes i bygda. Til denne delen kan ein leggja ein intern, meir tradisjonell skulemodell der elevane eller elevgrupper skriv oppgåver eller rapportar som ei vidare fordjuping i materialet, sjølv sagt i samarbeid med ein eller fleire faglærarar. Om ein ønskjer det, kan ein så presentera materialet gjennom tilstellingar i lokalsamfunnet, eller på nettet gjennom eigne heimesider eller med lekkje frå heimesida til skulen, om ei slik alt finst.

Utan omsyn til korleis ein legg opp arbeidet i skulen mot fag, anten det er norsk,

samfunnskunnskap, geografi, kroppssøving eller andre, er bruk av digitale dataverktøy ein fellesnemnar. Ettersom materialet etter kvart ligg tilgjengeleg på nettet, kan ein også gjera søkjedelen (markarbeidet) nettbasert om det er ønskjeleg. Andre vil heller leggja denne delen til felten. I tilretteleggingsfasen kan det arbeidast nettbasert. Frå nettet kan ein enkelt henta fram den typen stoff ein vel å konsentrera seg om. Kommunikasjonen mellom elev og lærar kan gjerast nettbasert, og det endelege resultatet av arbeidet kan til slutt leggjast på nettet.

Den visuelle, databaserte presentasjonen kan gjerast på fleire måtar. Ein variant av kartarbeid, som vert omtala nærare nedanfor, er til dømes å skriva namna inn på foto, som oversiktsbilete over avgrensa område eller særskilde lokalitetar. Det kan òg lagast lekkjer til eigne geografiske område, der ein finn alle namn, eller ein kan kategorisera namna og laga søjekriterium for særskilde eigenskapar, til dømes namn på vatn, på fjell, eller på vardar, stølar, stigar, beiteområde osv. I tillegg til å auka den datateknisk kompetansen er slike arbeidsmåtar truleg ei kjærkomen og inspirerende ”tekstskaping” som tilbyr eleven variasjonar med andre teoretiske tilnærmingar.

Gjennomgangen nedanfor viser arbeidsområde knytte til det innsamla materialet. Mange tykkjer sjølve samlearbeidet og kontakten med heimelsfolk er kjekt. Det er difor ingen grunn til ikkje å lata elevane sjølve samla inn materialet, kanskje samanlikna sin eigen fangst med det tilfanget som ligg i basane til Fylkesarkivet, og slik både korrigera og supplera dette materialet.

Utan tvil kan ein nærma seg lokale stadnamn med fleire faglege vinklingar. Som nemnt har fag som norsk, samfunnskunnskap, geografi og kroppssøving rikeleg med stoff å støtta seg til i dette materialet. Det gjeld å leggja vekta på det ein ønskjer å fordjupa seg i. Men namna representerer òg tilnærmingar frå andre faglege perspektiv, til dømes religionsfaget. Mange namn (med eigne kodar, jf. kodelista) er knytte opp mot religiøse aktivitetar, skikkar og tilburder, som samlingsstader, ferdselsveggar til kyrkja osv.

I gjennomgangen nedanfor skal me likevel ha

norsk, samfunnskunnskap og geografi som overordna perspektiv. Men det må understreka at moment nemnde under eitt fag, like gjerne kan utnyttast i eit anna. Eg har til dømes valt å leggja vekt på den språklege sida ved namna innanfor norskfaget, meir historisk relatert kunnskap om gardsordning, stølsliv osb. vel eg å kalla samfunnsfagleg, og kart- og terrengkunnskap reknar eg til geografifaget. Likevel går faga over i kvarandre: Segner og forteljingar frå stølsliv eller liknande er like mykje norskfag som samfunnsfag.

7.3.1 Norskfaget


– namna som kjelde til språkkunnskap

Verdien av namnematerialet nytta i språkopplæringa i norsk er truleg større dess lenger opp me kjem i klassestega. Denne framstillinga kan difor ikkje i detalj seia noko om kva tilnærming ein bør ha på dei ulike aldersstega. Det må læraren avgjera ut frå til dømes nivået i klassen.

Eldre og yngre talemål

Elevar i grunnskulen og den vidaregåande skulen er yngre språkbrukarar. I Sogn og Fjordane har dei aller fleste eit talemål med basis i eit lokalt geografisk målføre, eller dei representerer ein yngre sosial variant, oftast av det tradisjonelle målføret på staden. På den andre sida representerer dei lokale namna fonologisk og morfologisk ein eldre, tradisjonell variant av det same talemålet. Dei fleste namna er gamle, faste nemningar som har levd meir eller mindre uendra gjennom generasjonar. Også dei fleste heimelsfolka som er nytta i innsamlingsaksjonen, representerer det tradisjonelle talemålet. Nett dette aspektet er eit godt utgangspunkt for å samanlikna språktrekk i namna med talemålet til elevane. Dermed kan elevane få understreka endringar eller tendensar til slike endringar. Viktige område er til dømes mindre

Båtstø. Biletet viser båtstøa og steinnaustet i Sildahola i Luster. Naustet høyrde til Hestadalen frå gammalt. I dag står det utan tak.



palatalisering i Fjordane hjå dei yngre eller mindre bruk av differensiering i Sogn. Perspektivet yngre talemål/eldre talemål kan difor utnyttast til fulle med dokumentasjon i det lokale namnetilfanget, og nyttast som ein del av språkundervisinga og medvitstgjerjing om eige talemål i skulen.

Namn eller appellativ?

Ei viktig tilnærming som kan brukast ned i dei yngste klassane, er å klårgjera kva som kjenneteiknar eit namn til skilnad frå eit vanleg namnord (substantiv). Kva er skilnaden mellom namnet *Haugen* og appellativet *haugen*? Er det nokon skilnad på *Garden* og *garden*? Elevane kan sjølve prøva å finna parallellar mellom appellativ og namn, kanskje heimanfrå eller frå nærmiljøet elles: *Vika, Myra, Ura, Lia, Steinen, Hagen, Garden, Bakken, Neset* osv. Og eit namn skriv me med stor forbokstav, akkurat som i andre geografiske namn: *Noreg, Sverige, Danmark, Vestlandet, Austlandet*, kommune-, bygde- og grendenamn osv., eller personnamn og etternamn. Når ordet er brukt som vanleg appellativ, har det liten bokstav. Ei vektlegging av denne skilnaden kan gjera elevane meir medvitne om kva eit namn – både i naturen og på personar – eigenleg er.

Kva tyder namna?

Det er alltid spennande å finna ut kva eit stadnamn tyder. Langt dei fleste namna i materialet har kjend tyding: *Bekken, Bakken, Haugen, Åsen* osv. Men elevane veit kanskje om meir ”merkelege” namneformer som dei ikkje heilt skjønar, og kan gje døme på det. For dei yngste – og kanskje for dei fleste skuleelevar – finn ein truleg nokså raskt ukjende appellativ brukte i namna. Namn som *Stigen, Rinden, Rabben, Nylendet, Skjenet, Råka, Kvia, Gjelet, Bruna* (ei brun), *Tro(d)a, Træ(d)et, Støa/Støi/Sto(d)a/Sto(d)i*, *Stampa* er kanskje alle døme på namn som mange elevar (og lærarar?) ikkje utan vidare forstår tydinga av. Ofte er førsteleddet (utmerkingsleddet) ”vanskelegast”, som i *Humlegarden, Blomsvollen, Røytehølen, Nonshaugen, Nonsslåttene*. Mange namn har heilt sikkert appellativ som er ukjent for dei fleste – også for lærarane, som det usamansette *Havrane* (buk), eller samansette namn som *Rossavika* (ross = hest), *Tobbeurane* (tobbe = merr, hoppe; namn etter ei daud merr som vart attfunnen her), *Kvitebliket* (blik = lys eller kvit flekk). Også

forvanska namneformer kan kanskje oppklarast og samstundes gje elevane innsikt i trekk me kan finna elles i talemåla, som omkasting av lydar i *Nervefaret* (mest truleg av *never* = ytre del av bjørkebork).

Tydingsperspektivet kan utvidast med å utfordra elevane til dømes til å setja opp lister over kor mange appellativ dei kjenner for ulike typar høgder eller toppar i naturen, eller for søkk i terrenget, for skrånande terreng, for flatt landskap osv.? Appellativ med tilnærma same tyding for fordjupingar i terrenget kan vera *Hola, Holet, Gropa, Søkket, Dumpa, Delda, Lægda* osv., meir spesielle nemningar for fordjupingar er *Gjelet, Juvet* eller rett og slett *Dalen*. For høgdingar finn me likeins variasjonar med grunnord som *Åsen, Høgda, Hovden, Nipa, Egga, Haugen, Toppen, Såta, Holten* osv., dessutan jamføringsnamn som *Skallen, Nakken, Ryggen, Kammen* osv.

Til hjelp for å forstå kva eit namn tyder, finn du til slutt i denne rapporten ei liste over appellativ som svært ofte er brukte som hovudledd i namn, men som kan vera ukjende for mange, kanskje også for somme av lærarane. Du finn òg ei faktaliste over kva sisteleddet i mange av gardsnamngruppene tyder (*vin*-namn, *heim*-namn osv.).

Særskilde utmerkingsledd (førsteledd) i namna

Materialet gjer det mogeleg å finna namnegrupper med nærare definert innhald. Som alt nemnt kunne søkjefunksjonen vore endå nyttigare om datakorta hadde plass for fleire detaljerte søjekriterium. Det gjeld ikkje minst stadnamn som inneheld personnamn, dyrenamn, fuglenamn, namn på vokstrar osv. Det er ikkje mogeleg å få fram ei samla liste over til dømes namn med fuglenamn som utmerkingsledd. Ei bra oversikt får me likevel om me søkjer på fuglenamnet under *K162 Jakt på fuglar, tilhald*.

Materialet inneheld også ei mengd namn med personnamn som utmerkingsledd: *Persbrotet, Eliasåkeren, Gunnarskora* osv. Å leita etter personnamn og ikkje minst gruppera dei ut frå eigne kriterium kan vera ei spennande oppgåve. Ikkje minst finn me mange personnamn i bruksnemningar, tunnamn eller gardsnamn,

som *Akselbruket, Andersgarden, Bendiktunet*, også berre med personnamnet som einaste ledd: *Danielane, Ellendane* osv. Dei aller fleste av denne gruppa namn har mannsnamn som utmerkingsledd. Skal me finna kvinnenamn, må me leita etter andre typar lokalitetar, der kvinnene har hatt råddel. Det kan vera namn på enkeltbygningar (stover), åkrar, sløtter – helst i utmarka: *Karisløttet, Annatufta, Britehusa*, eller i anna terreng der kvinnene hadde ein slags prioritet: *Durdeimyra, Sofiemyra* (kvinnene var kanskje dei som oftast sank bær), *Gitlaugskori* (slåtteskor med smågras), eller kjønnet kan vera allmenngjort: *Kjeringa, Kjeringasteinen*, likeins om hankjønnet: *Mannen, Manneholet* og liknande. I mange namn finn me sjeldne og kanskje ukjende personnamn for dei fleste i dag, som *Janek* i *Janekbakken*, *Gitlaug* i *Gitlaugskori*, *Malina* i *Malinabekken*, *Samson* i *Samsonsteinen*, *Simo* i *Simohaug*, *Lyder* i *Lyderbakken* eller *Rognald* i *Rognaldskorane* og fleire. Kanskje kan ein søkja på sitt eige namn i materialet og sjå om det er brukt, eventuelt kor mange lokalitetar som har eit særskilt personnamn. Kor mange namn i materialet byrjar på eller inneheld personnamnet *Anders*? (Ei oppteljing viser nær 200 stadnamn med dette personnamnet som utmerkingsledd!)

Andre grupperingar kan gjerast av dyrenamn eller namn på treslag eller ymse typar vokstrar. Dyrenamn som utmerkingsledd finst det mengdevis av: *Bjørnholene, Bjørnskora, Gaupebotnen, Haraflatene, Hjortedalen, Mårfella, Kobbasteinen, Oterholene, Paddehola, Ikorngalden, Ormahaugane, Ulvahaugen, Røvomnen* osv. Namna fortel ikkje minst at dyreslag som ulv, gaupe og bjørn må ha vore vanlege i desse traktene ein gong i tida. Andre namn inneheld meir lokale nemningar på dyr, insekt eller liknande, som *Pissemaurhola* og *Rumpetrollbekken*, og somme namn har som utmerkingsledd appellativ for dyrenamn som mange ikkje lenger kjenner tydinga av, som *Jasemyrane, Jashaug* (*jase* = hare) og *Rossabøen* (*ross* = hest), eller dei fortel om fangstmetodar som i dag er borte eller avleggs: *Snarebakkane, Sjølvskotmyrane, Dyregravene, Jaget, Fellesteinane, Soksahelleren* og liknande.

Også fuglenamn kan kategoriserast på liknande måte. Her er mange fuglenamn i utmerkingsleddet:

Kråkehogen, Teistholmane, Alkeneset, Lomstjørna, Gjessneset, Tjerneholmen, Ørnaberget, Haukareiret, Hegrefjellet, Kattuglebakken, Ramnaberget, Rypeskori, Skarvehamaren, Måseberget, Måseskiten, Rypeholten, Skjorareiret osv., og ikkje minst namn som vitnar om orreleik, anten namnet rett og slett er *Orraleiken* eller berre *Leiken*.

Det same gjeld namn på vokstrar, der det sikkert òg finst typar med ordformer som ikkje alle er fortrulege med: *Humlegarden, Brennenotbakken, Kvannbakkane, Porshola, Blomsvollen* osv. Andre og liknande felt ein kan studera nærare, er til dømes bruk av namn på treslag som utmerkingsledd, som bjørk, hegg, ask, fure, alm osv. i namn som *Bjørkehaugen, Heggåkeren, Asketeigen, Fureholmen, Almebakken*. Mange slike treslagnamn kan opna for å arbeida med emne som lauvving, rising, slått i utmarka osv.

Namn som støtte for kunnskap om målføret

Fonologisk (lydleg) finn me i dei lokale stadnamna dei fleste av dei sentrale trekka som kjenneteiknar det lokale talemålet namna er ein del av. Som nemnt er mange av dei lokale – og ikkje minst tradisjonelle – talemålstrekka særleg tydelege nettopp i namneformene. Grunnen er at namnet lever eit liv mindre påverka av endringar som måtte skje i talemålet, nettopp fordi namneforma identifiserer lokaliteten, og ei endring av form vil gje lokaliteten eit islett av noko ukjent, framand. Det er til dømes innlysande at namnet *Havnen* har sin eigen identitet, og at det lever i denne forma så lenge lokaliteten finst, uavhengig av talemålet, som kanskje har forma *hamna* eller *habni* i appellativet. Likeins kan me godt tenkja oss ei ”normering” i talemålet bort frå den lokale varianten *hågjen* til *haugjen* eller endåtil *haugen*, medan eventuelle lokalitetsnamn uavhengig av dette lever vidare som *Hog(j)en*. Ei språkleg (lydleg) endring av ei namneform ville ha endra den spesifikke identifiseringa mot lokaliteten som namneforma uttrykkjer. Difor er namn i si form arkaiske, dei er i større grad enn allmennspråket overleveringar frå tidlegare brukarar i meir eller mindre uendra form, gjerne ”forvanska”, men likevel temmeleg konservative. Trass i dette må me ikkje underslå at også namn kan verta utsette for språklege

endringar, av dei fleste slag. Det ser me ikkje minst i gardsnamna våre, som rett nok er eldre enn dei fleste lokalamna, til dømes når appellativet *vin* forsvinn i namn som *Fløtre* og *Boti*, eller *heim* i til dømes *Seim*, *Vaim*, *Skaim* osv.

Når det gjeld målføretrekk for ulike talemål i fylket, viser eg til litteratur om det. Gjennomgangen nedanfor er ikkje nokon fullstendig presentasjon av talemål og talemålstrekk for målføra i Sogn og Fjordane. Berre ein del av dei mest særmerkte trekka vert nemnde. Eg bruker fonemskrift stort sett tilsvarende den som er brukt i fonemiseringa av namna i materialet, men utan skråstrekk før og etter.

Vokalar og diftongar

Ein del namneformer viser monoftongering (forenkling av diftong til enkeltvokal); særleg gjeld det i somme av fjordamåla. Appellativa *naust*, *haust* og *teig* er til dømes monoftongerte i *Nosthogen*, *Hoststeinane* (= haust) og *Slåttetegen*. I fjordamåla finn me likeins diftongerte former i samsvar med målføret, som i *Staueåkeren* (*stove*), *Veirebakken* (*vêr*) og *Støylsbakken* (*støl*). Dei to siste døma viser vokalisering av den gamle, stungne *ð*-lyden: *veðr*, *stöðull*, deretter diftongering med føregåande vokal.

Eit særtrekk for dei fleste sognemåla er diftongen *ao* for gamal lang *a*, oftast skriven *å*, som me òg finn att i namna: *'aoker*n*, *'ao:s*n*, også som bøyingsmorfem i linne hokjønnsord (først nasalering av gamal kort *a*, seinare samanfall med lang *a*, så runding og diftongering analogt med gamal lang *a*): *"sao:tao*, *'kvi:nao* og fleire. Framfor *ng/nk* er diftongeringa til *ao* meir avgrensa i utbreiing, også i Sogn, men me finn rikeleg med døme i namna på slike former, særleg framfor *ng*: *"laongahesi*, *"laongaoker*n*, *"haongsæ:te* *"traongaskå:ri*. I fjordamåla er vokallyden framfor *ng* nokså allment uttala som *å*, og finst sjølvstøtt i svært mange namn, særleg samansette: *"långehesa*, *"långemyra*, *"långeffæiLe* osv. Også *e/æ* kan verta diftongert framfor *ng/nk* i fleire sognemål, ofte saman med etterfølgjande palatalisering: *'ainGi*, *'aiGi*, *'bainKen* (*Engi*, *Eggi*, *Benken*) og fleire. Dette trekket er i dag vikande, jamfør *Bjørkum* (*Årdalsmål hjå eldre og yngre*) og *Ølmheim* (*..sa sogningen til fjordingen*).

Ein vokal som har stått sterkt i mellom anna fleire fjordamål, men som vert meir og meir sjeldhøyrd, er den *ø*-liknande uttalen i namn som *'hO:jen*, *'nO:va*, *"skO:raNe*, *"anestO:va*, *"hO:la*, *'bOmeN* og mange fleire. I materialet er lyden (fonemet) skriven med stor *O*, og som me ser, er han brukt i mange appellativ med sentralt innhald. Kjenner elevane denne lyden frå sitt talemål i dag, og kven bruker han i så fall? Dersom ikkje, kva slags lyd er brukt i staden?

I samansetjingar kan personnamn i fjordamåla framleis ha svarabhaktivokal. Slik vokal i substantiv er elles svært sjeldan i notidsmålet: *knute'plaseN*, *knute'hiLareN*, *knute'jæ:re* og liknande namneformer. Kjenner elevane namn med slike eller liknande former, eller om vokalen er brukt i vanlege appellativ: *båt'e*, *hest'e*?

Elles har materialet sjølvstøtt rikeleg døme på diftongerte vokalar frå midtre og dels ytre Sogn, til skilnad frå tilsvarende ikkje-diftongerte vokalar i indre Sogn: *Viki* med diftongert *i* i midtre Sogn, men utan diftongering i indre. Om markering av slike vokalar, sjå under *Prinsippa for det faglege arbeidet*, *Fonemisering*.

Konsonantar

Palatalisering av dentalar står framleis sterkt i dei fleste fjordamåla, men er kanskje ikkje så dominerande lenger hjå dei yngre. I namna er palatalisering derimot meir eller mindre gjennomført, særleg i trykkstavinga, men òg trykklett (bunden artikkel). Det finn me døme på i mange namn med sentrale appellativ, som *'ffeLe*, *'vOLiN*, *"rUNaNe*, *'fONa*, *"gleNiNe* og fleire. Det same gjeld namn som først har fått assimilering, som *rn* til lang *n*, og deretter palatalisering: *'KøNa*, *'bjøNen*, *"kONåkriN*, *'håNe* osv. I somme tilfelle utviklar palataliseringa diftong med føregåande vokal forutan palatalisert dental: *'ffæiLe* (*Fjellet*), *'smæiLiN* (*Smellen*), *'KøyNa* (*Tjørna*), *"væiLeNe* (*Vellene*) (eventuelt også *'væuLiN* (*Vollen*) og *'hæultiN* (*Holten*)). Det same gjeld appellativet *veg* som hovudledd i samansette namn: *-væi:iN*.

Mange målføra har i tillegg til palatalitet i trykkstavinga palataliserte bøyingsmorfem: *'maNiN*, *'te:jiN* og andre. Palatalisering er eit

språktrekk ein godt kan drøfta med elevane. Truleg er det lett å finna skilnader mellom yngre talemål og uttalen av namna ettersom yngre språkbrukarar gjennomgåande palataliserer mindre.

Meir allmenne assimilasjonar, som *lv* til *lang l*, finn me i heile fylket: *"haljeng(j)e*, *"halrø* (*Halvgjenge*, *Halvrø*).

I fjordamål og i mange sognemål er skifte mellom velar uttale i grunnforma og palatal uttale i eintal av bøyingsforma vanleg: *bekk* – *bekkjen*. Denne vekslinga finn me att i dei lokale namna, sterkast i Fjordane, men òg langt innover Sognefjorden, og sterkast på sørsida – heilt til Aurland kommune: *haug*, men *'hæu:jen* (eventuelt *'hå:gjen* eller *'hO:jen* i Fjordane), *bakk(j)e* med eller utan palatal, *"baKen* med palatal. I somme tilfelle lever palataliteten i stordelen av fylket: *"øy:Kasva:*, *"beKasitlao* (*Øykasvaet*, *Bekkasitla*), eller i mange mål i bunden form framfor gamle fremre vokalar, som i *'ainGi*, *'beKen*, *'bainKen* (*Engi*, *Bekken*, *Benken*) og fleire. Også her er det truleg skilnad på yngre og eldre talemål med mindre palatalisering hjå dei yngre.

Dei fleste sognemåla har differensiering av *rn* til *dn* og segmentering av *lang l* til *dl*, med rikeleg av døme i materialet: *'kådne*, *"kådnaoker*n*, *'hådne*, *'fjedle*, *"hedlebråte*. Differensieringa finn me òg i bøyingsmorfem, bunden form fleirtal, både hankjønn og hokjønn (av tidlegare *rn*): *"stai:nad*n*, *"tUfted*n* osv. Uttalen *pt* for *ft* er kjend i dei fleste sognemåla, men òg i somme fjordamål, også i namn: *"øpsteaoker*n*, *"tøpteNe*. Det same gjeld *mb* i til dømes *"lambhusbaken*, eventuelt *"lambhusbaKen*, *'kamben*, likeins *tl* for *sl* i døme som *"vetlesvingen*.

Bruk av syllabisk konsonant er rikt representert i materialet frå Sogn, både i bunden form av grunnord: *'båt*n*, *'hat*n*, *'sand*n* og i mykje av Sogn som nemnt ovanfor når *rn* i bøyingsmorfem i bunden form fleirtal av hankjønn og hokjønn går over til *dn*: *"stainad*n*, *"tUfted*n* osv. Også somme fjordamål kan ha syllabisk konsonant når palataliteten i artikkelen manglar, til dømes *'sand*n*, *"hu:shamar*n*, *"långega:r*n*.

Nokre få namn frå Fjordane viser restar av halvemålet, i dag vel ein kuriositet. I eit namn som *uldre'hO:jen* er trekket likevel tydeleg, her saman med etterleddstrykk.

Etterleddstrykk

I nokre fjordamål dominerer etterleddstrykk i dei namna som ligg i dette materialet, truleg òg generelt i dei tilsvarande talemåla: *jæi:le tånjen*, *ruNa'baKen* (*Geiletangen*, *Runnabakken*) osv. Korleis er det med etterleddstrykk i yngre talemål i dag? Kven bruker det i så fall?

Morfologien i namna

Morfologi omfattar semantikk (tydingslære) og ordklasse- og bøyingslære. Semantikken i namna har me alt vore innom (*Kva tyder namna?*), så her skal me ta for oss ordklassar og bøyingsmorfologi.

Eit sentralt omgrep i stadnamnstudiar er termen *grunnord*. Utan å drøfta omgrepet nærare avgrensar me det her til å gjelda substantiv brukte som namn (både i samansette og usamansette namn) når dei som reine appellativ karakteriserer terrenget. Såleis er *Haugen*, *Lia*, *Bakken* osv. typiske grunnord, medan personnamnet *Johannes* i *Johannesåkeren* ikkje er det.

Ordklassar

I dei lokale stadnamna finn me døme på alle tre ordklassane: hankjønn, hokjønn og inkjekjønn, i både samansette og usamansette namn. Svært mange namn er enkle (usamansette) og laga av grunnord: *Steinen*, *Bekken*, *Myra*, *Vika*, *Fjellet*, *Vatnet* osv. Andre er samansette, mange av to substantiv, som oftast begge grunnord: *Fjellmyra*, *Myrhogen*, *Fjellholene*, eller med bindevokal *Haugagjelet*, *Bekkasitla*, *Kleivahaugen* osv. Av og til er utmerkingsleddet (førsteleddet) i samansette namn eit personnamn: *Hansplassen*, *Tomasåkeren*, *Kariåkeren* osv., men også andre ordklassar enn substantiv kan stå som førsteledd, særleg ofte adjektiv: *Storamyra*, *Høgefjellet*, *Litlenuten*, *Likkjøyna*, *Fårlegkleivi*, eller verb, som i *Badehølen*, *Vaskebekken*, *Røytehol*, eller endåtil partisippformer av verb: *Drivandefossen*. Ofte har dei samansette namna eit primærnamn: *Smia*, *Haugen*, *Bekken*, og dette primærnamnet står då som første ledd (utmæringsledd) i det samansette

og spesifiserer sisteleddet, som er hovudledd: *Smiåkeren*. Her er òg mange namn i materialet med tre (eller fleire) ledd: *Haugagjelsgrova*, *Smiåkrereina* osb.

Som nemnt følgjer ikkje alle samansette namn oppbyggnaden med hovudledd som sisteledd og det første som utmerkingsledd. I somme namn – rett nok eit lite mindretal – er tilhøvet omsnudd, i det som kan kallast preposisjonsnamn. Her står utmerkingsleddet i eit preposisjonsuttrykk til slutt: *Bakken nedom Myra*, *Steinen i Instebotnen* og liknande.

Dei aller fleste lokale stadnamna står i bunden form: *Badevika*, *Leirvika*, *Vetlagrova*, *Storeholmen*, *Langebakken*, *Elvagjølet* osb. Det store unntaket er eldre gardsnamn, særleg namnegrupper på *-vin*, *-heim* osb. Men også yngre namn kan ha ubunden form: *Flesberg*, *Salttjørn*, *Tallberg* og andre. Dette varierer frå eitt målområde til hitt og kan takast opp til drøfting med elevane som eit særleg og meir sjeldhøyrte trekk der dette finst og samstundes er tydeleg representert i materialet.

Eit fonologisk trekk ved bøyingsmorfologien finn me i namn der den bundne forma (tilsynelatande) er sløyfa av lydlege grunnar. Det finn me i mange, ofte svært hyppige namneformer med grunnord som endar på *n* eller *l*: *stein*, *botn*, *hatl* eller andre grunnord som endar på vokal og dermed gjev vokalsamanstøyt med bøyingsmorfemet (*-e*) i nøytrum: *led* (grind), *sva*, eller vokalsamanstøyt mellom to *i*-ar i *i*-målsområde: *li*. I uttalen av slike namn får me i regelen samanfall mellom ubunden og bunden form, og det er analogien med andre namn som gjer at me stort sett normerer også desse til bunden form: *"sto:restain*, *"svartebåt*n*, *'stølsle*:, *"blå:sva*:, *"bjødnali*:, *hat*l* osb. må difor normerast til *Storesteinen*, *Svartebotnen*, *Stølsledet*, *Blåsvaet*, *Bjørnalii* og *Hatlen*. Bundne former i namn kan forklarast med at eit namn har sterk grad av bestemming: namnet er ei nemning på ein heilt særskild, avgrensa plass.

Ei spesiell gruppe av substantiv er personnamna. Som nemnt har ikkje materialet nokon koda kategori for einsidig å søkja etter denne typen namn, men dei er rikeleg representerte i materialet. I dei aller fleste tilfella er personnamnet

utmerkingsledd (førsteledd) i samansette namn, og personen som er nemnd, er i regelen den som på ein eller annan måte har tilknytning til den namngjevne staden – i vid meining. Typisk er *Karistykket*, *Johannesåkeren*, *Hansbønen*, *Marihola* og mange fleire knytte til at personane har dyrka, slått eller opparbeidd lokalitetane. Andre gonger kan namnebruken har meir dramatiske årsaker, og det ligg ei soge eller forteljing bak, som *Perhammaren* (Per datt utfor og miste livet), eller mindre dramatisk, som *Marisvaet* (Mari datt her og slo ut mjølka på svaet). Sikkert er det at bak denne namne kategorien løyner det seg historier, og ei oppgåve kan vera nettopp å få fatt i historiene, fortelja dei att eller skriva dei ned. Sjå elles om personnamn i materialet lenger framme i dette kapitlet.

Samansetjingsfuge

Dei samansette namna har anten ei bindefuge, som i vårt materiale anten er vokalane *e* eller *a*, eller *s*-fuge. Dersom fuga manglar, talar me om nullfuge. Av vokalfuger finn me både *a* eller *e* i til dømes *Storamyra*, *Storesteinen*, *Storaffjellet/Storefjellet*. Den geografiske fordelinga her er innfløkt, og ein må gå til sjølv materialet for å vera viss på å finna korrekte døme. Ofte er fordelinga avhengig av kjønnet på hovudleddet: *Gygrenakken* (hankjønn), men *Gygrarøvi* (hokjønn). Samansetjingar med *s*-fuge finst i til dømes *Stølsmyra*, *Hovsbakken* og nullfuge (inga binding) i namn som *Bukona*, *Landtunga*, *Kornåkeren*. Korleis stemmer bruken av desse bindingane med målføret i dag? Finst *a*-fuga til dømes i like sterk grad hjå dei yngre, eller går yngre talemål meir over til å nytta *e*-fuge?

Bøyingsmorfologi

Bøyingsmorfologien i namna kan knytast til innlæring av morfologisk kunnskap. Forutan namn i alle kjønn, *Nakken*, *Skora*, *Gjelet*, finn me i materialet namn både i eintalsform og fleirtalsform av alle kjønn: *Nakkane*, *Skorene*, *Gjela/Gjeli* osb. Og bøyingsmorfologien følgjer målføret, slik at *i*-målsområde har formene *Høgdi*, *Fjelli* osb. i samsvar med målføret.

Somme namneformer har ein artikkel som gjerne ikkje er levande i talemålet i dag, eller kanskje berre hjå eldre språkbrukarar. Døme er artikkelen

-na i hokjønnsord: *Åna, Bruna, Fluna* eller -na i dativformer, hankjønn: (*på*) *Bøna, (på) Sjøna*. Kjenner elevane til at slike bøyingsformer er brukte i talemålet deira i dag?

At substantiv av hokjønn finst i ei linn (*ei såte*) og ei sterk form (*ei myr*) kan lett dokumenterast med namn frå materialet, særleg der dei to bøyingskategoriane har ulike morfem i bunden form eintal, som i sognemåla: *Myri*, men *Såta* (med noko varierende uttale av bøyingsmorfemet). I fjordamåla får ein ikkje fram dette skiljet ettersom begge har -a: *Myra* og *Såta*.

Eit interessant trekk ved mange naturnamn laga av grunnord er at nemningar i naturen ofte er hokjønn, jamfør namn som *Øya/Øyi, Myra/Myri, Elva/Elvi, Røysa/Røysi, Ura/Uri, Lia/Lii* og liknande, slik òg med namn på mange treslag: *Fura, Bjørka/Bjørki, Ospa/Ospi*. Sjølv sagt er her namn med andre kjønn òg, tilsvarande appellativa: *Almen, Asken* osv.

Preposisjonar ved namn

Stadnamn kan nyttast som dokumentasjon på preposisjonsbruk, særleg preposisjonar brukte om plassering ”på staden”. Kva slags preposisjonar er brukte ved namn i ditt talemål: *på Haugen, i Haugen, på* eller *i Myra* osv.? Her kan elevar sjølv finne svara ettersom materialet har liten dokumentasjon på preposisjonsbruk.

I somme talemål skifter namnet form etter om det er brukt med og utan preposisjon. Utan preposisjon

står namnet i subjektsform, med preposisjon i dativform (bøygde form): *Haugen*, men *på Hauga, Lia*, men *i Lidinne* eller liknande. Her kan me bruka gardsnamn som døme, men også lokale namn. Skiftet i form mellom subjektsform og dativform gjeld særleg i mange fjordamål. Kvifor heiter ein gard *Haugen*, men (*på*) *Hauga* (eller liknande variantar med *hau, hog, håg*), *Øvreåsen*, men (*på*) *Øvr(e)åsa, Bakkane* (eller med palatal: *Bakkanje*), men (*i*) *Bakkå, Midtbøen*, men (*på*) *Midtbøna*? Kjenner elevane slike bøyingsformer i andre samanhengar (*båten*, men *i båta, volljin*, men *på vollja, sjøen*, men *på sjøna*)? At dativ kanskje finst i namna, men ikkje elles i målføret, minner oss om at namn gjerne overlever i språket i meir arkaiske, stivna former. Kvifor er det slik?

7.3.2 Samfunnsfaget – namna som kjelde til kulturkunnskap

Den kulturelle eller lokalkulturelle utnyttinga av lokale stadnamn i skulen tek utgangspunkt i at materialet kan brukast som støtte og bakgrunn for å læra meir om lokalsamfunnet, først og fremst i eit historisk perspektiv. Også den kulturelt retta læringsstrategien kan kombinerast med arbeid i felten. Skuleklassar kan vitja lokalitetar og personar som enno står i eit aktivt tilhøve til det namna fortel om, eller elevar kan sjølv skipa til aktivitetar så dei får kontakt med og synleggjort sentrale felt som namna vitnar om, til dømes gamle arbeidsmåtar, skikkar og seder, aktivitetar i fritid og fest, tru og overtru, særskilde hendingar osv.

Konkret kan dei få demonstrert korleis ei kvern eller ei mylne, ei smie, ein slipestein, ein røytehøl eller inneaktivitetar som matlaging, karding, spinning osv. vart handterte og verka. Mange av desse aktivitetane er i dag ”museumsgjenstandar”, men kanskje kan ressurspersonar i nærmiljøet trekkjast inn og både fortelja og demonstrera.

”Dar oppe ligg Helljvulen.”
Informanten er lommekjend og fortel villig. Biletet er frå Kråkenes på Vågsøy i 1971. Som me ser, har eit par av karane trekt innomhus for å verna seg mot regn og blåster.



Me skal sjå på nokre sentrale område som alle kvar på sin måte fortel historie:

- gardsnamn
- husmannsplassar
- stolar og stølsdrift
- hushald
- fiske og fangst
- tid og vår
- sosialt liv
- tru, religion
- gamle arbeidsmåtar, arbeidsformer og ord og uttrykk

Også andre område avgrensa av eigne kodar i materialet kan brukast, som namn knytte til arbeid i landbruket (husdyrhald og førsanking), bruk av utmark og fjell, samferdsle og folketru/overtru.

Gardsnamn

Der skulen ligg i eit typisk landleg område, er det sjølvsagt særleg sentralt å arbeida med gardsnamn. Det lokale stadnamnmaterialet frå Fylkesarkivet har inga systematisk registrering av gardsnamna i fylket. Men dei fleste – kanskje alle – er registrerte under kulturkoden *K105 Namnegard*. Under koden *K111* finn me derimot nærmare 2500 namn, så dei aller fleste her er bruksnemningar. Ettersom innsamlingsaksjonen ikkje har hatt som mål å vera noka fullstendig liste over namnegardar i fylket, må ein kanskje bruka andre kjelder dersom ein vil ta for seg gardsnamna for eit område. Den beste kjelda her er Oluf Rygh: *Norske Gaardnavne*. På *Fylkesatlas.no* kan ein enkelt få tilgang til dette verket, sjå omtale og innføring i bruk under *Namn på nettet* lenger framme.

Ei første tilnærming til stoffet kan vera å visa elevane skilnaden på omgrepa *gard* og *bruk*, og vidare på gardsnamn og bruksnamn. Her er det truleg lett å finna døme frå nærmiljøet, og som nemnt har materiale registrert svært mange bruksnamn under koden *K111*. Bruksnamna er ofte av to slag. Dei kan karakterisera naturtilhøva på staden: *Bakken*, *Haugen*, *Rusti*, *Røysi* eller *Hagen/Hagane*. Like vanleg er det at bruksnamna har personnamn som førsteledd: *Jensbruket*, *Steingarden*, *Jensagarden*, *Pergarden* osv., eller eit personnamn er brukt aleine: *Jensane*, *Bårdane*, *Nilsane* osv. Ofte er mange av dei første tidlegare

husmannsplassar, medan dei andre er eldre bruk som har fått utmerkingsleddet eller heile namnet sitt etter ein tidlegare brukar. Ofte er personnamnet brukt vekslende med eit anna personnamn i generasjonar på bruket, til dømes *Nils* og *Jens*, *Anders* og *Per*. Andre gonger er bakgrunnen for personnamnet meir uklårt. Førsteleddet kan òg fortelja ei eiga historie om bruket, til dømes at det tidlegare har lege under andre gardar eller bruk: *Nesagarden*, om eit bruk som tidlegare høyrde til *Neset*.

Gardsnamna har ein heilt annan status enn bruksnamna, og eit mykje vidare bruksområde. Fleire stader er omgrepa eller appellativa *bruk* og *gard* brukte synonymt, jamfør døma ovanfor: *Jensbruket*, *Jens(a)garden*, som begge er nytta om brukseininga. Medan bruksnemningane er lokale, kanskje nytta og kjende berre innanfor ei grend, er gardsnamna offentlege nemningar på gamle einingar. Truleg kjenner elevane gardsnamna i nærmiljøet, og dei kan gjennom namnebruken få klårt for seg kva som er skilnaden på *gard* og *bruk*.

Elevane kan arbeida med å finna gardsnamna i nærområdet. Kor mange namn kjenner dei til, og kor mange kan dei finna? Særleg spennande er det å finna ut kva namn med ukjende språkformer tyder. Det gjev litteraturen oss ein peikepinn om, eller det kan finnast teoriar om opphav og tyding i nærmiljøet. Namnet fortel kanskje noko om garden, korleis han ligg til, om vêrlaget på staden eller rett og slett om ein tidleg nyryddar eller busetjar.

Mange har gardsnamn som familienamn. Kva typar etternamn finn ein i klassen? Om ein vil, opnar slike problemstillingar for meir arbeid med familienamn eller etternamn allment. Kanskje finst det elevar som har gardsnamn som etternamn eller familienamn frå andre område i landet enn frå nærområdet. I denne samanhengen kan ein òg koma inn på skrivemåten av gardsnamn og familienamn. Medan familienamnet kan ha svært ulike skriftformer (*Vik*, *Viik*, *Wig* osv.), har gardsnamnet berre ei form, som endåtil er offisiell: *Vik*. Kvifor må det vera slik?

Ofte fortel namnet på ein gard eller sjølve namneforma oss òg noko om alderen og dermed om kor lenge det har budd folk i bygda eller grenda. Somme gardsnamn er svært gamle og høyrer då som regel til særskilde namnegrupper, som namn laga av grunnord i ubunden form (*Ås*, *Nes*, *Haug*, *Foss* osv.) eller *heim*-namn, *stad*-namn, *rud*-namn og fleire. Somme av dei kan òg vera usamansette: *Rud*, *Vinje*. Stundom er det lagt ein vokal til grunnforma, særleg *e* eller *a*, som vitnar om dativform, altså eit gamalt språktrekk: *Berge*, *Hauge*, *Vatne*, *Våge*, *Fosse*, *Myre*, *Bakka* osv. Dativforma kjem av at namnet oftast har vore brukt saman med ein styrande preposisjon: *på*, *i* eller liknande. Ikkje alltid ligg tydinga av det appellativet namnet byggjer på, i dagen, som i *Kvam*, *Grøt*, *Nor* i *Nornes* og *Kvåle*, kanskje heller ikkje i namn som *Hov* og *Rud*. Kva tyder slike namn, og kvifor heiter gardane slik?

Nyare namn i bunden form laga med dei same grunnorda er i regelen langt yngre. Kanskje har slike eigedomar tidlegare vore husmannsplassar og seinare fått status som eigne bruk: *Haugen*, *Åsen*, *Bakken*, *Fossen* osv. Historia bak slike namn kan kanskje visa kvar bruka er plasserte eller korleis dei ligg i lendet. Ligg til dømes dei med bunden form mindre sentralt til enn tilsvarande namn i ubunden form (*Haug/Haugen*, *Myre/Myra*)?

Appellativet *vin* er ikkje produktivt i dag, det vil seia ikkje brukt til å laga nye namn med, og namn med dette leddet er difor svært gamle, også fordi ordet *vin* for lengst er ute or språket vårt. Ikkje alltid finn me att *vin*-endinga i den forma namnet har i dag fordi namnet er meir eller mindre endra, forenkla eller forvanska. Mange gonger endar *vin*-namna no på vokal, til dømes *-i*, som i *Tryti*, *Mørkri*, *Dregni*, eller på *-e*: *Hetle*, *Tevre*. Av og til ser me att meir av det gamle leddet *vin*, som i *Gryten*, *Bjergen* og andre.

Sisteledet i gruppene på *-heim*, *-stad* og *-land* er lettare å skjøna trass i at dei har endra tyding noko frå den tida dei vart brukte til namnsetjing. Her ligg den største utfordringa oftast i å forstå førsteledet. Somme gonger er det enkelt, som der det fortel om plassering: *Vestrheim*, *Austrheim*, *Oppheim* og liknande. Andre gonger er det meir problematisk, som i *Håheim* (*hå* = høg),

Grepland og *Grepstad* (kanskje eit mannsnamn *Greip*). Ekstra vanskeleg kan det vera å skjøna samanhengen når heile namnet er mykje endra i uttale, som *heim*-namna *Skaim* (kanskje *skage* = odde, nes), *Vaim* (vad), *Seim* (*sær* = sjø).

Ei anna tilnærming i arbeidet med å finna tydinga av eit gardsnamn er opplysningar namneforma gjev om terreng (*Bakka*), om plassering (*Austreim*, *Vestreim*), om natur (*Nornes*; *nor* = trong, smal passasje), *Ornes*, om fugle- eller dyreliv (*Fuglestig*), om terrenggrunn (*Sande*, *Sanden*), om sentrale personar, ofte brukte som utmerkingsledd, ikkje minst i namn på *-stad*: (*Skjeldestad* osv.) og om dyreliv (*Otrhjell*), eller om førsteledet i *Bjørnetun* er dyrenamnet eller mannsnamnet.

På vidarekomne steg kan elevane drøfta spørsmål om tilhøvet mellom gardsnamnformer og tilsvarande appellativ, som dativform i namnet, men subjektsform i appellativet. Kvifor heiter gardsnamnet *Bakka* i Sogn når me seier (ein) *bakke*? Tilsvarande er det for uttalen av gardsnamnet (og familienamnet) *Bakke* i Fjordane, som er dativforma (*bakka* med redusert vokal *e* for *a* som i fjordamåla elles), medan appellativet, som er subjektsform, heiter (ein) *bakkje*. Jamvel om me ikkje tek opp kasus og dativ som eksplisitte punkt i skulen, kan me få elevane til å forstå at forma på slike gardsnamn har noko med preposisjonsbruken å gjera. Dei kan prøva sjølv: Bruker du preposisjonar i samband med gardsnamn? I det eldre språket skifte altså formene etter om ein brukte preposisjon (som i namnet) eller ikkje.

Gardsperspektivet kan utvidast til å ta for seg kulturhistoriske tilhøve om gardsordninga i tillegg til det språklege. Elevane kan arbeida med korleis garden tidlegare var organisert eller samla i eitt tun. Kvar låg tunet på garden? Korleis var husa plasserte, og kvifor? Kor mange hus stod kring tuna – når me rekna med våningshusa i tillegg til hus for dyra, stabbur, eldhus, kvernhus, jordkjellarar, kanskje ei smie/ein verkstad osv.? Står nokon av dei gamle husa i tunet att enno, og kven bur i det gamle tunet no? Når vart bruka (og tuna) spreidde over heile garden (utskifting) – og kva førte det med seg av endringar i driftstilhøva, som avvikling av den gamle teigblandinga? Er det framleis vister etter det gamle tunet, i terrenget

og etter bygningar, kanskje også i språket (bruk av namnet *Garden* om tunet)? Kjenner elevane til namn som fortel om gamle blandingsteigar, og som difor fortel om tilhøva før utskiftinga? Er all utskifting gjort – eller finst det enno att døme på teigblanding på garden?

Ein kort omtale av dei viktigaste namnegrubbene (-*vin*, -*heim* osv.) finn du i faktalista til slutt.

Husmannsplassar

Namn på og plassering av husmannsplassar eller strandsitjarplassar er ein flott innfallsport til å læra meir lokalhistorie. Ei grunnleggjande tilnærming her kan vera å arbeida med sjølve husmanns- eller strandsitjarordninga. Kva var ein husmann og ein husmannsplass, kven var dei, kva gjorde dei, og kva funksjon hadde dei? Ser me enno far etter plassane? Kvar låg dei – sentralt plasserte eller i utkanten av garden, og kvifor låg plassane der dei låg? Er dei gamle husmannsplassane borte – eller finst nokon av dei framleis, kanskje som eigne bruk? Husmenn fanst det både på Austlandet og Vestlandet. Var det nokon skilnad i til dømes status i aust og vest? Kva hundreår talar me om, og var det nokon skilnad på strandsitjaren og husmannen? Er det til dømes noko skilje mellom omgrepa *gard* og *småbruk*?

Materialet inneheld mange namn på husmannsplassar, fleire av dei endar på -*plassen* eller heiter enkelt og greitt *Plassen*. Ofte fortel førsteleddet i dei samansette namna kven

plassmannen var: *Alesplassen*, *Arneplassen*, *Bendikplassen*, *Baltasarplassen*, *Eliasplassen*, *Eirikplassen*, *Erkeplassen*, eller med andre etterledd: *Gullarstova*, *Gunnarstova*, *Davehaugen* (*David*). I ikkje radt få tilfelle fortel plassnamnet om at husmannen var ei kvinne: *Barbraplassen*, *Birteplassen*, *Greteplassen*, eller namna har andre etterledd, som *Bertinahaugen*, *Elihaugen*, *Durdeihagen*. Påfallande mange husmannsplassar har namn som *Haugen*, *Hola*, *Bakken*. Kva fortel slike namneformer oss? Plassfolk kunne disponera eigne åkrar eller andre mindre teigar, særleg slætter, som framleis ber namn etter dei: *Hansåkeren*, *Durdeiåkeren*, *Perslættene*, *Gurislættene* osv.

Personnamn brukte som utmerkingsledd i namn på husmannsplassar, kan òg studerast for seg. Her er kanskje påfallande mange bibelnamn som førsteledd, som *Sakarias*, *David*, *Simo* (av bibelnamnet *Simon*), *Baltasar*, *Elias*, eller det kan vera litt spesielle namn som *Barbara/Barbro*, *Rognald* og *Durdei*. Er slike namn i bruk i dag? Er det noko spesielt eller typisk for namnsetjinga på husmannsplassar der du bur? Lever det framleis nokon som kan hugsa husmenn, husmannsordninga og husmannsplassane?

Husmannsplassane var plassar for småkårsfolket, dei som var underlagde gardbrukaren, men som fekk bruka eit stykke jord mot å gjera visse plikter, som regel arbeid på garden. Kjenner elevane ordet *husmann* brukt i moderne språk, og kjenner dei

det brukt i samansetjingar med meir generell tyding, til dømes *husmannskost*, *husmannskår*, *husmannsånd* eller andre? Kva fortel ordet *husmann* når det er brukt i slike samanhengar? Opplever elevane nokon skilnad i innhaldet til orda *husmannskost* og *bondekost*, og kva fortel i så fall skilnaden oss?



Husmannsplass. Husmannsplassen Rinden under Seim i Årdal. Ikkje alle plassar er tekne så godt vare på som denne.

Stølar og stølsdrift

Drifts- og arbeidstilhøva på gardane opnar sjølv sagt for oppgåver om stølsdrift og andre mjølke- og samlingsplassar knytte til husdyrhald. Ettersom stølsdrifta for det meste var lagd utanfor heimemarka, kan det vera naturleg å knyta dette feltet til aktivitetar som jakt og fiske i fjellet, børsanking, utmarksslått, utmarksbeite og anna utnytting av utmark og fjell.

Også her kan me ta eit allment utgangspunkt, det vil seia gje elevane ei innføring med allmennkunnskap om stølar og stølsdrift. Det er langt frå sikkert at alle elevane kjenner til stølsdrift og stølsliv, i alle fall ikkje av eiga røynsle eller frå eigne opplevingar. Kor mange i klassen har vore med på stølen i tradisjonell meining? Kor mange veit om stølar som framleis er i drift? Slik kan ein gå frå det eventuelt kjende til det ukjende. Dersom nokon i klassen eller på skulen sjølv har kunnskap om stølar og stølsliv, må ein sjølv sagt utnytta det. Dersom ikkje, kan mange enno henta slik kunnskap heime, frå foreldre, besteforeldre eller oldeforeldre. Det må ein utnytta og bruka.

Mange gardar hadde to typar stølar, somme endå til tre. Det var vår- og hauststøl (heimestøl) hovudstøl og fjellstøl. Fjellstølane er det få far etter no, men mange stader står murar att som vitnar om plassane. Elevane må få lov til å finna ut kvar fjellstølane låg, kva dei heitte – og kva slags funksjon dei hadde. Det same gjeld overgangsstølar som vår- og hauststøl. Her var det til dømes naturleg å gå frå og til heimanfrå til morgon- og kveldsstiet. Ofte var vår- og hauststølen plassert ved sentrale beite- og slætteområde ikkje så langt frå heimemarka.

Mest interesse har sjølv sagt hovudstølen, som enno kan vera i drift i delar av fylket. Korleis ligg desse stølane til, korleis er naturen og topografien, til dømes tilgang til vatn, vern mot vêr og vind osv., beiteområde for dyra, førekomst av bær- eller fiskeressursar osv.? Særleg er det viktig å verta kjend med kva stølslivet omfatta av arbeid: mjølking, ysting, kinning, vask og stell av bidne og hus osv. ved sida av andre daglege plikter. Korleis var husa på stølane oppbygde? Somme stader var all ”aktivitet” samla i éin bygning, selet. Det kunne innehalda to rom, sjølv selet eller

opphaldsrommet med omn, seng og bidne for det daglege kosthaldet, forutan eit ”grovsel” (*skot, sval, skytje*). Ofte tente ”kjellaren” i selet som fjøs. Dyra levde altså i same huset som folket. I slike tilfelle var selet sett opp på ein grunnmur av stein, sjølv opphaldsrommet i selet var gjerne av tømra materiale og heldt difor relativt godt på varmen. Ytterselet var i regelen av simplare kledning utan noka form for isolasjon. Elevane bør oppfordrast til å finna ut korleis bygningane var på deira støl, og ikkje minst forhøyra seg om eldre uttrykk og nemningar på reiskapar, produkt, hus, husdelar osv. Sentrale ord kan vera *ljore, skot, sval, skytje, ysting, rømmekopp, sti, stinging, buføre, buføring*.

Interessant er det òg å finna ut noko om kven den typiske budeia var, om ho fanst. Kven gjorde vanlegvis teneste som budeie, og kva omfatta arbeidet? Ofte måtte stølsarbeidet kombinerast med arbeid heime på garden på dagtid. Det vil seia at budeia gjekk turen ned frå og opp igjen til stølen kvar dag, kanskje ein tur på halvtimen eller vel så det, samstundes som ho gjerne frakta heim stølsprodukt.

Og mennene – hadde dei nokon funksjon knytt til stølslivet? Stort sett var rollefordelinga grei mellom kjønna. Mannfolka hadde ansvaret for å vøla hus og setja i stand og halda ved like stølsvegar etter vinteren. Det same galdt gjerdehald langs stølsvegen eller buførevegen, særleg der vegen gjekk over innmark. Noko av plikta låg på den enkelte brukaren, anna på fellesskapen. Felles arbeid måtte gjerast som felles dugnadinnsats tidleg på våren av alle brukarane på garden. Mennene hjelpte òg til med å frakta heim produkt frå stølen. Det skjedde gjerne slik at produkta låg lagra ei tid på stølen før dei vart tekne heim. Ikkje minst gjorde mennene sin dont i samband med slått og fôrhausting på eventuelle slåttegjerde på eller ved stølen. Slåtten vart gjord med langorv, og var slåtteområdet av eit visst omfang, trongst gjerne både to og tre slåttekarar for å få av graset, setja opp hesjar og få høyet i hus når det var turka. Også vedhogst tok i regelen mennene seg av, jamvel om òg somme av kvinnene sjølv kunne henta seg ved. Her trongst ved både til det daglege stellet av utstyr og hus, og til oppvarming av selet trass i at stølsaktiviteten skjedde på høgste sommaren.

Som me ser, var stølsarbeidet tydeleg rollefordelt. Måtte det vera slik – eller kunne fordelinga vore annleis?

Men stølslivet var ikkje berre arbeid med husdyrhald og andre gjeremål som skulle sikra folk levebrød. Budeiene kunne òg henta produkt frå naturen, som å sankar bær frå moltemyrane eller frå rike tytebærområde for å supplera kosthaldet både heime og på stølen.

Stølslivet hadde sjølvstøtt og sine sosiale sider. Når budeiene ”låg over” i helgane, det vil seia ikkje drog heim, kom dei som sokna til same stølen, i lag til sosiale syslar og avslappande stunder. Søndagen var fri for arbeid heime, så då kunne òg folk heimanfrå og anna bygdefolk dra til støls. Særleg kunne det vera folkerikt i samband med eigne stølsheilgar eller stemneheilgar. På slike dagar kom folk frå bygda opp til ei kjærkomen avveksling frå slit og arbeid elles i veka. Både namn og plassar vitnar som slike sosiale aktivitetar på eller i nærleiken av stølane: *Spelevollen*, *Solnipa*, men også heime: *Framplassen*, *Lundakyrkja*, *Rota* og fleire.

Sjølve stølsnamna kan òg brukast for interessante tilnærmingar. Sisteledet (hovudledet) i mange av namna er gjerne appellativa *støl* eller *seter*, som er eit uttrykk for sjølve verksemda, med variantar som *-sete/-set*. Desse orda har alle same eller tilnærma same tyding. *Seter*, *sete* og *set* er i slekt med verbet *å sitja*, medan *støl* har eit anna språkleg utgangspunkt. Materialet inneheld ei mengd stølsnamn av denne typen: *Alverstølen*, *Alpastølen*, *Øystølen*, *Beinasete*, *Breisete*, *Brekkasete*, *Fureset*/*Furuset*, *Bjørkhovdesetra*, *Dalesetra*. Det kan vera ei viss geografisk fordeling mellom *støl* og *seter* i fylket, og elevane kan raskt finna ut kva form som er brukt i deira område. Eit spesielt trekk ved mange stølsnamn er at fleire av dei er usamansette og står i ubunden form, eit trekk dei har felles med gamle gardsnamn, jamfør ovanfor: *Dal*, *Egg*, *Flot*, *Golt*, *Grind*, *Hang*, *Hest*, *Kinn*, *Nos*, *Spe* og mange fleire. Kva slags stølsnamn finst i ditt område, både på heimestølar, fjellstølar og ordinære stølar?

Like sentrale som stølane og stølsnamna er dei mange vegane, stigane og buferåkene eller buråkene som førte til støls eller fjells. Somme av dei var

både for folk og fe, andre helst brukte som eigne drifteveggar for feet. Til slike namn høyrer òg nemningar på delar av vegen, som brekker (brattare parti i ein veg), kvileplassar, grinder eller led, murar eller andre stengsler, anten i vegen eller mot bratte parti, gjel og liknande ved sida av vegen. Kva er til dømes typisk for namn på kvilestader (kode *K202* i kodelista)? Svært mange av dei er samansette med *-stein*: *Akslasteinen*, *Bakkesteinen*, *Duesteinen*, *Grautasteinen*, eller rett og slett *Kvilesteinen*. Andre vitnar tydeleg om funksjonen, som *Benken*, *Krakken*, *Sessane*, *Stolen*, eller rett fram *Kvilet* eller *Kvilaren*. Ymse former for stengsler ber òg sine eigne namn. Dei kunne vera plasserte i grensa mellom innmark og utmark, eller i smalare parti der det var praktisk å setja opp ei stengsle. Namna viser ofte funksjonen, som *Grindi*, *Garden*, *Sauagarden*, *Gjerdet*, eller i samansetjingar med *led*, eventuelt *grind*: *Bergaledet*, *Botolvledet*, *Buledet*, *Bergsgrinda*, eller stengslene har meir lokale nemningar, som *Bægjet* og *Ilaget*. På same måten kan elevane studera andre namnegrupper som finst i materialet, ikkje minst vegnamn. Eit område som tangerer namnsetjing, er å ta for seg dyrenamna. I regelen hadde alle kyrne i ein bøling sitt eige namn, til dømes *Rosekolla*, *Litagod*, *Dagros*, *Rosa* osv. Kvifor fekk dyra namn? Kjenner elevane til slike dyrenamn, og kva viser namna oss – ikkje minst om tilhøvet mellom menneske og dyr?

Nært knytt til stølsbruk er kunnskap om anna utnytting av naturen, som børsanking (moltemyrar, rike førekomstar av tytebær, blåbær osv.), eventuelt fiske i vatn nær stølen eller i fjellet og jakt på ville dyr, eller spesielle vokstrar som kunne sankast. Ei mengd namn vitnar til dømes om jakt, mange viser til sjølve dyret: *Bjørnamyra*, *Bjørnaholene*, *Hjortabykset*, *Mårfella*, *Gråbeinsmyra*, *Revahiet*, andre er generelle og kan visa til fangstmetodar eller natur som høver for fangst: *Dyregreftene*, *Dyreskora*, *Jaget*, *Gildrehammaren*, *Omnen*, *Røvomnen*, eller dei fortel om tilhald av konkrete dyreslag, særleg orm: *Ormabakkane*, *Ormuri* og ei mengd andre.

For at bruken av fellesområde som stølar med tilkomstveggar skulle fungera, galdt som alt nemnt mange plikter og pålegg for fellesskapen på garden, i form av gjerdehald eller gjerdeplikt og

felles dugnader, til dømes vår og/eller haust for å setja vegar og stigar i stand etter vinteren. Andre felles arbeidsområde galdt bruken av utmarka og skogen, til beiting og slåtteteigar, og med det framvokster av transportsystem for fôr og skog, med løypestrenger, spel, slovegar, droger, kløver osb. og andre typar transportvegar i skog og mark. Døme på namn om transport og lagring er *Børahammaren*, *Fjellstrengen*, *Strengfestet*, *Spelet*. Kor mange elevar i klassen kjenner appellativet *spel*, kva er det, korleis ser det ut, har du sett eit slikt? Andre døme er *Helleren* eller *Høyhelleren*, *Høysteinen*, *Draggota*, *Drogevegen*, *Kastet* og fleire. Utløer er eit eige felt. Mange av dei hadde namn (kulturkode *K142*), og mange kan me enno sjå tufter eller andre far etter i utmarka.

Hushald

Kodelistene manglar eintydige kodar for plassering av namn til dømes i tilknytning til verkstader, smier, jordkjellarar, eldhus osb. Difor er slike primærnamn i regelen koda under *K150 Hushald*, saman med namn som til dømes gjeld mjølking eller stell av mjølka (separering, ysting, kinning osb.), generelt om mat og drikke, måltid, brønнар eller bekker brukte til vatn for folk og fe, stell av klede, som vasking, røyting, stamping, eller plassar for avfall, gjerne dumpeplassar for åtsel. Døme er *Demma*, *Dyttinga*, *Eldhuset*, *Fjøla*, *Grautahammaren*, *Hjellen*, *Humlegarden*, *Hundahølen*, *Ishuset*, *Jordkjellaren*, *Kjeraldehøla*, *Klokkarbekken*, *Lensakjelda*, *Mølla*, *Røyteholå*, *Røykhuset*, *Saltkjelen*, *Skykkja*, *Slaktarvollen*, *Stabburet*, *Stampegrova*, *Treskehuset*, *Vasstaket*, *Turkestova* og mange fleire.

Namn knytte til kverndrift finst det svært mange av, som namn på sjølvverksemda: *Kverna*, *Kvernhuset*, på bekker og liknande som ein henta krafta (vatnet) frå: *Kvernabekken*, *Kverngrovi*, eller andre namn om drifta, til dømes *Hitasteinen* om ein stein dei brukte å setja hitene (skinnsekkene) på når ein bar korn og mjøl til og frå kverna. Som huslege aktivitetar kan me i denne samanhengen òg rekna lokalitetsnamn for til dømes egne verkstader, ikkje minst sager, smier, eldhus, stabbur osb. Dei er opphav til primærnamn som *Saga/Sagi*, *Smia*, *Eldhuset*, *Stabburet* (mange gonger tufter), men især til mange sekundærnamn: *Smieåkeren*, *Smievegen*, *Eldhushammaren*,

Sagelva/Sagelvi osb. Også andre aktivitetar kan ha gjeve namn, som *Veita*, ei kunstig tillaga vassrenne som fører vatn til slipesteinen.

Under denne bolken kan elevane i tillegg til å bruka namnetilfanget supplerar arbeidet med hjelp frå ressursar i nærmiljøet. Det er dei fleste stader enno mogeleg å få lokale personar til både å fortelja om og å demonstrera nokre av aktivitetane, også innesyslar som strikking, karding og spinning, matlaging av ymse slag osb. Eventuelt kan oppgåver knytte til hushald kombinerast med tur til eit museum for å sjå reiskapar som vart brukte i arbeidet. Fleire museum arrangerer også aktivitetsdagar der ein sjølv kan få prøva eller få vist, fortalt og kanskje demonstrert kva ymse former for ”husarbeid” gjekk ut på, og korleis det vart gjort.

Fiske og fangst

Særleg i kystkommunane har fisket stått sentralt, og gjer det framleis, anten som hovudnæring eller som tillegg til drift av mindre brukseiningar på land, særleg med dyrehald. Og stader nytta til fiske – eller på veg til fisket – finst det flust av. Det kan vera større einingar som øyar og holmar, og mindre lokalitetar som skjer – både over og under vatn. Ofte er lokalitetar på land, til dømes markante tre i terrenget, utgangspunkt for namnsetjinga: *Asken*, *Fura* og *Almen* er alle tre døme på slike. Det siste er òg eit médnamn, ei nemning som sikkert ikkje alle elevar kjenner, langt mindre korleis méda vart brukte for å orientera seg på sjøen eller for å finna fiskeplassar. Namn som *Ausa* og *Banken* talar kanskje for seg sjølv når ein får vita at dei er namn på rike fiskeplassar, likeins *Kastet*, som det finst svært mange av. Namn som *Hengja* kan opna for ny kunnskap. Namnet er brukt om nothengjer, store turkestativ for sildenøter som det før fanst mange av både langs kysten og inne i fjordane. Også mange grunnar og fluer er namnsette, oftast fordi dei var gode fiskeplassar. Ikkje minst fanst det mange faste plassar som lakseverp eller sikre garnplassar. Eit morosamt namn her er *Bliket* brukt om eit lyst måla parti i fjellveggen som skulle lura laksen i nota (imitasjon av ein foss). Også faste merke etter farleier har sine egne namn, som fyrlykter, vardar, bodar eller merkestenger.

Materialet skil mellom fiske på sjøen og fiske på land. Mange fjellvatn og elvar kunne vera rike på fisk, som vart fanga og framleis vert fanga som tilskot til det daglege kosthaldet.

I nær slekt med fiske er fangstaktivitetar i utmark og fjell, altså jakt på ville dyr og fuglar. Dei svært mange namna samansette med bjørn og ulv fortel klårt at dyra har hatt tilhald også i våre trakter: *Bjørnahiet*, *Bjørnahola*, *Bjørnamyra*, *Bjørnaskora*, *Ulvaspranget*, *Ulvaskaret* osv. Ikkje så overraskande er det derimot at mange namn vitnar om hjortetilhald: *Hjorthamrane* osv. Eit lite problem kan elevane kanskje få med å tyda *Jashaug*, *Jasvikerabben*, begge med appellativet *jase* (= hare) som førsteledd. Mange fangstplassar utnyttar naturleg nok terrenget, som dyregraver, plassar for sjølvskot osv.: *Ulvegrava* og andre. Kvar ligg slike lokalitetar, og korleis fungerte dei? Her kan terrenget framleis brukast for å demonstrera korleis slike plassar vart utnytta. Utlegging av sjølvskot er no rein historie. Korleis fungerte denne typen fangst?

Tid og vêr

Mange namn i materialet knyter seg til tid, og ikkje radt få til vêr og spesielle vêrtilhøve. Mange av desse namna er kopla mot arbeid på garden, til dømes *Ruskevêrsbakkane*, som vitnar om dårleg vêr når slåtten stod på. Liknande gjeld for namn som *Ill(e)vêrshogen*, *Nordavindsleitet*,

Regnhamrane og mange fleire. Andre namn viser til tid på dagen eller året, til dømes *Middagsbakkane*, *Nonshaugen*, *Nonsbakkane* eller *Kyråkjøkulen* (når den ramla om våren, kunne kyrne sleppast ut).

Sosialt liv

Namn knytte til fritid og sosialt samvær kan opna for mange spennande arbeid og oppgåver, og her er det rikeleg med døme å finna. Mange namn viser til stader der ein samla seg til dans og moro: *Bygdaflaten*, *Bygdarhogen*, *Dansevollen*, *Dansaren*, *Dansehaugen*, *Det glade hjørnet*, *Flaken* og *Leikarvollen*. Andre peikar mot meir spesielle samkomer, som *Syttandemaihol* og *Jonsokhaugen*. Ein variant av det siste er namneformer som *Bålberget*, *Vokeldebakken* og *Vokeldesteinen*, dei to siste med appellativet *vokeld* som førsteledd, nok ukjent for mange elevar. Andre ”fellesnamn” er *Badeviki*, dessutan *Laugeplassen*, det siste truleg med ukjent verb for mange (*lauga* = bada, vaska). Slike plassar er like gjerne gamle plassar for kroppsvask, og altså ikkje nødvendigvis for bading i moderne meining.

Fleire namn fortel om utsiktspunkt og om plassar der huslydar eller andre grupper har samla seg i fritid eller i pausar i arbeidet. Særleg finst det mange samlingsstader brukte i samband med matpausar i onna og anna arbeid: *Mathola*, *Grautasteinen* og fleire. Andre namn vitnar helst om aktivitetar for hannkjønnet, som *Pokerhola*, kanskje også *Skytebana*. Og kva har skjedd i *Himmelriket*? Bakgrunnen for namn som *Pultesteinen* (frå Votedalen) og *Kusa* bør kanskje overlatast til dei vidarekomne?



Slagbjørn. Denne ruggen er frå Trodalen i Fjærland. Bjørnen vart kalla Grisabjørnen av di han la seg etter grisene som var på stølane.

Tru, religion

Tru og overtru har svært mange namn i materialet. Desse namna opnar òg for å arbeida med litterært stoff som segner, forteljingar, eventyr, om særskilde hendingar knytte til lokalitetar, om naturfenomen, fornminne, bruk av vardar for signalisering, om ulukker, naturkatastrofar, om religiøse skikkar og seder, om kyrkjeveggar og føring av lik til kyrkje. Mange namn i materialet er laga av appellativ som nettopp vitnar om tru og overtru, og elevane kjenner kanskje ikkje til kva alle står for: *Draugagjelet*, *Dvergarvollen*, *Gygrehola*, *Huldahaugen* og mange fleire samansette med *hulder*, andre døme kan vera *Jutølesteinen*, *Trollaberget* og *Tussehaugen*, dei to siste i ei mengd samansetjingar. Det overnaturlige kan òg vera løynt i meir kryptiske namneformer, som *Svartehølen*, eller vera tydeleg vist, som i *Satanstova* om ei ur der satan skulle halda til.

Gamle arbeidsmåtar, arbeidsformer og ord og uttrykk

Mange namn minner om arbeidsformer som berre dei færreste kjenner til i dag, til dømes førsteleddet i namn som *Lauvteigen*, *Risteigane*, *Torvmyra*, *Tjørehjellen*, kanskje også *Hesjemyra*, eller som sisteledd i *Langahevi*. Kvifor henta folk lauv og ris frå marka som førtilskot? Kva var grunnen til at somme skar torv, korleis vart produktet ”foredla”? Kva var tjørebrenning? Kring desse aktivitetane finst det ofte ei rad meir eller mindre lokale nemningar – ord eller uttrykk – som både kan samlast inn, kanskje visast av kunnige i området, eller forklarast for dei yngre. Frå lauvteigen finst det mengdevis med døme på ord om arbeidet, som *stekkja* og *stakk*, *rauk*, *nava* og *navskog*, *snidel*, *lauvkjerv*, *lauvris*, *snag*, *rådda*, *tjug*, *lauvhundra*, *løypestreng* eller *rennestreng*, *strengspel*, *rennekrok* og mange fleire. Orda finst i mange namn: *Raukplassen*, *Rennestrengen*, *Spelet* osv. På same måten er det med ord og uttrykk knytte til skogsdrift, slått, torvskjering og andre, ikkje minst namn på reiskapar som vart nytta i arbeidet.

7.3.3 Geografifaget – namna som kjelde til arbeid med kart og terreng

Kombinert med uteaktivitetar kan stadnamnmaterialet brukast på fleire fagområde, ikkje minst i samband med fag knytte til natur og

miljø, som heimkunnskap og kroppsoving.

I denne samanhengen er dei lokale namna saman med det økonomiske kartverket eller andre hjelpemiddel (som karta i *Fylkesatlas.no*) opplagt eit viktig hjelpemiddel i arbeid med lokal natur og kultur.

Namna brukte som topografisk kjelde vil seia at elevane skal forstå at kart og namn som karakteriserer terrenget, der slike finst, oftast går hand i hand og er ”to sider av same sak”. Dermed gjev både karta og namna oss kunnskap om terreng, landskapsformer og lende. I denne bruken av namna må me leggja vekt på namn som kjelde til kunnskap om naturen, kombinert med praktisk øving i kartbruk. Dette er kanskje den beste måten å synleggjera den tette samanhengen det er mellom mange av naturnamna og ”røyndomen”, både når det gjeld terreng, formasjonar, vokstrar og terrenggrunn.

Før ein går konkret inn på kartarbeid, bør elevane læra seg skilnaden mellom naturnamn og kulturnamn. Naturnamna fortel primært om form eller skap på naturen, materiale i naturen (våtmark osv.) eller vokstrar av ulike slag (skog osv.) – og som kartet er ei visualisering av. Kulturnamna fortel om menneskeleg bruk av naturen på eit eller anna vis, busettnadnamn, vegar, husdyrhald osv. Somme namn er berarar av både natur og kultur.

Ei første tilnærming til kartarbeidet kan vera å sjå på kor tett lokalnamna ligg innanfor eit område, til dømes ein kommune, på enkeltgardar eller enkeltbruk. Ofte har namnetettleiken samanheng med terrenget (naturnamn) eller busetnader (kulturnamn). Ei god visualisering av namnetettleik gjev kartutsnitt frå *Fylkesatlas.no* eller *Fylkesarkivet.no*. Elevane må kunna forklara kvifor somme område er tettare namnsatte enn andre.

Etter slike avgrensingar kan elevane med støtte i tilfanget av lokale namn arbeida med å utvikla dugleik i å lesa og bruka kart. Dei kan nytta karta som Fylkesarkivet har lagt på nettet under *Fylkesatlas.no*, eventuelt *Fylkesarkivet.no*, og arbeida ”fleirtekstleg”, det vil seia både lesa kart og få fram namn som underbyggjer informasjonen

frå kartlesinga. Ei svært god hjelp til kartlesing – ikkje minst til innsikt i terrengvariasjon og terrengformasjon, er Økonomisk kartverk (ØK). Her kjem geografien detaljert og oversiktleg fram, markert i stor målestokk og enkel å orientera seg i, og med noko øving ser ein lett at *Nipa* er namnet på ei kvass høgding slik det står i stadnamnmaterialet, og ein finn på same måten det skrånande terrenget uttrykt i namneforma *Tverrria*, eller ein hammar eller eit stup ved *Bruafossen*. Kanskje ein òg finn brua og vegen ved fossen dersom dei er markerte, slik førsteleddet viser.

Slik kan elevane arbeida med alle terrengformer, som å finna hamrar, flog, flater i kartet, heile tida med støtte i namnematerialet, likeins myrar eller anna blautmark, vatn, elvar osb., eller plantar og vokstrar, skog og liknande.

I tillegg til å visa terrengformasjon dokumentert med kotar på kartet og namn i materialet kan ein ta for seg kartsymbola, som ofte fortel noko om terrenggrunnen. Slik er det med myrar og andre våtområde, elvar, grøver og vatn, skogområde som samstundes har sine namn. Kjenner elevane naturnamn med grunnlag i voksterliv eller vokstervilkår på staden, til dømes *Skogen* og *Hatlane*, eller namn med tydelege utmerkingsledd, som *Hatlerunnane*, *Seljehaugen*, *Granfeltet*, *Bjørkelia*, *Asketeigen*? Og kvifor har ein teig fått namn som *Blomsvollen* eller eit slåttestykke har vorte kalla *Timoteistykket*?

Kart og namn er ideelle å kombinera med aktivitetar ute. Elevane kan laga ruter langs stigar eller vegar med utgangspunkt i kartet, setja på namna i kartet, deretter gå ruta eller skipa til orienteringskonkurransar med mål å finna dei stadene som er avmerkte. Ein del slike stigar og turløyper kan vera oppmerkte frå før, og då kan ein ta utgangspunkt i det, både på berr mark og om det ligg snø. I tillegg til å finna fram til stadene kan elevane få dokumentert om terreng og namneform stemmer, til dømes i *Venesanden*, *Styggebotnen*, *Illekleiva*, *Vondeskori* osb., eller om du har gått halve vegen (til støls) når du kjem til *Halvfarhaug* eller *Halvgjeenge*, eller om halve vegen er rodd når du er ved *Halvrø* (= halvrodd) eller passerer sekundærnamnet *Halvrøodden*.


Ein kan òg ta for seg spesielle lokalitetar, til dømes namn på steinar. Slike namn finst det mange av rundt om, dei fleste med hovudleddet *stein*. Men mange av dei er spesielle og har truleg ei eiga historie til seg. Kvifor heiter steinen *Hund*, *Balder*, *Boka*, *Biletet*, *Broren*, *Døri*, *Fisen* eller *Bytet*? Ofte har steinane jamføringsnamn, og materialet inneheld mengdevis av slike: *Altaret*/*Alteret*, *Båten*, *Bukken*, *Grisen*, *Purka*, *Fuglen*, *Galten*, *Gauken* osb., eller namnet viser tydeleg til spesielle hendingar, som *Friaren*. Namn som *Benken*, *Bordet* og liknande har sikkert òg spesielle opphav.

Liknande tilnærmingar kan gjerast på andre grupper av naturnamn, som fossar, elvar, åer eller grøver, bakkar, fjell osb.

7.3.4 Kva med miljøet?

Til slutt under denne bolken skal nemnast miljøfag, anten det er praktisert som eige fagområde eller kopla mot andre skulefag. Her ligg mykje stoff i namnematerialet som kan nyttast i arbeid med miljø og miljøvern. Dei gamle lokalamna viser til fulle at naturen kan nyttast og utnyttast på ein skånsam måte utan at det sårar eller øydelegg. Ei tilnærming kan vera å visa korleis folk har utnytta både natur, dyreliv, fugleliv og andre ressursar i pakt med naturen sjølv. Ved sjølvsyn kan elevane få innblikk i kva som skjer når mark og fjell ikkje lenger er ein del av kulturlandskapet, med forfall i naturen som gjengroing, og kulturelt forfall som tap av far etter vår eiga soge. På innmarka gjeld same problematiseringa, særleg i pressa område der bruk og drift må leggjast ned eller endrast drastisk. Korleis vert bygda vår sjåande ut dersom ingen vil odla og dyrka? Korleis kan krav til rasjonalisering, mekanisering og effektivisering i vår moderne tid kombinerast med eit forsvarleg vern av kulturlandskap og bygdelag?

Mykje av namnematerialet minner oss om at miljø og miljøvern ikkje er noko nytt, trass i at det i dag står sterkare i medvitet enn nokon gong. Korleis vart naturen nytta og utnytta på ein skånsam måte utan at det sår miljøet – og kva kan me i dag læra av tidlegare ”naturbruk”? Fortel dei lokale namna noko om dette? Kanskje namna vitnar om at folk, levesett og bruk av naturen tidlegare ikkje dreiv rovdraft på naturressursane, men nytta dei innan forsvarlege rammer?



Gåsi i Leikanger. Staden ligg attmed den gamle stolsvegen til Stokksete. Det er lett å skjøna at namnet er eit jamføringsnamn – me ser figuren tydeleg med nebb, hals, kropp og vele.

7.3.5 Andre fag

Når desse få faga har fått rimeleg stor plass her, er grunnen at ein brei del av materialet kan nyttast som del av faga. Det hindrar oss likevel ikkje i å bruka namna i andre fag. I idrettsfag kan ein enkelt leggja ut til dømes orienteringsløyper med grunnlag i materialet, eller elevane kan få som oppgåve å leggja opp til uteaktivitetar med grunnlag i namna. I religionsfaget kan ein bruka koden for religion for å visa korleis gamle kyrkjevegar, likferder, religiøse samlingsplassar osb. har fått namn. Eit anna moment kan vera å sjå nærare på personnamn – ikkje minst på husmannsplassar – som har utspring frå bibelnamn.

Særleg veleigna skulle mykje av materialet vera for naturfaga. Mellom anna har ei mengd av namna utmerkingsledd (førsteledd) som viser til natur og vokstrar, til dømes treslag (ask, osp, eik, bjørk osb.), eller særskilde plantevokstrar som kvanne eller pors. Kvifor har namna fått desse utmerkingsledda? Og samsvarar det med vokstermiljøet på plassane i dag? Kvifor kan det eventuelt ha endra seg?

7.3.6 Samansette tekstar

Omgrepet samansett tekst er brukt i *Kunnskapsløftet* i meininga (s. 42) ”*et utvidet tekstbegrep der tekst kan være satt sammen av skrift, lyd og bilder i et samlet uttrykk*”. Det vil seia at arbeid med nettsider, film og/eller foto og video og bruk av lyd høyrer til det totale tekstbiletet og til det målet arbeidet med tekst har.

Denne tilnærminga er sjølvstekt ei nærliggjande utfordring i arbeid med lokale namn. Forutan at materialet ligg føre som tekst i uretta lister som må setjast inn i meir samanhengande tekstar, finst det tilgjengeleg på data og som lydbandopptak. Det gjer at elevane i stor grad kan arbeida med materialet i ein multimedial samanheng. Å arbeida mot nettet med utskrifter, vising av namn på kart, med bilete eller eigne illustrasjonar, presentasjon på eigne heimesider gjev elevane auka kompetanse i å arbeida fleirtekstleg. Stoffet kan dessutan supplerast med biletoppsett, rapportar, prosjektarbeid og liknande. Endåtil munnlege presentasjonar (også ei side ved det utvida tekstomgrepet) i klassen, på skulen eller i form av

lokale tilskipingar utviklar evna til å presentera fagstoff og materiale for andre.

7.3.7 Døme på oppgåver i grunnskulen

I tillegg til kunnskap om namna kan elevane gjennom arbeid med dei lokale namna og namnematerialet som vist henta mykje realkunnskap om svært mange emne, alt frå gardseininga til heilt lokale ovringar. Arbeidet med namn i skulen kan vera individuelt eller gjerast i grupper, noko kan gjennomførast heime – ikkje minst i samarbeid med føresette eller andre personar med kunnskap om namna, andre tilnærmingar må skje ute i felten eller i terrenget, medan den endelege presentasjonen kan leggjast til skulen eller utanfor skulen. Alt arbeid med lokale namn kan gjerast som ein kombinasjon av tekst, illustrasjonar, bilete, nettbasert arbeid, eventuelt andre presentasjonsformer i lokalmiljøet og liknande.

Oppgåvetipsa nedanfor baserer seg stort sett på at ein bruker tilgjengeleg materiale frå databasane til Fylkesarkivet. Men skulen kan òg sjølv velja å samla inn namn, eventuelt samanlikna resultatet med tilfanget frå Fylkesarkivet, og seinare ta for seg avgrensa område som fordjuping.

- 1 *Gardsnamn*: Kor mange gardar det finst innanfor eit område, namn på gardane, alder, eigarar; kor mange bruk det er på gardane; bruksnamn.
- 2 *Namn på husmannsplassar*: Kven husmannen (mann/kone) var, kvar plassane låg; andre namn knytte til husmenn (åkrar, slåtteteigar osb.), namnetypar.
- 3 *Namn på stolar*: Typar (vårstøl osb.), kvar dei låg – og kvifor; namn på vegar til støls og på delar av vegen (brekker, galdar, krokar, kvileplassar, utsiktsplassar); namn i naturen elles knytte til stølsbruket, som vedteigar, moltemyrar, tytebærsanking osb.
- 4 *Namn som gjeld fiske og fangst*: Fiskeplassar, méd, grunnar, skjer, holmar osb., namn på støer, bryggjer, landingsplassar osb.; dyre- og fugleliv ved sjøen og i marka og namn som viser slikt tilhald; sjølvskot for bjørn, dyregraver, feller osb.

- 5 *Hushald, namn som gjeld husarbeid:* Vasskjelder, mylner, kvernhus, stabbur, også sekundærnamn på åkrar, bakkar osv.
- 6 *Arbeid på garden:* Namn på slåttestykke, åkrar, hus som hadde eigne namn eller som har gjeve opphav til andre, sekundære namn.
- 7 *Fritid og sosialt samvære:* Namn på plassar (dans, leik, jonsok, stemneplassar osv.), korleis dei vart brukte, kvar dei ligg osv.
- 8 *Ulukker og andre spesielle hendingar:* Kva som skjedde, når skjedde det osv.
- 9 *Samferdsle på land og sjø:* Namn på vegar, stigar, delar av ein veg (ein sving, ei brekke, ein bakke), til sjøs på landingsplassar, støer, bryggjer, kaiar, ladeplassar, seglingsleier osv.
- 10 *Tru og overtru:* Segner, fantastiske forteljingar, overnaturlige skapningar osv. Kvar lokalitetane ligg, kvifor dei har fått desse namna osv.

Nedanfor følger korte rapportar frå tre skular i fylket som har arbeidd med lokale stadnamn, om enn i litt ulikt omfang.

Angedalen skule (Førde)

Angedalen skule har ei tid arbeidd med ei prosjekt kalla "Stadnamn i Angedalen". Mykje av resultatet frå prosjektet kan ein finna på heimesida til skulen: angedalensku.le.no.

Hovudmålet med prosjektet var å ta vare på dei gamle namna på gardane, i utmarka og på fjellet, og å gjera materialet tilgjengeleg for born og vaksne. I prosjektet har elevane nytta fotografi i tillegg til eller i staden for kart. Prosjektet er eit samarbeidsprosjekt der unge og eldre, skule og heim, grend og kommune, fylkesarkiv og førstehandsbrukarar er hovudaktørar.

Skulen har sett det som viktig å gjera dette verdifulle lokalhistoriske arbeidet før det vert for seint, og ser det som eit nybrottsarbeid å leggja denne typen historiekunnskap til rette for born. Skulen meiner òg at arbeid med lokalhistoria på denne måten gjev både born og vaksne eit "eigartilhøve" til lokalhistoria. Elevane lærer

ein systematisk arbeidsmåte i registrering av lokalhistorisk kjeldemateriell, og dei vert gjennom arbeid i og med naturen glade i nærmiljøet sitt. Det er òg viktig å utvikla ei identitetskjenning for dei som engasjerer seg i slikt arbeid, ikkje minst å utvikla samarbeid og "nettverksarbeid" gjennom prosjektet.

Prosjektet er organisert som eit samarbeid mellom grenda Angedalen og Angedalen skule. Ei styringsgruppe på tre personar, to frå grenda og ein frå skulen, planlegg og organiserer framdrifta i prosjektet. Det meste vert gjort som dugnad, men er støtta økonomisk av Førde kommune (kulturmidlar), Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Landbruksavdelinga (STILK-midlar), Sparebanken Sogn og Fjordane/Gjensidige Nor og Grendahusstyret i Angedalen (Angedalen grendalag).

Styringsgruppa har frå starten av prosjektet våren 1999 hatt god kontakt med Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane. Der har ein fått namnelister med karttilvisingar frå tidlegare innsamlingar. Prosjektet er presentert i "Kjelda" (nr. 1, 2000) og også lagt fram for Statens utdanningskontor i Sogn og Fjordane med tanke på prosjektstøtte. Også frå Høgskulen i Sogn og Fjordane har prosjektet teke mot stønad i form av utdannings-/fordjupingsstipend.

Skulen og grendalaget er samde om at det er "for gale" at så mykje spennande lokalhistorie skal liggja vanskeleg tilgjengeleg på namnelister og grå kopiar av Økonomisk kartverk. Det er ikkje lett for vaksne å finna fram på slike kart. For dei unge er det umogleg. Dette er sjølv bakgrunnen for og ideen bak å bruka store fotografi i stadnamnarbeidet.

På "Sommarkafeen" i Stardalen heng det til dømes eit svært bilete i flott ramme. Motivet er Flatjord, frå elva til fjelltoppane. På biletet har elevar ved skulen limt mange hundre nummerlappar som viser til stadnamn innsamla i samtalar med eldre i bygda. Biletet er vist fram på fleire tilstellingar i Angedalen saman med biletmontasjar og planar for liknande arbeid i bygda. Interessa og engasjementet frå bygdefolket har vore stort.

Angedalen skule har for tredje året arrangert stadnamnkafé for elevar og bygdefolk, 6–8 samkomer kvart år. Samkomene har hatt ein fagleg del, som gjerne har gått ut på at eldre frå bygda har fortalt om emne innanfor fagområdet (til dømes stølsdrift, hjortejakt og namn i utmarka). Skulen starta i 2001 ei eiga elevbedrift som har ansvaret for ”den tekniske” gjennomføringa av kvar stadnamnkafé. Kafeane har slått an i bygda, i regelen med eit frammøte på over tretti personar utanom elevane på kvar samling. Skulen har òg laga ei eiga heimeside på Internett, der ein finn stoff om prosjektet og kan søkja på namn ut frå ulike søjekriterium.

Eit eige satsingsområde er kalla ”nettbasert kulturformidling”, som går ut på å nytta databasane til Fylkesarkivet i skulen, det vil seia at elevane gjennom arbeid med portalane til Fylkesarkivet skulle verta godt kjende med dei og kunna nytta dei i det daglege arbeidet på skulen. Det gjev elevane auka IKT-kompetanse i tråd med læringsmåla i Kunnskapsløftet, dei kan produsera

fagstoff til publisering og såleis vera eit føredøme eller ein referanseskule for andre skular som vil nytta portalane til Fylkesarkivet. Eit mål er det òg å marknadsføra tilboda frå Fylkesarkivet i media og på lokale arrangement.

Skulen seier i ein rapport om arbeidet at dei er nøgde med den kompetansen elevane frå 4. til 7. klassesteget har fått når det gjeld å bruka databasane til Fylkesarkivet. Spesielt har elevane gjennom arbeidet med Fjellatlas (Geoatlas) fått verdifull røynsle i variert bruk av IKT gjennom formidling av eigne tekstar, teikningar og foto. I samband med fleire av dei utetterretta arrangementa til skulen (”stadnamnkafear” og samarbeid med Førde historielag) har elevane òg

Stadnamn i skulen. Elevar ved Angedalen skule i Førde fortel om stadnamn og dramatiserer historier knytte til stadnamn. Her vert det fortalt om Bjørnesteinane, som på scena er vist med to pultar som har fått stripe gardiner over seg



fått verdifull røynsle i å presentera eigne arbeid ved hjelp av digitale media. Skulen har såleis nådd målet med profilering av Fylkesarkivet og prosjektsamarbeidet til skulen.

Skulen har òg merka interesse frå andre skular og frå skuleleiinga i kommunen for nettverks-/prosjektsamarbeidet med Fylkesarkivet og med andre skular. Men denne interessa har ikkje resultert i konkrete førespurnader frå andre skular om presentasjon av prosjektarbeidet.

Angedalen skule er ein tredelt barneskule. Ei av dei viktigaste røynslene i høve til databasert prosjektarbeid er at barneskuleelevar treng nøye tilrettelagde og konkrete oppgåver der ressursane eller sidelekkjene er avgrensa og klåre. Skulen har difor arbeidd ein del med å laga ”læringspakkar” for elevane, og opplever at det er ein rett veg å gå for at elevane skal verta kjende med tilboda frå Fylkesarkivet, og læra seg å bruka dei i det daglege skulearbeidet.

Arbeidsgruppene bør vera små, 3–5 elevar per lærar. I planlegginga må ein også ta omsyn til at elevar på mellomsteget bruker (mykje) meir tid enn ein trur i prosessen frå arbeid i marka til ferdig utlagd artikkel på nettet.

Fresvik skule (Vik) – 2.–4. klasse

Prosjektet ved denne skulen galdt namn langs bygdevegen i Fresvik. Også i dette projektet var innsamlingsdelen sentral – og viktig for elevane. Viktig var òg den gode kontakten temaet lokale namn skapte mellom elev/skule og heim. Elevane fekk svært god respons på projektet heime. Opplegget vart kopla til uteskule, der elevane fekk sjå og bruka namna i sin naturlege samanheng. Den største suksessen var kanskje formidlingsfasen eller presentasjonen av resultatet på skulen med foreldra inviterte. Elevane var stolte fordi dei visste mykje som andre elevar ikkje visste, og dei fekk udelt positiv respons frå dei vaksne på det dei hadde gjort. Konkurransemotivet knytt til presentasjonen var òg viktig. Ungar og ungdom har i regelen eit naturleg konkurranseinstinkt. Her kom det til uttrykk både hjå dei som skulle konkurrera, og hjå dei som hadde arbeidd med namna, og som kjende svara. Nedanfor følgjer eit utdrag av rapporten frå læraren.

• Spørsmålsstilling

Kva namn kjenner du langs hovudvegen frå Kaien til Engi?

• Opplegg

Introduksjon og diskusjon i klassen. Alle sjekkar med foreldre/besteforeldre. Vegen vart delt i soner, der kvar elev fekk si sone, og dei skulle også prøva å plassera namnet på rett plass i samråd med ei vaksen kjelde. Elevane fekk med seg heim kart i høveleg målestokk.

Elevane gjorde eit overraskande grundig og godt heimearbeid og samla inn mange fleire namn enn venta. Dei var rundt hjå engasjerte besteforeldre og andre og fekk opplysningar.

Me samordna resultatet på skulen, der me laga ei liste med namna i geografisk rekkjefølgje. Me gjekk også inn på kvifor den og den staden vart kalla så, og kva namnet kom av. Andre spørsmål var om namnet er i bruk i dag, og kva som kan ha endra seg sidan namnet vart brukt. Er nye namn komne til i seinare tid? Kva kalla besteforeldra denne staden, og kva kallar ungane han i dag?

Me teikna alle namna inn på eit stort kart over bygda, og laga òg ei liste over namna. På uteskulen gjekk me langs vegen og prøvde å finna plassane. Samstundes hadde me leikprega aktivitet for å bruka namna i praktiske situasjonar, til dømes: Gå til Anfinngjerdet og stopp der!

• Aktivitetar med foreldre og eldre elevar
2.–4. klasse laga spørjekonkurranse på ei tilstelling for foreldra og alle dei andre elevane på skulen. Dei organiserte grupper med blanda lag av elevar og foreldre. Kvar gruppe fekk eit kart og ein del punkt avkryssa på kartet forutan ei liste med namn. Oppgåva var å setja rett namn på rett plass. Dette fungerte svært kjekt og sosialt for alle, med masse diskusjon. Småskuleelevane styrte heile opplegget, dei retta også svara i konkurransen og kunngjorde resultata.

Læraren hadde på førehand laga ei eiga liste med dei fleste namna langs vegen slik dei var nedskrivne av ein eldre mann for mange år sidan. Denne lista vart ”fasiten”.

- Utfordringar

Det var ofte ulike meiningar om både namn og plassering, og mykje diskusjon om kven som hugsar best og rettast. Det er ein fordel om læraren har ein rimeleg trygg fasit, og ein bør vera kritisk til det som kjem fram, for feilkjeldene er mange.

- Positive røynsler

Prosjektet engasjerte både føresette og elevar mykje meir enn ein kunne tru på førehand. Småskuleelevane var stolte fordi dei kunne noko som ingen andre på skulen var sikre på. Slike prosjekt er med på identitetsbygging og gjer elevane stolte av bygda og sitt eige nærmiljø.

Raudeberg skule (Vågsøy)

Nettside: raudebergskule.no

På denne skulen har dei arbeidd med å samla inn lokale stadnamn frå Nordvågsøy. Så langt dekkjer innsamlinga gardane Halsør, Vedvik, Refvik, Kvalheim, Kråkenes og Raudeberg. Arbeidet tok til i 2003, og ein har berre lagt ut eigne innsamla namn. I tillegg til innsamlingsarbeidet er gardane eller delar av gardane fotograferte, og namna er sette inn på fotografia. Metoden er svært klårgjerande og informativ ettersom terrengformasjonen ofte går tydeleg fram av bileta og vert understreka av namneformene. *Kjeeskora* viser tydeleg, likeins *Neset*, *Solskjeret* osb. på slike oversiktsbilete. Nokre område er dekte av kart, der namna er plasserte på tradisjonelt vis.

Resultatet av arbeidet finn ein på heimesida til skulen, under lekkja *Stadnamn*. Ein får då opp gardsnamna til venstre. Dei har lekkjer til undergrupper, og under dei kjem namna opp viste på fotografi eller kart.

7.4 Den vidaregåande skulen

Namnematerialet kan nyttast mykje på same måte i den vidaregåande skulen som i grunnskulen. Men her kan elevane gå djupare inn i stoffet og i dei områda dei vil arbeida med, og arbeidet kan i tillegg ha eit sterkare teoretisk eller fagleg preg.

I planverket les me til dømes under historie for Vg2 at elevane skal kunna ”forklare hvordan naturressurser og teknologisk utvikling har vært med på å forme tidlige samfunn” og ”finne og

vurdere historisk materiale som kilder og bruke det i historiske framstillinger”. Under Vg3 heiter det mellom anna at elevane skal kunna ”bruke digitale verktøy til å planlegge, gjennomføre og presentere en problemorientert undersøkelse ut fra egne spørsmål til et historisk materiale”.

I den vidaregåande opplæringa kan arbeidet vera konsentrert om språklege samanhengar – primært i norskfaget, om kulturhistoriske samanhengar – først og fremst i historiefaget, og om landskaps- eller naturformer, ikkje minst knytte til papirbaserte kartverk og digitale kart innanfor geografifaget, det vil seia multimedial tilnærming. Til skilnad frå grunnskulen kan arbeidet i den vidaregåande opplæringa ha karakter av meir sjølvstendig, individuelt eller gruppebasert arbeid med namnematerialet. I større grad enn det ein kan venta av elevar i grunnskulen kan elevar i den vidaregåande opplæringa gjera sjølvstendige analysar av ei eller fleire av dei tilnærmingane som alt er nemnde under grunnskulen (språk, kulturhistorie, geografi). Slike tilnærmingsmåtar krev meir systematisk arbeid, der ein til dømes vel ut avgrensa område for nærare studium og tilrettelegging.

Eit enkelt arbeid som høver i den vidaregåande skulen, er rett og slett å ta for seg namna på ein gard, kanskje endåtil berre på eitt av bruka på garden. Eit slikt arbeid kan gå ut på å gjera greie for kva namn som finst. Ein kan arbeida etter fleire metodar, til dømes ta namn etter korleis dei ligg, først med tunnamn, så vidare utover på innmarka og til slutt utmarka. Eit slikt prosjekt kan utvidast med ei generell innleiing om garden – historie, eigarar, gardsnamn og liknande. Dei lokale namna må nummererast og skrivast med normert form, uttale, dessutan ei forklaring på kva namnet tyder, eller kvifor lokaliteten har fått dette namnet, kanskje noko om alder. Sjølv sagt kan ein ta med detaljar, som kor stor ein attlagd åker var, korleis geitefloren såg ut, skapet på ei brekke, det vil seia alle detaljar ein greier å få tak i. For somme namn finn ein kanskje litteratur om staden, til dømes husmannsplassar og liknande.

Som døme på korleis ein artikkel om eitt namn kan sjå ut, tek eg med dette utdraget frå ”Stadnamn i Os, samla av Asbjørn Øye, gnr. 81 Lio”; hefte

utarbeidd av Vidar Haslum i samarbeid med Ole-Jørgen Johannessen og Magne Lien. Nordisk institutt, Universitetet i Bergen, 2006, side 18, om namn nr. 146, *Paddesteinen*: "I grunnen ikkje ein stein, men ein liten steinblokkliknande fjellknaus i ein stig der det er eit bittelite, svært trengt klype, so trengt at det berre er so vidt for ein gåande å ta seg fram. "Dar fekk me ikkje merro forbi," seier Magne Lien. Sagt på ein annan måte er *Paddesteinen* eit skjeringspunkt mellom ein låg (men markert og noko lang) nordaustvend forkastning og ein sørgåande gangstig..."

Eit svært godt supplement til den skriftlege omtalen er illustrasjonar, bilete og kartutsnitt. Slikt materiale synleggjer lokalitetane betre enn alle ord. Er det fleire lokalitetar med namn på same biletet, kan det visast med referanse til det nummeret namnet har fått i den skriftlege delen. Bilete av lokalitetar saman med heimelsmenn friskar òg opp framstillinga.

Språklege sider ved namna kan òg analyserast meir systematisk på dette nivået, til dømes innanfor ein kommune. Korleis er tilhøvet mellom primærnamn (usamansette) og sekundærnamn? Kvar finn me mest av sekundære namn? Er det skilnader i bruk av bunden og ubunden form i namna? Kva slags komposisjonsfuger har namn i ulike delar, og kvifor er det slik?

Ei spennande side ved eit språkleg granskingsarbeid kan vera å finna ut kva "vanskelege" namn tyder, det vil seia namn der tydingsinnhaldet ikkje ligg klårt i namneforma. Finst her folk å spørja som har noka meining om dette? *Frydlaupsete*, *Dynnarvollen*, *Bandskjerøyna*, *Brokolsteigen* er alle døme på dunkle namn, og kanskje kan det setjast fram teoriar om kva dei tyder, og difor også om historia bak namna. Somme namn kan vera enklare å tolka, men har språklege element i seg der innhaldet ikkje er så innlysande for alle: *Novsteinen*, *Migandegrovi*, *Dugurdsletta*, *Nonssløttene*, *Kvålselvi*, *Kvamshaugen*, *Grjotehola*, *Grytten* osv.

Døme på kulturelle tilnærmingar kan vera systematisk arbeid med gardsnamn, til dømes i heimkommunen, arbeid med stolar med grunnlag i stolsnamn, kvar stolane låg eller ligg, kva funksjon hadde dei, arbeid på eller knytt til

stolane, sosiale sider ved stølslivet osv. Andre område kan vera å ta for seg kva namna fortel om sosiale samværsformer allment, ikkje berre i samband med stølsdrift, men heime i kvardag og fest. Utnytting av naturressursar kan vera ei anna tilnærming: Kva nytta ein av skog, fjell, myrar, vatn, elvar, sjø, utnytting av fiskeressursar, fugleliv og dyreliv, det som for dei aller fleste representerte tilleggssressursar til den primære livsutkoma i form av dyrehald og førsanking?

Dei geografiske aspekta ved namna ligg i namneformer som uttrykk for naturformasjonar. Saman med kartbruk kan ein her gå systematisk til verks og analysera terreng og natur ut frå namn med eit tydeleg innhald av naturtilknytning, til dømes namn for større og mindre formasjonar (holer, søkk, fjell og andre høgdingar osv.).

Det er ikkje mange vidaregåande skular som aktivt har arbeidd med stadnamn, men det finst nokre. Ein av dei er Stryn vidaregåande skule. Som eit døme på kva ein kan få ut av eit slikt arbeid, tek eg med hovudinnhaldet i ein artikkel frå *Kjelda* nr. 2, 1997, skriven av Rune Vanberg, lærar ved skulen.

I norskfaget skal elevane på allmennfagleg studieretning levera skriftlege særoppgåver i det tredje året, og ved Stryn vidaregåande skule har fleire elevar valt å skriva om stadnamn. Stort sett har dei gjort arbeid ute i marka og deretter handsama stoffet i oppgåva. Dei har samla inn materiale frå ulike kjelder, som munnlege (eldre heimelsfolk), gamle utskiftingskart eller andre gamle dokument knytte til utskiftinga, dei eldste frå om lag hundre år attende, eller gamle skøyte og dokument og merkesteinar, grenser og liknande.

Elevane har både samla inn (skrive ned) namna og kartfesta dei. Dei har òg arbeidd med å få notert rett uttale, og har då i regelen nytta lydskrift. Dermed har dei måtta setja seg inn i den lokale dialekten, ofte deira eige talemål. Eit viktig moment i arbeidet er at det til mange namn knyter seg tradisjonsstoff, til dømes opplysningar om næringsverksemd i eldre tider, både på innmark og i utmark. Også særskilde hendingar attende i tid kan gå fram av namna, eller dei fortel om overnaturlige hendingar og underjordiske skapningar.

Elevane har gjort ulike systematiseringar av namna, til dømes delt dei i innmarksnamn og utmarksnamn, i naturnamn og kulturnamn (særleg personnamn), eller i mindre grupper som elvenamn, stølsnamn og andre. Til bruk i arbeidet med å systematisera har fleire nytta data og på den måten også fått praktisert og utvikla datateknisk kompetanse.

Ei særleg interessant side har det vore å finna ut kva namn tyder, helst namn der tydinga ikkje ligg i dagen. Utan vidare er det ikkje einfelt å vita kva førsteleddet i *Rosshaugane* tyder. Men med litt studium av norrønt språk finn ein ut at førsteleddet er eit eldre ord for hest (norrønt *hross*). Slik opnar arbeidet òg for innblikk i det gamle språket. I den andre enden finn elevane kanskje nymotens namn som *Mazdabakken*, der det også ligg ei eiga historie til grunn for namnet.

Sluttord

Tradisjonelt har stadnamn og namnegransking vore eit felt for filologien. Både som språkleg materiale, som kulturelt stoff og som historisk kjeldetilfang er det i første rekkje filologane og ikkje minst norskfagleg kompetanse som har

arbeidd med fagområdet. At namnegransking også har ein sterk og grunnfest historisk basis, som òg har vore nytta og utnytta, ligg sjølvsagt i korta. Gardsnamna våre fortel mykje om korleis grender vart folkesette, utbygde og utvikla – og brukte, så namnegransking halden saman med anna historisk forskning gjev oss kunnskap om og innsyn i folkesetnad og liv både i kvardag og fest gjennom historia. Også arkeologien har hatt og har samanfallande interesser med stadnamnfeltet. Arkeologisk kunnskap halden saman med filologisk kompetanse gjev oss eit breiare innsyn i til dømes språkhistoriske tilhøve.

I skulen – både grunnskulen og den vidaregåande skulen – kan namnetilfanget sjølvsagt ikkje vera ei kjelde til å pløya nytt land, trekkja store og avgjerande historiske linjer eller gje vesentleg nye moment til geografien, men meir ein inspirasjon til å bruka lokalt stoff frå ei ikkje altfor fjern fortid til å skaffa seg kunnskap og innsyn om det lokale, gjerne òg gje dei unge ei sterkare identitetskjenning knytt til det heimlege. Det tverrfaglege aspektet ved lokale stadnamn og bruken av dei i skulen er ei viktig og nærliggjande utfordring, ikkje minst fordi materialet kan brukast som grunnlag for

tekstarbeid i vidare mening, det *Kunnskapsløftet* omtalar som det utvida eller samansette tekstomgrepet.

Som tittelen på denne rapporten prøver å fortelja: Arbeid med og engasjement i lokale stadnamn tek oss med på reiser – eller vandringar – i både natur og kultur.



Flyfoto. Havreneset, Florø.
(Eigar: Johan Ottesen.)

Del 3 - Tabellar og lister

Kodeliste for natur/lendetyper

KODE LOKALITET

N110 Høgding

N111 Fjell, ås, berg
N112 Fjellkjede, fjellandskap
N113 Spiss topp
N114 Runda topp
N115 Hammar, hylle
N116 Rygg
N117 Egg
N118 Haug

N120 Skråning

N121 Li, hall, bakke
N122 Opphakka skråning
N123 Heng, flog, stup

N130 Flate

N131 Vidde, fly
N132 Flå, flæ
N133 Fløt
N134 Mo

N140 Fordjuping

N141 Dalføre
N142 (Dal)botn
N141 Liten dal
N144 Søkk i lendet
N145 Skar, gjel, juv
N146 Skor, skorte
N147 Heller, hole

N150 Om- eller overflødd lende

N151 Grunne, vaul
N152 Skjer, flu, flæs
N153 Brot, bode
N154 Delta
N156 Øy
N157 Holme

N160 Anna landegrense mot vatn

N161 Strand
N162 Halvøy
N163 Mindre utstikk
N164 Eid

N170 Vassinnskjering i lendet

N171 Fjord
N172 Sund, fjord
N173 Vik, bukt, våg
N174 Kil, kile

N190 Skap – ymse lokaliteter

N200 Materiale

N210 Våtlende

N211 Myr
N212 Dike

N220 Stillestående vatn

N221 Vatn
N222 Tjørn
N223 (Søle)dam
N224 Stilt saltvatn

N230 Rennande vatn

N231 Straum (i saltvatn)
N232 Elv, å
N233 Bekk
N234 Foss, stryk
N235 Oppkome
N236 Os
N237 Still del: høl, bakevje o.l.

N240 Frose vatn

N241 Snøbre, isbre
N242 Mindre snø- og isformasjon
N243 Fonn

N250 Stein- og berggrunn

N251 Sva
N252 Skjer, flæs
N253 Stein
N254 Ur, røys
N255 Utbroten, utfallen stein

N260 Annan fast grunn

N290 Materiale – ymse lokaliteter

N300 Vegetasjon

N310 Naturleg grasvokster

N311 Grøde (grønkast fort)

N320 Annan småvegetasjon

N321 Kratt

N330 Skog

N331 Mindre samling av tre

N332 Tre, trestubbe

N333 Glenne

N390 Vegetasjon – ymse lokaliteter**N400 Andre hovudtyper av lokaliteter****Kodeliste for kultur**

KODE LOKALITET

K100 Område

K101 Fylke

K102 Region

K103 Kommune

K104 Tettstad, bygd, grend

K105 Namnegard

K106 Off. område

K107 Grense, grensemerke

K110 Buplass, tun

K111 Gard/bruk

K112 Husmannsplass

K113 Tomt, villaområde o.l.

K114 Tuft

K120 Jordbruk

K121 Kornåker

K122 Annan åker

K123 Fukt, bær o.l.

K124 Kunstig vatning

K130 Husdyrhald

K131 Beite på innmark

K132 Beite i utmark, fjell

K133 Heimestøl

K134 Fjellstøl

K135 Samle- og mjølkeplass

K136 Gjerde, grind, kve

K137 Skorfeste, farleg stad

K140 Fôrsanking

K141 Slått på innmark

K142 Slått i utmark, utløe

K143 Stølskve

K144 Lauvteig

K145 Risteig

K146 Fôrsanking; blom o.l.

K147 Transport av fôr

K150 Hushald

K151 Lokalitet: mylne, kvern

K152 Lokalitet: mjølkestell

K153 Lokalitet: mat og drikke

K154 Lokalitet: stell av klede

K155 Avfallsplass

- K160 Jakt**
K161 Jakt landdyr; merke, tilhald
K162 Jakt fugl; merke, tilhald
- K170 Fiske**
K171 Lokalitet: fiske, merke o.l.
K172 Lokalitet: fiske (på land)
- K180 Anna utnytting av naturen i hushaldet**
K181 Lokalitet: ville bær o.l.
K182 Vassforsyning, bekk, kjelde

- K190 Trevirke, brensel**
K191 Hogstområde, plantefelt
K192 Tjørebrenning, kolbrenning
K193 Skogen: ymse bruk
K194 Trevirke: transport, lasting
K195 Torvmyr
K196 Lokalitet: sagbruk o.l.

- K200 Samferdsle til land**
K201 Veg, bru
K202 Stig, rekkje, klopp o.l.
K203 Lokalitet: fedrifter

- K210 Samferdsle på sjø**
K211 Hamn, stø, slipp o.l.
K212 Navigasjonsmerke o.l.
K213 Grunne, skjer o.l.

- K220 Merke**
K221 Merke for dagen
K222 Merke for året, grøda o.l.

- K230 Naturen: utanom kosthald**
K231 Bergverk, førekomstar o.l.
K232 Steinbrot
K233 Sandtak o.l.
K234 Energi

- K240 Fritidsområde**
K241 Park
K242 Stemne plass
K243 Samlings-/møtestad
K244 Lokalitet: tradisjonar

- K250 Hendingar**
K251 Ulukke, naturkatastrofar
K252 Hending: arbeid, fritid o.l.
K253 Lokalitet: administrasjon, rettsstell

- K254 Lokalitet: krigshandling

- K260 Folketru/naturfenomen**
K261 Lokalitet: overnaturlige skapningar

- K270 Religion**

- K280 Fornminne**

- K290 Anna samferdsle**
K291 Vardar

- K300 Lokalitet: jamføringsnamn**

- K310 Ymse funksjonar**

Flyfoto, Ølnes, Sogndal. (Eigar: Johan Ottesen.)



Fordeling av namn med registrert kulturkode			
Kultur-kode	Tekst	Tal på namn	Sum
K100	Område	643	
K101	Fylke, region	2	
K103	Kommune	3	
K104	Tettstad, bygd, grend	111	
K105	Namnegard	229	
K106	Off. stad/område	38	
K107	Grense, grensemerke	1022	
			2048
K110	Buplass, tun	1494	
K111	Gard/bruk	2622	
K112	Husmannsplass	1217	
K113	Tomt, villaområde m.m.	834	
K114	Tuft	1892	
			8059
K120	Jordbruk	81	
K121	Kornåker	337	
K122	Annan åker	4885	
K123	Frukt, bær o.l.	969	
K124	Kunstig vatning	175	
			6447
K130	Husdyrhald	1800	
K131	Beite på innmark	3035	
K132	Beite i utmark, fjell	3805	
K133	Heimestøl	1594	
K134	Fjellstøl	526	
K135	Samle- og mjølkeplass	1938	
K136	Gjerde, grind, kve	2381	
K137	Skorfeste, farleg stad	465	
			15544
K140	Forsanking	3039	
K141	Slått på innmark	16317	
K142	Slått i utmark, uteløe	3803	
K143	Stølskve	47	
K144	Lauvteig	285	
K145	Risteig	27	
K146	Forsanking; blom m.m.	136	
K147	Transport av for	444	
			24098
K150	Hushald	324	
K151	Lokalitet; mylne, kvern	644	
K152	Lokalitet; mjølkestell	26	
K153	Lokalitet; mat og drikke	68	
K154	Lokalitet; stell av klede	168	
K155	Avfalls plass	26	
K156		3	
			1259
K160	Jakt	36	

K161	Jakt landdyr, merke, tilh.	872	
K162	Jakt fugl; merke, tilhald	588	
K163		2	
			1498
K170	Fiske	71	
K171	Lokalitet; fiske, merke o.l.	1321	
K172	Lokalitet; fiske (på land)	622	
			2014
K180	Ymse om naturen/kosthald	66	
K181	Lokalitet; ville bær m.m.	379	
K182	Vassfors. bekk, kjelde	1069	
			1514
K190	Trevirke, brensel	258	
K191	Hogstområde, plantefelt	1066	
K192	Tjørebrenning, kolbrenning	332	
K193	Skogen; ymse bruk	91	
K194	Trevirke; transport, lasting	1020	
K195	Torvmyr	333	
K196	Lokalitet; sagbruk o.l.	237	
			3337
K200	Samferdsle til land	854	
K201	Veg, bru	4609	
K202	Sti, rekkje, klopp o.l.	4650	
K203	Lokalitet; fedrifter	757	
			10870
K210	Samferdsle på sjø	265	
K211	Hamn, stø, slipp o.l.	2299	
K212	Navigasjonsmerke o.l.	169	
K213	Grunne, skjer o.l.	457	
			3190
K220	Tidsrekning	38	
K221	Merke for dagen	328	
K222	Merke for året, grøda o.l.	143	
			509
K230	Naturen: utanom kosthald	77	
K231	Bergverk, førekomstar o.l.	45	
K232	Steinbrot	53	
K233	Sandtak	187	
K234	Energi	141	
			503
K240	Fritidsområde	606	
K241	Park	6	
K242	Stemne plass	26	
K243	Samlings-/møtestad	303	
K244	Lokalitet; tradisjonar	26	
			967
K250		526	
K251	Hendingar	186	
K252	Uluke, naturkatastrofar	135	
K253	Hending; arbeid, fritid o.l.	41	

K254	Lokalitet; administrasjon, rettsveset	64	
K255	Lokalitet; krigshandling	5	
			957
K260	Folketru/naturfenomen	237	
K261	Lokalitet; overnaturlig vesen	133	
			370
K270	Religion	83	83
K280	Fornminne	235	235
K290	Kommunikasjon, ikkje samferdsel	60	
K291	Vardar	286	346
K300	Lokalitet; jamføringsnamn	947	947
K310		768	768
K311		3	
K330		2	
K331		3	8
		85571	

Kommentarar til statistikk over kulturnamn

Det er berre det fagleg tilrettelagde (dataregistrerte) materialet (februar 2008) som er med i denne oppteljinga, i alt ca. 85 000 namn registrerte med kulturkodar.

Ikkje overraskande er det flest namn under koden *K140* og underkodar, som alle går på førsanking, i alt ca. 24 000 namn. Særleg er det mange under *K141 – slått på innmark*. Ettersom kulturnamna i dataregistreringa kan få to kodar, er ein god del namn koda under *K141* også koda som andre typar, særleg som åkernamn (*K122*). Det vil seia at namnet opphavleg har vore eit åkernamn, men at lokaliteten no (eller i seinare tid) er nytta til slått. På innsamlingslistene er det brukt ulike nemningar for slått på innmark, som *slætte*, *innmark*, *slått*, *dyrka mark*, *eng*, *engstykke*, *bø* og fleire.

Også tala under kodane for husdyrhald (*K130* med underkodar) er høge, nesten 4 000 namn på beiteområde i utmark og over 2 300 namn på grunder, gjerde og liknande. Mjølkeplassar (utanom stølane) har òg høgt tal, bortimot 2 000 slike lokalitetar er namnsette i dette materialet. Interessant er det òg å sjå at det er registrert 465 skorfeste eller farlege stader (for dyr).

Me merkjer oss at det under *K200* med underkodar (samferdsle til land) er registrert nesten 11 000 namn. Det viser at vegar og stigar har vore sentrale namnelokalitetar, med omtrent like mange namn på kvar av gruppene. Skiljet mellom *K202* (stig osb.) og *K203* er nok noko flytande, og det kan vera like tenleg å sjå dei to underkodane under eitt.

K300 for jamføringsnamn (*Purkeryggen* som namn på ein stein med slikt skap) er òg relativt stor, i alt 947 registrerte namn. Det vitnar om god fantasi i namnsetjinga. Eit eige studium av denne namnegruppa kan vera interessant.

Av enkeltgrupper ser me at vassforsynings-lokalitetar – brønner, bekker, grøver, oppkomer osb. (*K182*) og plantefelt (*K191*) har relativt høge tal. Det har òg gruppene for transport av fôr og av virke og liknande frå skogen. Dei to gruppene (*K147* og *K194*) har til saman nesten 1 500 namn. Det skulle borga for at det enno kan vera ein sjanse for å sjå ein rennestreng eller eit spel i utmarka.

Den som vil studera namn knytte til hendingar, ulukker, krigshandlingar og liknande, har òg eit bra fyldig materiale å nytta. *K250* med undergrupper inneheld nesten tusen namn. Mange av namna knyter det seg sikkert historier til. Kanskje kan det vera ei oppgåve å finna meir ut av det. Det same kan seiast om *K260*, gruppa for folketru, overnaturlige skapningar osb. Her knyter det seg sikkert segner, historier eller forteljingar til mange av namna. Somme av historiene er kanskje nemnde med stikkord i materialet, men namnetypen opnar for vidare arbeid av til dømes elevar eller elevgrupper.

Fordeling av namn med registrert naturkode

Natur-kode	Tekst	Tal på namn	
N100	Skap	255	
N110	Høgding	1666	
N111	Fjell, ås, berg	3737	
N112	Fjellkjede, fjellandskap	686	
N113	Spiss topp	972	
N114	Runda topp	3149	
N115	Hammar, hylle	6191	
N116	Rygg	2161	
N117	Egg	283	
N118	Haug	9065	
			27910
N120	Skråning	1419	
N121	Li, hall, bakke	12496	
N122	Opphakka skråning	375	
N123	Heng, flog, stup	471	
N124		4	
			14765
N130	Flate	5476	
N131	Vidde, fly	206	
N132	Flå, flæ	21	
N133	Flåt	230	
N134	Mo	43	
N135		3	
N136		5	
N137		3	
			5987
N140	Fordjuping	813	
N141	Dalføre	2208	
N142	(Dal)botn	1147	
N143	Liten dal	339	
N144	Søkk i lendet	1561	
N145	Skard, gjel, juv	4054	
N146	Skor, skorte	3752	
N147	Heller, hole	3369	
			17243
N150	Om- eller overflødd lende	161	
N151	Grunne, vaul	291	
N152	Skjer, flu, flæs	2040	
N153	Brot, bode	97	
N154	Banke, rev	60	
N155	Delta	533	
N156	Øy	875	
N157	Holme	1982	
			6039
N160	Anna lendegrense mot vatn	247	

N161	Strand	608	
N162	Halvøy	51	
N163	Mindre utstikk	3494	
N164	Eid	70	
			4470
N170	Vasskjering i lendet	76	
N171	Fjord	122	
N172	Sund, fjord	714	
N173	Vik, bukt, våg	4434	
N174	Kil, kile	23	
			5369
N190	Skap - ymse lokaliteter	98	
N191		2	
N194		2	
			102
N200	Materiale	7	
N201		10	
N202		9	26
N210	Våtlende	766	
N211	Myr	5267	
N212	Dike	122	
			6155
N220	Stillestående vatn	47	
N221	Vatn	2001	
N222	Tjørn	1080	
N223	(Søle)dam	191	
N224	Stilt saltvatn	13	
			3332
N230	Rennande vatn	118	
N231	Straum (saltvatn)	16	
N232	Elv, å	3229	
N233	Bekk	2406	
N234	Foss, stryk	1031	
N235	Oppkome	393	
N236	Os	187	
N237	Still del: høl, bakevje o.l.	1042	
			8422
N240	Frose vatn	15	
N241	Snøbre, isbre	69	
N242	Mindre snø- og isformasjon	42	
N243	Fonn	113	
N245		2	
N246		2	
			243
N250	Stein- og berggrunn	1293	
N251	Skjer, flæs	1701	
N252	Stein	13	
N253	Urd, røys	4549	
N254	Utbroten, utfallen stein	2453	

N255		981	
			10990
N260	Annan fast grunn	54	
N290	Materiale - ymse lok.	39	
N300	Vegetasjon	60	
N310	Naturleg grasvokster	58	
N311	Grøde (grønkast fort)	71	
N320	Annan småvegetasjon	45	
N321	Kratt	104	
			431
N330	Skog	2256	
N331	Mindre samling av tre	500	
N332	Tre, trestubbe	745	
N333	Glenne	91	
N335		8	
			3600
N354		2	
N390	Vegetasjon - ymse lok.	64	
N400	Andre hovudtypar av lok.	21	
		115426	

Kommentarar til

statistikk over naturnamn

Også her er det berre det fagleg tilrettelagde materialet som er registrert. Tala er difor ikkje endelege. Som me ser, er godt og vel 115 000 namn registrerte med naturkodar så langt.

Lista ber først og fremst preg av at naturen i fylket er kupert og bratt. Nesten 28 000 namn er registrerte på høgder i fylket (*N110* med underkodar), mest for kategorien haug (ca. 9 000 namn) og hammar eller hylle (over 6 000 namn). Av fjellnamn finst det etter denne lista over 3 700 namn i fylket, også eit signal om mykje ulendt terreng. Inntrykket av bratt og skrånande lende vert forsterka av kode *N120* med underkodar (skråning og liknande) med over 14 700 namn på lokalitetar.

Det kuperte terrenget vert endå tydelegare understreka av den store namnemengda under *N140* og underkodar (fordjuping i landskapet). Her er det registrert over 17 000 namn, der både skar og skører har høge tal, rundt 4 000 under skar osb., der svært mange er namn på gjel eller juv. Påfallande og interessant er det at *N147* (heller, hole) har så høgt tal, særleg når me veit at mange hellerar også har kulturkodar (lagring av fôr, reiskapar og liknande). Likeins er det slåande at

over 2 200 namn er registrerte på dalføre, det vil seia større dalar. Talet korresponderer bra med den store mengda elvenamn (over 3 200 namn). Det er i regelen slik at elvane renn langs dalbotnen.

Det noko karrige landskapet er òg understreka av den store mengda namn på stein- og berggrunn (*N250* og underkodar), nesten 11 000 namn. Den største undergruppa her er urer og røysar. Av slike finst det over 4 500 namnsette etter denne lista.

Motsett ulendt terreng er flater og slakare parti i lendet. Under *N130* for flater med underkodar er talet relativt lågt, opp mot 6 000 namn. Dei fleste av desse namna er innmarksnamn, naturleg nok, og mange av dei er difor også koda for kultur, særleg for slått på innmark.

Ser me på namn langs sjøen, har nesten 4 500 bukter og vikar fått namn (*N173*), sjølv sagt dei fleste i kystkommunane. Mellom buktene finn me større og mindre utstikk, også dei relativt rikeleg namnsette med nesten 3 500 namn (*N163*). Det er òg interessant å merka seg at det finst over 3 000 ferskvatn og tjørner – som regel i fjellet, som har namn. Det er eit høgt tal for denne typen lokalitetar. Høgt tal har også skjer, fluer og liknande (*N152*), dei fleste registrerte i kystkommunane.

Det rennande vatnet (elvar, åer, bekker, fossar) har òg høgt tal. Av elvenamn er godt over 3 000 registrerte (*N232*), av bekker, åer ca. 2 400. Tilsvarande høge tal har namn på fossar, litt over 1 000 namnsette (*N234*), medan stille parti i det rennande vatnet (ofte fiskehølar, røytstader, vaske- eller badeplassar) har over 1 000 registrerte namn (*N237*).

Grupper av gardsnamn

Usamansette naturnamn

Til denne gruppa høyrer mange av dei eldste gardsnamna våre. Typisk for slike namn er at dei har ubunden form og er laga av eit appellativ som oftast viser til naturtilhøve, som *Nes*, *Haug*, *Ås*, *Dal*, *Vik*, *Berg*. Mange av desse gardsnamna kan ha tillagt ein vokal i slutten av namnet (tidlegare dativform), og kjennest då i dag att i former som *Hauge*, *Åse*, *Vatne* og liknande. Fleire slike gamle namn kan ha kulturnemning som appellativ, til dømes *Hov* eller *Hove*, *Tune* og liknande.

Namn i denne gruppa kan vera så gamle som frå tida kring Kristi fødsel (nokre hundreår før og nokre hundreår etter vår tidsrekning byrjar); somme av dei er yngre.

-vin

Tyding: natureng, beite

Førekost: ca. 1000 gardsnamn i heile landet

Kyrkjestader: 67 gardar

Geografi: finst først og fremst i Sør-Noreg; få *vin*-namn i Nord-Østerdalen og på Sørlandet

Alder: dei fleste frå før vikingtida (før 800), dei eldste kanskje så gamle som frå tida kring Kristi fødsel; dei yngste er langt yngre, kanskje frå 1100-talet

Namnetypar: ofte i usamansett form: *Ven*, *Venn*, *Vinje*, *Vinjar*, *Vinnan*, *Vinjo*. I samansett form endar *vin*-namna i vårt fylke ofte på vokal (både *v* og *n* i *vin* er bortfalne): *Dregni*, *Høgi*, *Nesi*, *Rebni*, *Stauri*, *Ytri*

-heim

Tyding: buplass, opphaldsplass, ættebustad

Førekost: ca. 1000 eldre norske gardsnamn

Kyrkjestader: 39 gardar

Geografi: over heile landet, men ujamnt fordelt; få *heim*-namn i Nordland, Østerdalen, Solør, Vinger og Agder

Alder: dei fleste frå før vikingtida (før 800), dei eldste truleg frå 200–300 e.Kr.

Uttale: oftast uttala (og skrivne) utan *h*: *Vindeim*, *Heggeim*, *Vestreim*; eller namnet er samandregge og har no berre ei staving: *Skaim*, *Veim*, *Seim* og liknande

Namnetypar: finst sjeldan usamansette; førsteleddet fortel gjerne om geografiske tilhøve

(*Bergheim*) eller botaniske (*Skogheim*, *Heggheim*), eller om relasjon til annan busetnad (*Håheim* (hå = høg), *Oppheim*, *Sørheim*)

-stad

Tyding: buplass, opphaldsplass, laga til verbet

standa (= *stå*)

Førekost: ca. 2500 eldre gardsnamn

Geografi: over heile landet, men med noko ujamn spreiding, flest på Austlandet og i Trøndelag, færre i Agder og på Sør-Vestlandet

Kyrkjestader: 63 gardar

Alder: dei fleste frå vikingtida (800–1050), men kanskje ei eldre namnegruppe frå før vikingtida, og ei yngre tidfesta til vikingtida

Namnetypar: ingen av *stad*-namna er usamansette; førsteleddet er ofte eit personnamn (*Ulvestad*, *Olstad*), men òg ledd som kanskje viser tilhøve til natur eller plassering: *Vangestad*, *Endestad*

-land

Tyding: jordstykke, landområde

Førekost: ca. 2000 gamle norske gardsnamn

Geografi: finst over heile landet, men om lag 80 % av *land*-namna finn me i Telemark, Agder og på Sør-Vestlandet, også relativt mange i Nordland, færrest på Nord-Vestlandet, i Trøndelag og i indre og nordlege delar av Austlandet

Kyrkjestader: 35 gardar

Alder: dei eldste truleg frå kring 200, dei yngste frå slutten av vikingtida, fram mot år 1000

Namnetypar: som gardsnamn finn me dei berre samansette; førsteleddet i samansette namn har ofte sterk tilknytning til jordbruk eller natur: *Laukland*, *Løland*, *Espeland* (osp), *Eikeland*, *Engeland*, *Resaland*, eit namn som *Hovland* viser tilknytning til heidensk tempel, hov

-set

Tyding: buplass, tilhaldsstad (til verbet *sitja*)

Førekost: ca. 900 gardsnamn (ca. 1700 stølsnamn)

Geografi: mange namn frå og med Fjordane og nordover til og med Nordland, dessutan i Østerdalen og Mjøs-bygdene

Kyrkjestader: 5 gardar

Alder: dei fleste frå vikingtida, nokre truleg noko eldre, andre noko yngre

Namnetypar: svært få usamansette (då som *Sæt*,

Sæter); førsteleddet i samansette namn er ofte knytt til jordbruk (som for *land*-namna) eller geografi/natur: *Notsæter*, *Årsæt(er)*

-rud

Tyding: plass som er rydda (til verbet *rydja*)

Førekost: nær 3000 gardsnamn

Geografi: mest på Austlandet (medrekna

Telemark); finst usamansett (former som *Rud* og

Rød) i ca. 230 gardsnamn, ofte i tydinga open stad

i skogen, glenne

Alder: dei fleste truleg frå høgmellomalderen (1000–1350)

Namnetypar: mest halvparten av samansette *rud*-namn har personnamn som førsteledd, og ofte med personnamn innkomne i kristen mellomalder: *Andersrud*, *Thomasrud* og fleire.



Oversikt over Hauge på Bremangerlandet. Gardstun med hus, løer, sjøbuer og veg. (Fotograf: ukjend.) SFFF-1998091.0055.

Ordliste

Lista inneheld ein del appellativ brukte som hovudledd eller utmerkingsledd i det lokale namnematerialet. Utvalet omfattar først og fremst ord som kan vera ukjende for yngre brukarar eller skuleelevar, men òg for andre, til dømes fordi somme av dei har avgrensa geografisk utbreiing eller er ute or allmennspråket. For kvart ord er det med eitt døme frå materialet på ordet brukt som (del av) utmerkings- eller hovudledd.

allmenning, m – skog-, beite- eller fjellvidd som det offentlege (stat, kommune) eller private eig, og der dei einskilde gardane eller bruka har bruksrett: *Allmenningsteigen*

apal, m – epletre: *Apalhagen*

are, f – (hav)ørn: *Areidet*

attlege, f – tidlegare åker som er tilsådd til eng eller beite, **ekre**: *Bakkeattlega*

bekk, m – kjelde, oppkome, brønn; **grov**: *Bekkagrindi*

blik, n – lys eller kvit flekk, lyst eller kvitt parti, til dømes i eit berg, ein fjellvegg eller liknande: *Kvitabliket*

blom, m – bregne: *Blomsvollen*

botn, m – inste ende av ein lokalitet, til dømes av ein dal, ein fjord eller eit vatn: *Svartebotnen*

brennenate/brennenote, f – brennesle: *Brennenotbakken*

brun, f eller **bryn**, n – kant mellom ei flate og ei skråning/eit hall nedanfor: *Brunene*

bug, m – open, bogeforma vik: *Bugamyri*

bø, m – inngjerda jordstykke/slåttemark, heimemark; også om slåttemark på til dømes stolar: *Bakkebøen*

bægje (bæg(j)e), n – stenge eller hindring, oftast i veg eller stig, bygd med til dømes greiner, kvister eller liknande: *Bægjet*

deld, f – søkk eller grop i lendet: *Sigriddelda*

dokk, f – søkk, lita hole i lendet: *Blomdokki*

egg, f og m – kvass/spiss fjelltopp, øvste kanten av ein fjellrygg: *Blåegga*

eid, n – landstripe med vatn på sidene, og som bind saman to landområde; dal/skar der det er lett å koma over frå eit område til eit anna:

Eidaneset

ekre, f – attlagd åker; engstykke som tidlegare har vore åker, **attlege**: *Ekrehaugen*

fedel el **fell**, m – land (mark, skog eller liknande) som er felleseige: *Fedelen*

fet (fit), f – våtlendt og ofte grasrik engslette, til dømes ved eit vatn, ei elv eller under eit vassig (frå fjøs og liknande): *Eldhusfeta*

flede, f – flu, skjer: *Lyngholmsfleda*

flet, m – **flot**: *Fletebakkane*

flot, m – flate, flat mark: *Floten*

gald, m – mark, (ofte opptrakka) plass; bratt kleiv: *Galdahammaren*

garde, m – **gjerde**: *Bøagarden*

geil, f – veg med gjerde eller anna stengsle på begge sider, helst for dyr; smal gang eller passasje mellom hus; **gjel**: *Bjørkegeilane*

gildre, f – felle sett opp til å fanga dyr i: *Gildrehammaren*

gilje, f – stillas brukt til utkik, særleg til sjøfiske (laks): *Gilja*

gjel (gjøl), n – trong eller djup kløft i berg eller fjell: *Bjørnagjelet*

gjerde, n – oppsett stengsle mellom eller kring jordstykke, **garde**; inngjerda jordstykke: *Andersgjerdet*

gjøt(e), f – langstrekt søkk i lendet, dalformasjon: *Botnagjota*

glenne, f – open plass i skogen, ofte grasvaksen: *Elvaglenna*

gote, f – langstrekt søkk i lendet, oftast stigande oppover; smal passasje; far etter skred, løyping og liknande: *Brattegota*

grande, m – elvebakke, flatt parti ved elv eller elvemunning: *Storegranden*

gro(v), f – vassfar, mindre elv som ofte er turr i periodar, særleg om sommaren, **bekk**: *Vetlagro(v)i*

grø(de), n – mindre grasfleck i skogen eller i fjellet: *Bjørnakvanngrø*

gyger, f – kvinneleg troll, trollkjering: *Gygrarøvi*

gytt, f og m – bratt fordjuping i lendet, **gjel** eller **juv**: *Djupegytten*

hammar, m – (stup)bratt fjellvegg: *Bratthammaren*

heller, m – berghole, bergnabb som hallar utover, ofte brukt til lagring av fôr, reiskapar og liknande, tilhaldsstad for mindre husdyr i til dømes uvêr: *Borkehelleren*

hengje, f – turkestativ for fiskegarn, nót, ofte med overbygnað (tak): *Notahengja*
hjell, m – berghylle, høgd i lendet med større eller mindre flat oppå: *Grindaflathjellen*
hole, f – holrom inni berg, også om større eller mindre søkk eller fordjupingar i lendet: *Almhola*
holt, m – mindre haug, høgding eller bakke: *Ekreholten*
hovde, m – rund, ofte framståande bergtopp: *Hovdedokki*
høl, m – stilleståande vatn i elv eller grov pga. djup botn: *Fiskehølen*
ilag, n – stengsle i til dømes veg eller stig/råk laga av greiner, kvister eller liknande: *Ilaget*
inngjerdsl, f – inngjerda mark, oftast slåttemark: *Haugainngjerdsla*
innlegd el. **innloge**, f – stykke utmark som blir (dyrka og) lagd inn under innmarka: *Innlegda/Innloga*
juv, n – **gjel**: *Breiskredjuvet*
jytt, m – sjå **gytt**
kam, m – langsgåande fjellparti eller høgding: *Furekamben*
kast, n – (det å kasta); plass der ein kastar ved utfor (til dømes ein hammar) eller nedover (til dømes ein bakke); fiskeplass for nót, garn eller liknande: *Erikkastet* (vedkast), *Djupakastet* (notkast)
klant, m – liten bergskrent, lite framspring i lendet, **knause**: *Klanten*
kleiv, f – bratt bakke, ofte i veg eller stig: *Brattekleiva*
klopp, f – lita gangbru av stokkar eller steinar over ei elv, ei grov eller eit våtlende: *Kloppi*
knaus(e), m – liten bergskrent, lite framspring i lendet, **klant**: *Hogaknausen*
køst, m – dunge, vedhaug: *Vedkøstane*
kvam, m – trong dal, avkrok: *Fosskvammane*
kvanngrø, f og n – stad der det veks (gror) kvanne (skjerimplante med grov, røyrforma stengel): *Anderskvanngrø(et)*
kve (**kvi**), f – inngjerding for fe: *Hestakvena*
lade, f og m – løe eller låve: *Bølada*
lauv-, til **lauving**: det å lauva, dvs. sank lauv til fôr: *Lauvaflaten*
led, n – grind, stengsle i veg eller i mur (til dømes mellom innmark og utmark): *Geitaledet*
lein, f – skråning eller halling, ofte om langstrekt, bølgaende lende: *Bjørkeleinene*
leite, n – høgding i synsrande, bakkehøgd med

godt utsyn: *Leitebakkane*
lessing, m – lesseplass for ved, tømmer, høy og liknande: *Lessingen*
lon, f – lang og djup høl i elv eller grov: *Lialona*
lund, m – mindre samling av tre: *Bjørkelunden*
lægd, f – lågt parti i lendet, langstrekt søkk, dal: *Lægda*
løk/løyk, m – djup og stillerennande parti, utviding/lita vik i grov eller elv: *Løkagrova*
méd, n – to (eller fleire) punkt i landskapet som ein kan dra ei siktelinje mellom for å finna til dømes ein fiskeplass; orienteringspunkt: *Lusemédet*
mæle, m – kornmål med ulik storleik frå stad til stad; sjå òg **salså**: *Tremælingen*
nylende, f – nybrot, nydyrka mark: *Nylendebakken*
oppkome, f – kjelde, underjordisk vassåre som kjem fram i dagen: *Oppkommegrovi*
or, f og m – treslag, older: *Orerusta*
rabb(e), m – steinete jordrygg eller skrint engstykke: *Bjørnarabben*
rante, m – smal og låg høgding, jord- eller fjellrygg: *Lynggranten*
raukså, f og n – stad til å setja opp lauvsåter til turking, **stakkså**: *Raukså*
reine, f – grasgrodd stripe eller bakke i nedre kanten av åker eller mellom åkrar: *Bureinene*
res, n – topp av høgding, langstrekt jordrygg: *Botnareset*
rime, m – langt høgdedrag, rinde: *Rimmenova*
rinde, m – langstrekt bergrygg: *Furerinden*
rust, f og m – mindre samling av tre; lite høgdedrag: *Orerusta*
rygg, m – topp av langstrekt høgdedrag eller fjell: *Fleskeryggen*
ryng, m – bogeforma forhøging eller topp: *Høgeryngen*
råk, f – gangstig, trakk, krøterveg: *Buferaåka*
rås, f – gangstig eller krøterstig: *Bukkeråsa*
salså, f – jordmål, eigentleg **såldså**: jordstykke eller åker der ein kan så om lag ei halv tønne korn (**såld**: kornmål som utgjer om lag ei halv tønne); i delar av Sogn brukt om åker der ein kan så 6 mælar korn (seksmæling), halvdelen av ein slik åker vert kalla tremæling, sjå **mæle**: *Salsåi*
same(i)gn(e), f – jord-, skogstykke eller liknande som fleire eig saman: *Same(i)gna*
seld (**sæld**), f – lita setning eller fordjuping i terrenget: *Selda*
sete, m – lita flate på ei høgding, ein åstopp eller liknande: *Dalsete*

skar, n – kløft i fjell: *Breiskaret*

skjenstø, n – plass der kyrne søker livd i sommarvarmen, eller der dei finn vern mot insekt, til dømes ein skuggefull plass eller ein grunne i vatnet (**skjena**: renna omkring for å finna livd eller avkjøling): *Skjenstø(et)*

skor, f – trong kløft i bergside, helst på langs (stigande oppover), gjerne med parti av gras til å slå: *Slætteskorane*

skorfeste, n – farleg stad for dyr; skor eller liknande som dyr lett kan koma inn i, men ikkje ut av: *Skorfestet*

sloke, f – lang fordjuping, langt søkk i lendet: *Slokedalen*

slætte, f og n – slåtestykke, særleg i utmark, som ofte kan slåast på ei viss tid: *Slættene*

spel, n – vinsj, innretning til å heisa eller trekkja noko med; feste for løypestreng: *Gamlespelet*

stakkstø, f og n – stad til å setja opp lauvsåter til turking, **rauurstø** *Stakkstø(et)*

stig, m – smal gangveg, **råk**, **rås**: *Bukkastigen*

sto (stø), f – stad i fjøra eller ved stranda der ein kan leggja til med eller dra opp båt: *Annastoi*

strind, f – lang strimmel av til dømes eit jordstykke: *Langestrinda*

stu(v), m – stamme på eit tre: *Almestuven*

stø(de), n – stad, plass: *Skjenstø*

stø, f – sjå **sto**

sve(de), n – sva(berg): *Småsvedene*

sæd, n – frø som ein sår eller skal så; avling av korn: *Skjeppesædet*

sæld, f – lita fordjuping i lendet, søkk: *Sælde*

teig, m – mindre jordstykke på innmark eller i utmark: *Andersteigen*

træ(de), n – inngjerda jordstykke, inngjerding for fe, **kve**, **trå**: *Kalvatrædet*

trå, f – opptrakka plass, oftast av dyr: *Vetletråna*

ufs/ups, f – bratt bergvegg, berghammar:

Upsaflaten

vad, n – grunnare parti i grov eller elv der folk og/eller dyr kan gå over (**vada**: vassa): *Kyravadet*

varde, m – oppreist stein eller opplagde steinar på toppen av høgding, langs ein stig eller liknande:

Vardebotnen

vete, m – opplagde steinar på toppen av ei høgding: *Vetaleinene*

vør, m – (opplagd) stein på ei eller begge sidene av ei båtstø; steinbryggje: *Vorren*

å, f – mindre elv eller **grov**: *Geitåna*



Bilete av eit styvingstre med ein stor lauvkjerv til turk. Lauving har ein lang tradisjon på Vestlandet. Turka lauv vart nytta som tilleggsfôr til husdyra om vinteren. Biletet er teke i Årdal i Sogn.
(Fotograf: ukjend.) SFFF-1997069.0021.

Litteraturliste

Lista inneheld oversikt over litteratur om stadnamn og om lokale talemål i Sogn og Fjordane, dessutan aktuell litteratur med praktiske tips for den som har interesse av å samla inn lokale stadnamn.

- Bjørkum, Andreas: *Årdalsmål hjå eldre og yngre*. Oslo 1968
- Bjørkum, Andreas: *Generasjonsskilnad i indresognsmål*. Oslo – Bergen – Tromsø 1974
- Bondevik, Jarle: *Stadnamn frå Sogndal*. Uprenta hovudoppgåve. Bergen 1961
- Breisnes, Rolf: *Aurlandsmålet*. Uprenta hovudoppgåve. Oslo 1975
- Buanes, Eivind: Hva heter det her? Om arkivering og innsamling av stedsnavn. Botolv Helleland (red.): *Norske stedsnavn/stadnamn*. Oslo 1975:132–144
- Bødal, Anne Marit: *Bymål i Sunnfjord: ei sosiolingvistisk undersøking av språk og identitet i Florø og Førde*. Uprenta hovudoppgåve. Bergen 2003
- Dvergsdal, Daniel: *Stadnamn frå Jølster*. Uprenta hovudoppgåve. Oslo 1949
- Dvergsdal, Daniel: *Gamle ord i Jølstramålet*. Skei 1991
- Dvergsdal, Daniel: *Jølstramålet*. Skei 1996
- Flokenes, Kåre: *Stadnamn frå sørvestre delen av Vevring*. Uprenta hovudoppgåve. Bergen 1961
- Flokenes, Kåre: *Stadnamn i Askvoll*. Hafrsfjord 1999
- Foggum, Klara Høyseth: *Generasjonsskilnad i lydverk og substantivbøying i jølstramålet*. Uprenta hovudoppgåve. Oslo 1982
- Forskrift om skrivemåten av stadnamn av 5. juli 1991, og Forskrift om skrivemåten av stadnamn av 1. juni 2007*. Kulturdepartementet
- Frøysadal, Øystein: Fjellnamn i Hordaland og Sogn og Fjordane. Jørn Sandnes og Per Tylden (red.): *Namn i fjellet*. Oslo 1968:70–89
- Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane:
- Askvoll kommune: 12 000 stadnamn. Hermansverk 2000
 - Balestrand kommune: 8 000 stadnamn. Hermansverk 1995
 - Bremanger kommune: 14 200 stadnamn. Hermansverk 1989
 - Fjaler kommune: 13 000 stadnamn. Hermansverk 1993
 - Hornindal kommune: stadnamnkatalog (prøve-). Hermansverk 1987
 - Høyanger kommune: 13 000 stadnamn. Hermansverk 1991
 - Lærdal kommune: 8 600 stadnamn. Hermansverk 1988
 - Naustdal kommune: 9 000 stadnamn. Hermansverk 1994
 - Sogndal kommune: 11 000 stadnamn. Hermansverk 1992
 - Vik kommune: 12 000 stadnamn. Hermansverk 2003
 - Årdal kommune: 2 800 stadnamn. Hermansverk 1996
- Føresegner om skrivemåten av stadnamn*. Kronprinsregentens resolusjon 31. mai 1957
- Glimt frå Aurlandssoga: samling av artiklar frå Aurland*. Aurland 1991
- Hallaråker, Peter: *Namn og stad*. Handbok i kommunal innsamling og arkivering av stadnamn. Møreforsking og MRDH Volda 1987
- Hallaråker, Peter: Metodiske problem i samband med innsamling av stadnamn i Møre og Romsdal. *Stadnamn i kystkulturen. NORNA-rapporter* 41:47–62
- Hallaråker, Peter: Stadnamnprosjektet i Møre og Romsdal: Nytt program for dataføring. *Nytt om namn*, nr. 12, 1990:10–14
- Hallaråker, Peter: *Stadnamn i Møre og Romsdal*. Innsamling, teori, metode og formidling. Høgskulen i Volda og Møreforsking Volda [Volda 1995]
- Hallaråker, Peter: *Innføring i stadnamn: innsamling og gransking*. Oslo 1997
- Haslum, Vidar: Stadnamn i Os samla av Asbjørn Øye. LIO. I samarbeid med Ole-Jørgen Johannessen og Magne Lien. Nordisk institutt, Universitetet i Bergen 2006

- Haslum, Vidar: *Artikkelløse stedsnavn i norsk talespråk: en studie i onomastikk og dialektologi*. Doktoravhandling. Bergen 2003
- Haugen, Ragnhild: *Variasjon og endring i Sogndalsdialekten: ei sosiolingvistisk undersøkning av talemålet i Sogndal*. Hovudoppgåve. Bergen 1998. Prenta i Målbryting: skrifter frå prosjektet Talemålsendring i Noreg; 1, 1998
- Haugen, Ragnhild: *Språk og språkhaldningar hjå ungdomar i Sogndal*. Nordisk institutt, Universitetet i Bergen. Doktoravhandling. Bergen 2004
- Helleland, Botolv: *Innsamling av stadnamn*. Rettleiing. Institutt for namnegransking. Universitetet i Oslo 1984
- Helleland, Botolv: *Stadnamn i ubunden form. Festskrift till Thorsten Andersson den 23 Februari 1989*: 143–152. *Studia Onomastica*. Oslo 1989
- Hellevik, Alf: *Lydlæra i Fjalerområdet*. Uprenta hovudoppgåve. Oslo 1938
- Hjellbrekke, Dagfinn: *Jølstra-målet. Lydlære*. Uprenta hovudoppgåve. Bergen 1967
- Hjetland, Ingvald: *Stadnamn frå Høyanger og Berge*. Uprenta hovudoppgåve. Bergen 1979
- Hoddevik, Magnhild: *Stadnamn frå Fure og Hoddevik på Stad*. Uprenta hovudoppgåve. Bergen 2007
- Holter, Jofrid Åsnes: *Stadnamn frå Fjaler: ei gransking av namnetilfanget på gardsnumra 25 til 39: Sogn og Fjordane*. Uprenta hovudoppgåve. Oslo 1983
- Hoff, Ingeborg: Om innsamling, gransking og normering av stadnamn. *Heimen XV*, 1971: 287–298
- Indrebø, Gustav: *Um innsamling av stadnamn*. Kristiania 1921
- Jordanger, Nils: *Gamle ord og uttrykk frå Breim*. 1998
- Kjelda*, nr. 2, 1997. Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane
- Korsedal, Jan Petter: *På hogg å' belegg!: ord og uttrykk frå Sunnfjord*. Haugesund 1997
- Kunnskapsløftet*. Læreplan for grunnskolen og vidaregåande opplæring. Utdannings- og forskningsdepartementet [Oslo 2006]
- Larsen, Amund B.: *Sognemålene*. Oslo 1926
- Losnegaard, Henrik Arne: *Stadnamn frå Eivindvik*. Bergen 1981
1. Bind Stadnamn i Brekke.
 2. Grunnord – med noko attåt.
 3. Namnelaging, eller korleis namna har vorte til.
- Lov av 18. mai 1990 nr. 11 om stadnamn*, endra med *Lov av 10. juni 2005 nr. 53*. Kulturdepartementet
- Midttun, Sigurd Dahl: *Stadnamn i Årdal i Sogn*. [Oslo] 1958
- Nes, Oddvar: *Storms norske lydskriftsystem (med tillegg) definert ved hjelp av IPAs lydskriftsystem*. Universitetet i Bergen. Fonetisk institutt. 1982 (4. utg.)
- Norsk stadnamnleksikon*. Red. av Jørn Sandnes og Ola Stemshaug. Oslo 1997 (4. utg.)
- Nynorskordboka*. Definisjons- og rettskrivingsordbok. Institutt for lingvistiske og nordiske studium, Universitetet i Oslo i samarbeid med Språkrådet. Oslo 2006 (4. utg.)
- Olsen, Magnus: *Ættegård og helligdom*. Oslo 1926
- Omdal, Helge: Høyangerområdet – en ny dialekt. I *Språklig Samling* 18:1. 7–9
- Rettleiing til forskrift om skrivemåten av stadnamn*. Kulturdepartementet
- Ross, Hans: *Norsk Ordbog*. Christiania 1895, med tillegg 1902–1913
- Rygh, Oluf (red.): *Norske Gaardnavne* 1–19, med Forord og Innledning. Kristiania/Oslo 1897, 1936
- Rygg, Arvid: *Målet i Gloppen*. Uprenta hovudoppgåve. Bergen 1969
- Sandal, Ingebrigt: *Brøijmsmålet*. Bergen 1955
- Sandnes, Jørn: Navn på kart, særlig det økonomiske kartverket, og litt om innsamling av stadnamn. *Heimen XV* (1970–72): 161–169
- Sandøy, Helge: *Transkripsjonssystem til Norsk stadnamnbase*. Innføring i transkripsjonsstandard og katalog over dei fonologiske systema i stadnamnbasen. Nordisk institutt, Universitetet i Bergen 1989

- Schmidt, Tom: *Fagordliste for norsk namnegransking*. Institutt for namnegransking. Universitetet i Oslo 1981
- Schmidt, Tom: *Skjema for edb-registrering av stedsnavn*. Institutt for namnegransking. Universitetet i Oslo 1989 [Vedlegg til *Nytt om namn* 9]
- Solheim, Randi: *Språket i smeltegryta: sociolingvistiske utviklingslinjer i industrisamfunnet i Høyanger*. Doktoravhandling. Trondheim 2006
- Solvang, Kristian: *Stadnamna på Blakset og på Fjella*. Uprenta hovudoppgåve. Trondheim 1986
- Språknytt: Ta vare på stadnamna. *Språknytt* 1/1974: 11–12
- Stadnamn i Mardal krins*. Sandane 2002
- Stadnamna vart redda: rapport om stadnamnprosjektet i Sogn og Fjordane 01.08.85–31.12.86*. Sogndal 1987
- Stemshaug, Ola: *Språkleg tradisjon*. Ei handbok for innsamling av språkleg tradisjonsstoff. Oslo 1978
- Stemshaug, Ola: *Namn i Noreg*. Ei innføring i norsk namnegransking. Oslo, 3. utg. 1985
- Sæbø, Arne Inge: *Vikamålet*. Uprenta hovudoppgåve. Bergen 1977
- Særheim, Inge: *Namn som fortel om oss*. Handbok i innsamling av stadnamn. Stavanger – Oslo – Bergen – Tromsø 1984
- Særheim, Inge: *Stadnamn fortel historie*. Om namngjeving, namnebruk og opplysningar i stadnamn. Stavanger – Oslo – Bergen – Tromsø 1985
- Særheim, Inge: *Namn og gard: studium av busetnadsnamn på -land*. Stavanger 2001
- Sølvberg, Ola: *Endringar i Førdedialekten: ei kartlegging av talemålet til vaksne og unge i Førde*. Uprenta hovudoppgåve. Kristiansand 1998
- Søreide, Lars: *Nordfjordmålet*. Oslo 1930
- Takle, Ivar Olav: *Stadnamn i Brekke*. 3 band, Levanger 1977–1987
- Takle, Ivar Olav: *En liten grammatikk over målføret i Brekke, ytre Sogn*. Levanger 1992
- Urtegaard, Gunnar og Fretland, Jan Olav: *Klassifikasjonssystem for stadnamn*. Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane 1985
- Vinjum, Erlend: *Aurland: stadnamn og kulturhistorie*. Aurland 2004
- Ølmheim, Per Arvid: *Sogndalsmålet. Ein fonemanalyse med vedlagt materiale*. Uprenta hovudoppgåve. Bergen 1971
- Ølmheim, Per Arvid: *”...sa sogningen til fjordingen”*. Målføre i Sogn og Fjordane. Sogn Mållag/Firda Mållag. Bergen 1983
- Ølmheim, Per Arvid: Gardsnamn i Sogndal. *Sogndal Kyrkjelydsblad* nr. 7, 1999, nr. 1 og nr. 2, 2000
- Åmot, Mathilde Lovise: *Nokre naturnamn frå Bygstad i Sunnfjord*. Uprenta hovudoppgåve. Oslo 1925
- Aasen, Ivar: *Målsamlingar frå Bergen Stift*. Bergen 1995
- Aasen, Ivar: *Norsk Ordbog*. Christiania 1873. 2. Udg.